



Masteroppgåve i Kulturmøte

Integrering av ikkje-vestelege flyktningar

Ei kvalitativ undersøking om korleis unge, mannlege, ikkje-vestlege flyktningar opplever å tilpasse seg eit norsk lokalsamfunn

Studiepoeng: 60

Stine Kiperberg

Mai 2017

Samandrag

Denne oppgåva handlar om integreringsprosessen til unge, mannlege, ikkje-vestlege flyktningar i eit norsk lokalsamfunn. Den har teke utgangspunkt i erfaringane og meiningane til fire unge menn som har flykta til Noreg aleine, og som i dag er buset i eit mindre lokalsamfunn. Informasjonen som oppgåva er basert på har blitt funne ved hjelp av semistrukturerte intervju, der empirien seinare har blitt sett opp mot teori om integrering, språkopplæring, kultur og sosial kapital. Eg ville intervjuer flyktningar som har budd i Noreg ei stund slik at dei har erfart korleis det er å tilpasse seg eit nytt samfunn, og for at språket ikkje skulle vere ei hindring for kommunikasjon. Studien er basert på kvalitativ metode og tek ikkje sikte på å generalisere resultatet, men vere ei kartleggingsstudie av korleis nokre tilfeldig utplukka flyktningar har erfart det.

Gjennom intervjuer kom det fram at spesielt språkopplæring er ein avgjerande faktor når ein skal bli integrert i eit samfunn. Det kom tydeleg fram frå alle informantane at det er språket som ligg til grunn for vidare utvikling, det er noko dei jobba hardt med å lære seg heilt frå dei kom til Noreg. Dei meinte alle at dei er integrert i samfunnet i dag. Mykje av grunnen til det er at dei har lært seg språket, tatt utdanning og funne seg ein jobb.

Når det kjem til bygging av sosiale nettverk og sosial kapital synest dei at det er viktig, men ikkje avgjerande for å seie at dei er integrert. Det sosiale aspektet er meir ein bonus, og noko som kjem av seg sjølv når ein har blitt meir trygg og komfortabel i samfunnet. Dei vil samstundes ikkje ta vekk viktigheita av å ha eit sosialt nettverk, det sosiale kan vere til hjelp for andre faktor som dei meiner er avgjerande for å nå målet integrasjon.

Eit funn i undersøkinga er at informantane meiner at dei har gjort det som dei føler er naudsynt for å få ein vellukka integreringsprosess, men noko som hadde gjort denne prosessen endå betre er om nordmenn hadde vore flinkare til å inkludere flyktningar i samfunnet. Dette kan vere noko så enkelt som kommunikasjon. Dette heng saman med språkopplæring, der dei meiner at det mest grunnleggande er å bruke språket aktivt. Dette hadde vore lettare å få til dersom nordmenn hadde vore meir sosiale og lettare å kome i kontakt med meiner informantane. Det hjelper ikkje at flykningar vil bli integrert, dersom samfunnet ikkje vil ta dei i mot. Dette er med på å avgjere kor integrert dei føler seg i det norske samfunnet. Integrasjon blir ein tovegs-prosess.

Abstract

This is an exploratory study of the integration process of young, male, non-western refugees in a Norwegian local society. The study is based on the experiences and opinions of four young men who have fled to Norway with no family, and who are living in a smaller local community. The information have been collected through four semi-structured interviews, and later seen in light of relevant literature about integration, language, culture and social capital. I wanted to interview refugees who have lived in Norway a couple of years to research what they have experienced and what they feel it is like to adapt to a new and unfamiliar society. This way the language barrier would be smaller or non-existent. Since this is a qualitative study, it does not aim to generalize the outcome for all young male refugees in the same local society. Experiences, thoughts and opinions about integration is a subjective matter, so different informants might have given a different result.

One of the findings of the interviews is that learning the language is a key factor when it comes to integration. It was clear from all the informants that language is the root for further development, so this is something they all have worked at ever since arriving in Norway. They would all say that they are integrated in the Norwegian society today. The main reason for that is that they have learned the Norwegian language, gotten an education and a job.

They all saw the importance of building social networks but not decisive to become integrated. The social aspect is more of a bonus, and something that will appear when one becomes safer and more comfortable in the society. At the same time, they want to address the importance of having a social network, because this means having people who you know and who can be of help, or just show some support of comfort throughout the everyday life. This network can consist of both other immigrants and Norwegians. Even though they do not believe that you must have a large social network to become integrated, they do believe it is important to have, if only as a helping hand to develop language, learn about the culture, find a job etc.

Another important result of the survey is that the informants believe they have done what is necessary to achieve a successful integration process. However, if Norwegians would have been better at including the refugees, it would have been even better. This could be something as basic as communicating with them. This can be seen in correlation to language training,

and the thought about use the language instead of just cramming in a classroom. This would have been a lot easier if the Norwegian people had been more social and easier to come into contact with. It is a common perception among the informants that Norwegians is too anti-social. It is not enough that the refugees work hard to become integrated, if the society does not welcome and include them. This is also a factor, which decides in what degree the immigrant population feel integrated and that the whole process will be seen as successful. Integration thus becomes a two way street.

Forord

Å skrive denne masteroppgåva har vore både ein spanande og lærerik prosess samstundes som den har vore tung, og krevjande. Og ein ting er sikkert, det er mange som må takkast for at denne oppgåva til slutt vart ferdig. Først og fremt må eg takke informantane som stilte til intervju og var villige til å dele sine erfaringar med meg. Deira hjelp er uunnverleg, og la grunnlaget for forskinga i denne masteroppgåva.

Eg må samstundes takke for hjelp til å rekruttere informantane.

Takk til min rettleiar Anders Aschim for gode råd og engasjement i denne lange prosessen. Hans konstruktive og nyttige innspel har hatt stor tyding for det ferdige arbeidet.

Takk til Maia Lisa for godt selskap på lesesalen og for viktige lunsjpausar med vettige diskusjonar og motiverande ord.

Takk til familien for tolmod og støtte og for å ha haldt ut med meg i dette året, både med oppturar og nedturar. Ei spesiell takk til mi kjære søster som har høyrte på meg snakke om integrering og sosial kapital i eit år, samt gjort sitt beste for å kome med konstruktiv og nyttig kritikk uansett kor lei ho er av å høyre om tema.

Innholdsliste

Samandrag	2
Abstract	3
Forord	5
Innholdsliste	6
1. Innleiing	10
1.2. Tema for oppgåva	11
1.2.1. Problemstilling	12
1.3. Tidlegare forskning.....	12
1.4. Oppbygging av oppgåva	15
1.5. Avgrensingar	15
2. Teori.....	17
2.1. Språkutvikling	17
2.1.1. Viktigheita med språkferdigheiter.....	17
2.1.2. Motivasjon og læring	18
2.2. Sosial kapital.....	20
2.2.1. Overbyggande og samanbindande sosial kapital	20
2.2.2. Sosial kapital på individnivå og samfunnsnivå	22
2.2.3. Nettverk.....	23
2.2.4. Tillit som sosial kapital	24
2.2.5. Sosial kapital og tillit i Noreg	24
2.2.6. Kvifor er det viktig med sosial kapital	26
2.2.7. Sosial kapital som hjelpemiddel i integrasjon.....	27
2.3. Tilpassingsformer i det norske samfunnet.....	28
2.3.1. Assimilering	29
2.3.2. Segregering.....	29
2.4. Integrering	30
2.4.1. Variasjonar i omgrepet integrering	31

2.4.2.	Integrering som inkludering	32
2.4.3.	Kva skal dei integrerast til og korleis skal ein måle det?	33
2.4.4.	Sosial integrering og kulturell integrering	35
2.4.5.	Integrasjonsskilnader på bygda og i byen	35
2.5.	Kultur.....	36
2.5.1.	Tolkingar av kultur.....	36
2.5.2.	Multikulturelle samfunn og dobbel tilhøyrse.....	38
3.	Metode	40
3.1.	Kvalitativ metode	40
3.1.1.	Fordelar og ulemper med kvalitativ metode	41
3.1.2.	Det semistrukturerte intervjuet.....	42
3.1.3.	Intervjuguide	42
3.2.	Utvalsstrategiar.....	43
3.2.1.	Val av informantar	43
3.2.2.	Generalisering	45
3.3.	Gjennomføring av intervju	45
3.4.	Tolking og analyse.....	46
3.4.1.	Koding.....	46
3.5.	Er datamaterialet pålitelig?.....	47
3.5.1.	Reliabilitet	47
3.5.2.	Validitet.....	48
3.5.3.	Feilkjelder.....	48
3.6.	Etiske dilemma i intervjuprosessen	49
3.7.	Presentasjon av inforantane	50
4.	Empiri og analyse	52
4.1.	Det første inntrykket av Noreg	52
4.1.1.	Afrikanar 1 (B1).....	52
4.1.2.	Afrikanar 2 (B2).....	53

4.1.3.	Afghanar 1 (A1)	53
4.1.4.	Afghanar 2 (A2)	54
4.1.5.	Likskapar og ulikskapar i fyrsteintrykka.....	55
4.2.	Det norske språket	55
4.2.1.	Motivasjon.....	56
4.2.2.	Dei norske vokalane	58
4.2.3.	Kommunikasjon	59
4.2.4.	Språk som grunnlag i utdanning og arbeid.....	61
4.3.	Sosial kapital og sosiale nettverk.....	63
4.3.1.	Bygging av sosiale nettverk og sosial kapital i det norske samfunnet	63
4.3.2.	Uformelle og formelle nettverk	66
4.3.3.	Venskap blant innvandrar og nordmenn	67
4.3.4.	Nettverksbygging i bygd og by	70
4.3.5.	Overbyggande og samanbindande sosial kapital	72
4.4.	Integrering	74
4.4.1.	Informantane si tolking av integrering	75
4.4.2.	positive og negative eigenskapar ved å bu i bufellesskap	76
4.4.3.	Sosial og kulturell integrering	79
4.4.4.	Eigen innsats for integrasjon	81
4.4.5.	Moglegheiter og inkludering	85
4.5.	Kultur.....	87
4.5.1.	Informantane sine definisjonar av kultur	88
4.5.2.	Er det viktig med kultur?.....	89
4.5.3.	Kulturblanding	91
4.5.4.	Kulturskilnader	93
4.5.5.	Tillit.....	96
5.	Avslutning.....	99

5.1. Oppsummering og konklusjonar.	100
5.2. Vidare forskning	102
6. Litteraturliste.....	103
Vedlegg 1: intervjuguide	108
Vedlegg 2: informasjonsskriv	110
Vedlegg 3: Godkjenning frå NSD	111

1. Innleiing.

Det blir mykje diskutert kva det norske samfunnet gjer, og kan gjere, for å ta imot flyktningar på best mogleg måte¹. Innvandrings- og integreringspolitikken i Noreg arbeidar for å gjere det beste av situasjonen til dei som kjem hit som flyktningar, både nasjonalt og lokalt. Nasjonalt blir det oppretta mottak, det blir helde kurs i norskopplæring og dei får økonomisk støtte. På det lokale nivået finner ein frivillige organisasjonar som hjelper flyktningar med å bli betre integrert i lokalmiljøet og lokalbefolkninga prøver å vere til hjelp slik at dei føler seg velkomne. Men korleis er det å kome til Noreg som flyktning og bli integrert i det norske samfunnet? Kva er det viktigaste for å få ein vellukka integrasjon og kva er det samfunnet, og flyktningane sjølv, kan gjere for å betre situasjonen endå meir?

I byrjinga av 2017 var det i følgje Statistisk sentralbyrå 725 000 innvandrarakar i Noreg, og 159 000 som var født i Noreg med innvandrarakforeldre busett i Noreg. Dette er ikkje medrekna flyktningar som ikkje har fått opphaldsløyve eller som ventar på å få det. Det vil seie at innvandrarakane utgjorde 13,8 % av befolkninga i Noreg i starten av 2017 (Statistisk sentralbyrå, 2017). Den største gruppa av desse er arbeidsinnvandrarakar som har kome til Noreg av den eine grunnen å arbeide, og mange av dei har ingen planar om å busette seg i Noreg for godt. Ein kan seie at gruppa som får mest merksemd og som skil seg mest ut i samfunnet er flyktningane. Det har vore ei auke i talet flyktningar som har kome til Noreg, mykje på grunn av krigen i Syria og vanskelege situasjonar i land som Eritrea, Afghanistan, Somalia og Irak (Jumbert, 2015). Denne auka har ikkje berre vorte positivt motteke av majoritetssamfunnet, noko som kjem fram gjennom fordommar og andre negative utspel, blant anna i media. Ein kan nemne *Odins Soldater* som er ein innvandrarakkritisk gruppe som patruljerte gatene for å halde dei trygge frå dei som *Odins Soldater* såg på som fienden; innvandrarakane (Mogen, 2016).

Det viktigaste med dagens norske integrerings- og inkluderingspolitikk er at alle som bur i Noreg skal ha dei same rettane og pliktane og alle har ein rett til å delta i samfunnet. Målet er å hindre ei utvikling av samfunn der personar med innvandrarakbakgrunn blir ei klasse for seg

¹ “En flyktning er en person som fyller kravene til å få besyttelse (asyl) i Norge”. Dette kan ha grunn i frykt for forfølgning på grunn av etnisitet, avstamning, hudfarge, religion, nasjonalitet eller politisk oppfatning, eller fordi ein står i fare for umenneskeleg eller nedverdiggande behandling eller straff dersom ein må reise tilbake til heimlandet (Utlendingsdirektoratet).

sjølv med dårlegare levekår enn resten av befolkninga (Stortinget, 2010). Dagens innvandrings- og integreringsminister, Sylvi Listhaug, har fått mykje refs i media det siste året for å ikkje fremme integrering, menneskerettar og inkludering, men heller sjå på innvandring som ei byrde i det norske samfunnet (Melgård, 2016; Mikkelsen, 2016). På grunn av ulike meiningar skal det mykje til for å gjere alle til lags. Nokon ser på innvandring som eit samfunnsproblem som må løysast, andre ser på det som ein ressurs som er med på å gjere den norske kulturen rikare. Uansett er integrering ein prosess som har konsekvensar både for enkeltindividua som kjem hit som innvandrar og for mottakarsamfunnet. For at flyktingar skal gå frå å vere ei byrde til ein ressurs tek det både tid og arbeid frå begge partar. Det som blir ønska frå regjeringa er eit samfunn som tek til seg mangfaldet i befolkninga, noko som skjer best ved at alle grupper i befolkninga er representert og inkludert i samfunnet. “Regjeringen mener at det i fremtidens Norge vil bli mindre meningsfylt å trekke strenge skillelinjer mellom innvandrere og nordmenn, mellom *oss* og *dem*” (Stortingsmelding 49, 2003-2004, s. 10). Integrasjon skal vere eit hjelpemiddel for å få vekk dette skilje mellom *oss nordmenn* og *dei andre*, og sikre at alle er likeverdige i samfunnet, uansett bakgrunn. Men korleis ein opplever denne prosessen kan variere frå person til person, og det som fungerer og er viktig for ein flyktning treng ikkje å vere fasiten for korleis det er for alle.

1.2. Tema for oppgåva

I denne oppgåva vil eg undersøke korleis det er å kome som flyktning aleine til eit framandt land og skulle tilpasse seg det norske samfunnet. Eg har lagt fokuset på ikkje-vestlege flyktingar fordi då er det ein større kulturskilnad som kan gjere det meir problematisk å finne sin plass i lokalsamfunnet, og dei som kjem hit aleine kan ha ei større utfordring sidan dei ikkje har eit nettverk å støtte seg på i byrjinga.

Integrering er eit dagsaktuelt tema som får mykje merksemd, blant anna i media, og det blir stadig drøfta korleis Noreg på best mogleg vis skal ta imot flyktingar og tilpasse dei det norske samfunnet. Men erfaringa kan vere annleis for dei som faktisk skal gå gjennom prosessen og integrere seg i eit samfunn. Integrering er ein tovegsprosess så det er ei rekke faktorar som kan vere med på å påverke om ein flyktning føler seg integrert eller ei.

I ei slik undersøking er det mange kategoriar som kan takast med og vere avgjerande, som til dømes språk, sosiale nettverk, ulike organisasjonar, religiøsitet, kultur, politikk osv. Denne oppgåva kan ikkje dekke alle, men har velt ut nokre kategoriar å legge fokus på som både har

blitt nemnt i tidlegare forskning og som informantane snakka mykje om under intervju. Faktorane som blir undersøkt er språkutvikling, nettverksbygging og sosial kapital, kulturskilnader og korleis ein kan tolke integrasjon. Dette er aspektar ved integreringa som overlappar kvarande på visse områder, men som det kan vere interessant å sjå samanhengen mellom og korleis det påverkar integreringsprosessen til flyktningar.

Med oppgåva ønskjer eg dermed å kartlegge nokre ikkje-vestlege flyktningar sitt syn på integreringsprosessen og kva dei meiner har vore avgjerande faktorar for å bli integrert. Med dette ønskjer eg å finne ut kva tiltak som samfunnet bidrar med som flyktningar synest er grunnleggande for ein vellukka integrasjonsprosess, samt kva kan dei sjølve bidra med og kva kan lokalsamfunnet gjere betre. Dette vil eg gjere fordi det er ikkje alltid like lett å sjå ting frå eit anna perspektiv og faktorar som samfunnet legger vekt på treng ikkje alltid å vere det som flyktningane meiner er avgjerande for å bli godt motteke i samfunnet.

1.2.1. Problemstilling

Problemstillinga i denne oppgåva er korleis unge, mannlige, ikkje-vestlege flyktningar opplever å bli integrert i eit norsk lokalsamfunn.

1.3. Tidlegare forskning

Det er mange som har utforska tema integrasjon og undersøkt korleis ulike aspekt ved samfunnet kan vere med på å påverke denne prosessen. Diverse rapportar har tatt føre seg ulike aspekt ved integreringsprosessen, alt frå språkopplæring og organisasjonar til det sosiale og det politiske.

Ein kjem ikkje så langt i samfunnet utan å kunne kommunisere med andre, introduksjonsprogrammet er difor et utforska felt. Dette er noko som ligg til grunn for utdanning og arbeid og blir difor ein positiv ressurs for innvandarane. Ein finn både publiserte rapportar og masteroppgåver som er skrive rundt tema introduksjonsprogram, spesielt der det har vore brukt kvantitativ metode. Til dømes rapporten frå NIBR (Norsk, institutt for by- og regionsforskning) *Introduksjonsprogram for flyktningar i norske kommuner* (Tronstad, 2015b) som tek for seg korleis dette introduksjonsprogrammet er organisert i ulike kommuner og kva det tyder for å best bli integrert i arbeidslivet. Funna i denne rapporten er basert på kven som organiserer programmet, NAV eller andre institusjonar

i kommunen, og har kome til den konklusjonen at kven som organiserer programmet har ikkje nokon tyding for utfallet. Regine Strand har skrive si masteroppgåve om korleis fire ulike innvandrarar opplever at norskopplæringa har vore med på å påverke deira integrering i det norske samfunnet (Strand, 2014). Strand har teke utgangspunkt i fire veldig ulike kvinner, både når det kjem til alder og heimland, og spesifiserer ikkje kva lokalsamfunn dei er busett i. Hennes undersøking viser at norsk- og samfunnskunnskapsopplæringa som desse kvinnene har motteke har vore med på å integrere dei i det norske samfunnet på ulike måtar. Hennes informantar er einige i påstanden om at gode språkkunnskapar er avgjerande for vellukka integrering, og at det er fullt mogleg å bli integrert i det norske samfunnet samstundes som ein held fast ved delar av sin etniske og kulturelle identitet. Norskopplæring er noko som informantane mine også kjem inn på, men for dei er dette berre ei del av det å bli integrert i samfunnet.

Rapportar som drøfter verknaden av introduksjonsprogrammet for nyankomne flyktningar er ikkje så vanskeleg å finne. Det vart lovsett at innvandrarar har rett på norskopplæring gjennom *introduksjonsloven* (Lovdata, 2017), for å styrke deira moglegheiter i arbeids- og samfunnsliv, og for å sikre deira økonomiske sjølvstende. Ein Fafo-rapport har kome til det resultatet at dei lokale tiltaka har mykje å seie når det kjem til integrering, og ei god individuell oppfølging viser til å ha god effekt. Dei kommunane som har eit bra samarbeid med den frivillige sektoren kan også vise til eit betre resultat for deltakarane når det kjem til utvikling av ein sosialt nettverk (Djuve & Kavli, 2015). Denne rapporten har som fokus å finne ut korleis introduksjonsprogram og norskopplæring har påverka integreringsprosessen til innvandrarane. Sidan det er lovfesta at alle flyktningar skal ta del i dette programmet har dei som bidrar i denne oppgåva også fullført dette kurset og kjem inn på kor viktig det var for å lære seg grunnleggande norskkunnskapar.

Som teorien skal vise er sosial kapital viktig for at ein person skal ha det bra i samfunnet, og det er skrive ulike rapportar om kor utfordrande det kan vere for innvandrarar å skaffe seg eit sosialt nettverk, og for nokre kan dette vere ei stor årsak til at dei ikkje føler seg heime i det norske samfunnet. Ei doktoravhandling av Marko Valenta utforskar tydinga av eit sosialt nettverk for flyktningar (Valenta, 2008). Han har kome fram til at det å ha eit nettverk kan gjere at ein føler seg heime i samfunnet, men kan også vere med på å vise majoritetsbefolkninga at ein gjer ein innsats for å passe inn. Dette kan igjen vere eit symbol på at flyktningane er inkludert i samfunnet. Ei anna studie som omhandlar tema sosial kapital og

integrering av innvandrere er Eline Melbø Reinar si masteroppgåve om korleis nokre flyktningar opplever sosial integrering i nærmiljøet (Reinar, 2015). Ho har undersøkt kva fem innvandrere synest om den sosiale integreringa i eit nærmiljø i Noreg. Hennes undersøking tar for seg fem personar, både kvinner og menn, i ulike alderar, men som i motsetnad til informantane i denne oppgåva, har ein eigen familie. Ho grunngrir valet av tema ved at det finst få slike studie på eit lokalt nivå. Det meste av integrasjonsforskninga er på eit kommunalt- eller statleg nivå, og ikkje ved hjelp av kvalitativ metode. Slike studie på lokalt nivå vil uansett bidra med ny informasjon sidan skilnadane frå samfunn til samfunn kan vere store, samstundes som det er variasjonar frå person til person som kjem fram ved når det blir brukt kvalitativ metode.

Når det kjem til forskning på integrering i lokalsamfunn på Sunnmøre har eg funne lite konkret forskning på det spesifikke tema. Kristian Rose Tronstad har publisert ein rapport om innvandring og integrering i Haram (Tronstad, 2015a) der ho tar for seg kvifor innvandrere busett seg i Haram, kvifor dei ønskjer å bu der, og i kva grad dei føler seg integrert. Denne rapporten tar ikkje berre utgangspunkt i flyktningar, men også dei som flyttar dit på grunn av arbeid. Denne rapporten blir difor ikkje så relevant for tema i denne oppgåva som skal handle om dei som kjem til Noreg som flyktningar, men den viser at det har blitt forska på lokalsamfunn på Sunnmøre.

Forskning på integrering har til felles at det er veldig varierende alt ettersom kva vinkling ein tar og problemformulering ein har valt, så der er framleis mange opne spørsmål. Ein tendens ved litteraturen eg har funne er at den i mindre grad legg fokuset ved enkeltindivid sine egne opplevingar og tankar om å kome til Noreg. Felles er at den vil finne den beste måten å integrere innvandrere inn i det norske samfunnet, ein måte som er positiv både for dei og for majoritetsbefolkninga. Sjølv om integrering er eit populært og mykje omdiskutert tema vil ei kvalitativ studie på eit lokalt nivå tilføre ny informasjon. Integrering er ei subjektiv kjensle, og prosessen ein går gjennom varierer frå person til person og stad til stad. Det kan vere stor skilnad i å bu i ein stor by som Oslo og eit mindre lokalsamfunn. I staden for å ha fokus på berre eit aspekt ved integrering, som til dømes språkopplæring og sosiale nettverk, vil eg i denne oppgåva undersøke integreringsprosessen for unge, mannlige, ikkje-vestlege flyktningar som ein heilskap. Desse faktorane er begge viktige og vil difor saman med kultur bli lagt vekt på i denne oppgåva.

1.4. Oppbygging av oppgåva

Oppgåva er delt opp i kapittel for å best representere og drøfte problemstillinga. I dette kapitlet har eg gitt ein kort introduksjon av temaet eg skal skrive om, samt vist kva det er eg vil finne ut av i denne oppgåva. Tilegare forskning rundt tema integrering har blitt presentert samt grunngeving for kvifor ei slik oppgåve vil tilføre ny informasjon rundt feltet innvandring og integrasjon.

Det komande kapitlet gir den teoretiske ramma som ligg til grunn for presentasjonen og analysen som kjem seinare. Teorien vil handle om integrasjon og korleis ein kan tolke og måle omgrepet integrasjon, samt andre teoriar som er relevante for å drøfte dette tema; som språkopplæring, sosial kapital og nettverksbygging og kultur. Desse blir greia ut om sidan det er viktige faktorar ved integreringsprosessen, og faktorarar som informantane snakka mykje om under intervju.

Det neste kapitlet diskuterer metoden som er brukt i oppgåva og korleis eg har gått fram for å finne empirien som oppgåva er bygd på. Her blir val av metode grunngiven og det blir gitt ei forklaring på korleis informantane vart plukka ut for å delta i undersøkinga. Saman med dette kjem ei drøfting av kva problem som kan dukke opp gjennom intervjuprosessen og tolkinga av intervju og korleis intervju var gjennomført.

Dei neste kapitla skal formidle datamaterialet som har kome til overflata gjennom intervju samt analyse opp mot teoriar og tidlegare forskning. Desse kapitla er basert på ulike teoriar om kva som påverkar grada av integrering i samfunnet og kva informantane la vekt på under intervju. Desse avsnitta er delt opp i deira første inntrykk av Noreg, språkopplæring, bygging av sosiale nettverk og sosial kapital, integrasjon og kultur.

I det siste kapitlet kjem ei oppsummering av funna i datamaterialet, samt eit forslag på eit svar på problemstillinga og døme på kva som kunne ha vore interessant å forska vidare på innan tema integrasjon i lokalsamfunnet.

1.5. Avgrensingar

Det er mange faktorar som ligg til grunn for integrasjon i samfunnet, men alle kan ikkje nemnast i denne oppgåva. Eg har plukka ut nokre som eg tenkte var avgjerande for å tilpasse seg eit nytt og framand samfunn, av desse er det fire som har blitt vektlagt. Desse er språkutvikling, det sosiale aspektet, kulturskilnadar og ulikskapar innan omgrepet integrasjon.

Ein faktor som eg trudde skulle få ein større del i oppgåva var religion, men det viste seg etter intervjuet at dette var ikkje noko som dei utvalte informantane hadde så mykje å seie om sidan religion ikkje var så viktig i deira kvardag som venta.

2. Teori

Denne oppgåva skal undersøke integreringsprosessen til unge, mannlege, ikkje-vestlege flyktingar i det norske lokalsamfunnet. For å gjere dette må ein først diskutere kva teorien viser når det kjem til utviklinga av språkkunnskapar, nettverksbygging og danning av sosial kapital, samt drøfte kva som ligg i omgrepa integrering og kultur.

2.1. Språkutvikling

“Språk kan defineres som et system av muntlige tegn, og dette er det viktigste tegnsystemet for mennesker” (Jakobsen, 2007, s. 88). Vidare kan ein seie et språk er det som gjer det mogleg for menneske å kommunisere med kvarandre, og det utgjer ein stor del av kulturen (Jakobsen, 2007, s. 148). Språk er difor ein viktig byggjestein i integreringsprosessen sidan kommunikasjon og gode språkkunnskapar er viktig for å få utdanning og tilgang til arbeidslivet som er ein av dei viktigaste integreringsarenaane i det norske samfunnet (Einarsen, 2013). Språk er viktig for å kunne delta i samfunnet, men der også fleire og fleire arbeidsgivarar krev at innvandrarakar må dokumentere norskkunnskapane sine før dei får jobb. Det er difor lovsett at alle kommuner er plikta til å tilby norskopplæring til alle flyktingar som har fått opphaldsløyve for å styrke moglegheita deira for å delta i yrkes- og samfunnslivet, samt for å sikre at dei skal kunne bli økonomisk sjølvstendige. Introduksjonsloven var difor iverksatt i 2004 (Lovdata, 2017). Innvandrarakar har både rett og plikt til å gå dette kurset. Dei har rett på det, så kommunane er pliktige til å starte det opp, og alle er pliktige til å ta det med mindre dei har ein lovleg grunn (NOU, 2011, s. 218). For å bestå dette kurset må dei ta ei prøve for å vise at dei har lært nok norsk. SSB sin statistikk over andelen som har bestått den skriftelege prøva etter kandidatane sin landsbakgrunn/verdsdel viser at dei frå Asia og Afrika ligger nedst på statistikken, medan dei frå Sør- og Mellom Amerika ligg øvst, over Nord-Amerika og andre frå Europa. Grunnen til dette kan vere at dei med bakgrunn frå Asia og Afrika generelt i tillegg har eit lågare utdanningsnivå frå sitt heimland (Einarsen, 2013). I denne teorien er det då forstått at det er dei med mest utdanning frå før som lettast lærer seg eit nytt språk; i dette tilfelle norsk.

2.1.1. Viktigheita med språkferdigheiter

At språk er ein grunnleggande faktor for å klare seg i samfunnet er ein vanleg tanke, ein kjem seg ikkje så langt dersom ein ikkje klarer å kommunisere med andre menneske. Språket er

noko av det første ein innvandrar må lære seg for å best bli integrert i samfunnet. Unni Wikan skriver at “alle barn trenger å lære norsk for å skape seg en fremtid her i landet, er vel noe alle (eller i alle fall de fleste) er enige om” (Wikan, 1995, s. 58). Språk er ein viktig del av den norske kulturen, og ein person utanfrå kjem ikkje så langt i det norske samfunnet utan å først lære seg språket.

Det norske språket er ein del av den norske identiteten og den norske kulturen og har difor ei stor tyding når det kjem til integrering i det norske samfunnet (Jakobsen, 2007, s. 22). Mange av dei som er arbeidsledige i Nore og som i tillegg kjem frå eit ikkje-vestleg land, er det på grunna av manglande norskkunnskapar. Det er difor svært viktig å lære seg språket for å bli integrert. Ikkje overraskande viser forskning at det er dei mest motiverte som lærer seg det norske språket raskast, i tillegg til at ein må ha eit godt språk i utgangspunktet. Ein teori Unni Jakobsen kjem med er at sidan mange innvandrarar er analfabetar kanskje det hadde vore betre å lære norsk gjennom praktisk arbeid i staden for å berre sitte på skulebenken (Jakobsen, 2007, s. 75).

Språket blir utvikla i sosiale samanhengar når ein kommuniserer med andre. Gode sosiale relasjonar er difor viktig for å byggje seg opp gode språkkunnskapar. Når man bruker språket og føler at ein lærer nye ting er det med på å byggje motivasjon til å lære meir og til å gjere seg forstått. Språk blir lært gjennom samhandling med andre (Jakobsen, 2007, s. 93).

Det er difor viktig å ha riktig innstilling og vere motivert for læring dersom ein skal lære eit nytt språk. Dersom ein person ikkje er motivert til å lære seg språket, vil det heller ikkje kome ein læringsprosess som til slutt resulterer i betre integrering. Ei stor årsak for arbeidslause blant ikkje-vestlege innvandrarar, og igjen manglande integrering, er at dei ikkje har gode nok norskkunnskapar (Jakobsen, 2007, s. 190). Språket ligger til grunn for så mangt når det kjem til deltaking i samfunnet, både når det gjelder skulegang, idrett, arbeid, dugnadar i nærmiljøet, norske nyheiter osv. Utan språk er det heller ikkje lett å danne seg sosiale nettverk som er med på å skaffe ein sosial kapital i samfunnet.

2.1.2. Motivasjon og læring

I tillegg til å kommunisere med andre, er det viktig med språkkunnskapar for å få utdanning og arbeid, for så å bli eit sjølvforsørgjande medlem av samfunnet. I Noreg har alle barn mellom 6 og 16 år plikt og rett på å gå på skulen, og dei opp til 18 år har rett på vidaregåande skule eller grunnskuleopplæring for vaksne (Stortingsmelding 30, 2015-2016, s. 48). For å

klare å utføre dette er det viktig å først kunne det norske språket. Her handlar det igjen om å vere motiverte, og ikkje dette av lasset før ein har fått utdanning.

Motivasjon kan definerast som ein drivkraft som ligger til grunn for åtferd, som retning, intensitet og uthald. Grunnen til at nokre er meir motivert enn andre kan vere ønske om kunnskap, for å bli betre likt og beundra, for å gjere det bra på skulen eller berre for å unngå å dumme seg ut (Skaalvik & Skaalvik, 1996, s. 72). Når det kjem til skulearbeid har lærarane mykje å seie for elevane sin motivasjon, og kan bruke både ros og straff som motivatorar (Skaalvik & Skaalvik, 1996, s. 73). Ein teori er at kjensla av mestring kan vere med på å påverke eins motivasjon på ein positiv måte, og at ein har noko som ein er motivert for (Skaalvik & Skaalvik, 1996, s. 108-109).

Tilpassing av læring er viktig uansett kva gruppe elvar det gjeld, og er kanskje særst viktig når det kjem til innvandrarar som skal lære seg eit heilt nytt språk. For å tilpasse undervisning slik at alle skal kunne følgje med å få kjensla av mestring er dyktige lærarar ein viktig faktor. Ein må ta omsyn til at elevane er ulike og kan ha ulike evner og måtar å lære på (Skaalvik & Skaalvik, 1996, s. 121). Sjølv om ein har ein dyktig lærar som base for læring, kan ein ikkje legge til side viktigheita ved eigen motivasjon. Å lære er ein aktiv prosess som må gjerast av den som faktisk skal lære (Skaalvik & Skaalvik, 1996, s. 126).

I 2003 vart det meldt at innvandrarar i Noreg er skuleflinke og jobbar hardare med skulearbeid enn gjennomsnittet (Stortingsmelding 49, 2003-2004). Mange av dei som har innvandra til Noreg legg ned ein stor innsats og jobbar for å forbetre livssituasjonen sin. Men dette gjeld ikkje alle, det er variasjonen etter kva bakgrunn ein hadde før ein innvandra, så regjeringa melder at sjølv om mykje har gått i riktig retning, er det framleis rom for forbetring.

Friberg og Midtbøen påstår at det er skilnadar i forventningane til dei som er født og oppvaksen i Noreg og dei som kjem tilflyttande. Dei som blir født i Noreg veit ikkje om noko anna heimland eller nokon annan kultur, og har difor andre krav og forventningar enn dei som immigrerer (Friberg & Midtbøen, 2017). Forskinga viser også at sjølv om innvandrarar reint over gjer det dårlegare nasjonale prøver, spesielt dei som sjølv har innvandra, viser mange at dei ein større motivasjon for skulearbeid og gjer ein større innsats enn ungdom med norsk bakgrunn (NOU, 2011, s. 170). Dette stemmer med inntrykket ein frå av desse informantane..

2.2. Sosial kapital

Ein faktor som spelar ei rolle når det kjem til integrering i eit lokalsamfunn er sosial kapital. Ein kan beskrive sosial kapital som sosiale nettverk i samfunnet og normene for gjensidig avhengigheit og tillit som er med på oppretthalde desse nettverka (Loga, 2012, s. 22). Norges forskingsråd har skrivne ein rapport om sosial kapital der dei bruker Pierre Bourdieu sin definisjon av sosial kapital: “summen av ressurser, faktiske eller virtuelle, som tilkommer et individ eller en gruppe som resultat av å ha et vedvarende nettverk av meir eller mindre institusjonaliserte forbindelser av gjensidig bekjentskap og anerkjennelse” (Norges forskningsråd, 2005, s. 20). Som oftast brukar ein omgrepet sosial kapital innan samfunnsfaga for å forklare forhold mellom menneske på eit eller anna vis. Schiefloe og Bø (2007, s. 162) forklarar sosial kapital som ein ressurs som er forankra i relasjonar mellom individ. Det handlar om å opparbeide seg eit nettverk av relasjonar som kan vere nyttige på kort eller lengre sikt. Dette kan til dømes handle om nettverk innan ein arbeidsplass, familien, i eit nabolag eller ved hjelp av felles kjenningar. Innan dette nettverket må det også finnast tillit, slik at ein veit kven som er i ditt nettverk, og kven ein kan stole på (Wollebæk & Segard, 2011, s. 30). Dei viktigaste byggjesteinane i sosial kapital er difor nettverk og tillit (Norges forskningsråd, 2005, s. 67). Kor stort nettverk ein person har, og kor store ressurser ein har gjennom det, varierer veldig. Noko har mykje kontakt med andre, og dermed eit stort nettverk med mange ressurser, medan andre har eit mindre nettverk og dermed mindre tilgang på ressurser. Slike nettverk er ofte basert på venskap og familie (Bø & Schiefloe, 2007, s. 158), så det kan difor vere spesielt vanskeleg for innvandrarak som kjem til eit land aleine å byggje seg opp eit slik sosiale nettverk.

2.2.1. Overbyggande og samanbindande sosial kapital

Den sosiale kapitalen ein har i eit samfunn er med å avgjere nettverket ein har i samfunnet og også eins staus innan for det. ein av dei første til å snakke om kapital i samfunnet var den franske sosiologen Pierre Bourdieu, men det er også andre som har forska på dette feltet, som til dømes James S. Coleman og Robert Putnam. Putnam ser på sosial kapital som “social networks and the associated norms of reciprocity and trustworthiness”, altså at kapitalen blir utgjort av sosiale nettverk og normer for gjensidig avhengigheit og tillit som ein har innanfor desse nettverka (Putnam, 2007, s. 137). Eins sosiale kapital viser på individ nivå tilbake til dei ulike sosiale nettverka som individet er med i, og viser på den måten til tilliten som individet kan nytte.

Putnam skil mellom to ulike former for sosial kapital; *bonding*; samanbindande og *bridging*; overbyggande (Loga, 2012, s. 24). Skilnaden mellom desse forklarar han er at samanbindande sosial kapital knyt deg til folk som er mest lik deg sjølv, medan overbyggande knyt deg til folk som er forskjellig frå deg på nokre viktige aspekt i livet. Dersom Putnam brukar seg sjølv som døme ville den første typen bestå av hans nettverk av andre kvite, mannlege, eldre professorar, medan den andre typen ville reflektere nettverket hans til andre menneske frå ein annan generasjon, annan rase eller eit anna kjønn (Putnam, 2007, s. 143). Norges forskingsråd har valt å bruke dei norske orda *band* og *bruer* for å skilje mellom desse to ulike typene av sosial kapital. Denne rapporten forklarar skilnaden som at *band* blir ofte basert på den sosial kapitalen innan familie eller nær slekt og vener. Denne typen er med å bringe like saman, og er med på forsterke allereie homogene grupper. Medan *bruer* bringer meir ulike menneske saman. Det kan anten vere fjerne kjenningar eller mellom ulike grupper av menneske (Norges forskingsråd, 2005, s. 25).

I nokre samanhengar blir det også nemnt ein tredje form for sosial kapital; den koplande. I staden for å berre byggje bruer mellom personar som er ulike, byggjer den også mellom personar som står ulikt på den sosiale stigen når det kjem til kunnskap, informasjon og andre ressursar i samfunnet. Denne type sosial kapital blir mest brukt av det offentlege for å skaffe ny overbyggande sosial kapital (Loga, 2012, s. 24).

Det er kva sosiale nettverk ein tilhøyrar som avgjer eins sosiale kapital, fordi kapitalen er ressursane som ein får tilgjengeleg gjennom dette nettverket (Schieffloe, 1992, s. 36). Innan eit nettverk kan ein også skilje mellom sterke og svake band. Det som kjenneteiknar eit sterkt personleg band til eit annan individ er tida ein er saman, intensiteten på kjensler, intimiteten og tenester som ein gir kvarandre. På den andre sida har ein svake band, som manglar alt dette, men som gir ein større sjanse for å binde saman individ av ulike grupper enn dei sterke, som meir sannsynleg bind saman grupper som er likare (Granovetter, 1973).

Granovetter meiner dermed at det er viktig å ha både sterke og svake band. Det er samankoplinga mellom dei ulike banda som gir dei beste moglegheitene i samfunnet, men det er dei svake som blir sett på som umissande for eit individ si integrering i eit lokalsamfunn. Han meiner difor at det er dei sterke banda som fører til skilander i samfunnet og i det lokale samhaldet (Granovetter, 1973). Dei svake banda kan til dømes vere til nytte på arbeidsmarknaden då det kan vere ein fordel å kjenne mange ulike menneske, sjølv om ein ikkje har dei sterkaste relasjonane. Desse formene korresponderer med Putnam sin teori om

bridging og *bonding* sosial kapital (Putnam, 2007). Granovetter sine sterke band liknar på samanbindande sosial kapital der ein har mange relasjonar til personar eller gruppe og skaper eit meir tettslutta fellesskap, og dei svake banda korresponderer med den overbyggande sosiale kapitalen der ein heller har få relasjonar til mange personar.

2.2.2. Sosial kapital på individnivå og samfunnsnivå

I følgje Putnam kan ein ha sosial kapital både på individs- og samfunnsnivå. På dei eine sida er det ein type kapital som individ skaffar seg ved å arbeide seg opp nettverk som er med på opne for fleire moglegheiter i samfunnet. På den andre sida viser den til kvaliteter ved eit samfunn som blir knytt til positive eigenskaper som igjen er bra for til dømes samfunnet sin økonomi, helsa til dei som bur der, for å halde kriminaliteten på eit lågt nivå og å ha solidaritet på tvers av sosiale ulikskaper (Ødegård, Loga, Steen-Johansen, & Ravneberg, 2014, s. 39). Sosial kapital kan på denne måten vere ein faktor som er med på å avgjere grada av integrering i samfunnet. Bourdieu meiner også at tilgangen ein person har på sosial kapital ikkje er noko som kjem av seg sjølv, men er eit resultat av investeringar som ein har gjort:

It is the product of an endless effort at institution, of which the institution rites – often wrongly described as rites of passage – mark the essential moment and which is necessary in order to produce and reproduce lasting, useful relationships that can secure material or symbolic profits (Bourdieu, 1986).

Det er dermed opp til seg sjølve å ta vare på sosiale relasjonar som er nyttige, og bygge dei opp og ta vare på dei slik at dei ikkje forsvinner.

Rapporten frå Norges forskingsråd har valt å dele sosial kapital inn i mikro-, meso- og makronivå. Mikronivået samsvarar med det tidligare nemnte individnivået og gjeld kapital som enkeltindivid kan skaffe seg i form av nettverksrelasjonar som igjen kan gi betre tilgang til arbeidsmarknaden og gi ein person høgare status i samfunnet (Loga, 2012, s. 23). Makronivået gjeld for det nasjonale eller storsamfunnet, og i midten har ein mesonivået som refererer til lokalsamfunnet eller organisasjonar (Norges forskningsråd, 2005, s. 19). Dette er ikkje noko som enkeltindivid byggjer opp, men noko samfunnet eller ein organisasjon har samla gjennom personar som deltek. Det som er felles for den sosiale kapitalen er at den er ein ressurs som må byggjast opp og utviklast, for så å haldast ved like. Sosial kapital er ikkje noko som ein har livet ut, men som ein må legge ned ein innsats i for å bevare.

2.2.3. Nettverk

Eit individ sin sosiale kapital består av nettverk ein har i samfunnet, og eit nettverk blir bygd når individ er kopla saman på grunn av sosiale relasjonar av ei viss styrke og ei viss varigheit. Omgrepa sosialt nettverk og sosial kapital er relativt nye omgrep, og i her i Noreg vart ikkje *nettverk* teke i bruk før på 1970-talet (Schiefløe, 1992, s. 19). Innan sosialt arbeid er sosiale nettverk ein plass ein kan finne uformell omsorg, og dermed viktige i det sosiale livet for å ha nokon å lene seg på. Ein kan seie at eit nettverk er som eit sosialt system, og ein kan finne dei i både formelle og uformelle samanhengar (Bø & Schiefloë, 2007, s. 53). Døme på uformelle sosiale nettverk kan vere familien, eit nabolag eller ein vennegjeng, medan formelle er styrt av lover, arbeidsdeling og maktfordeling, som til dømes bedrifter eller organisasjonar. Det er fullt mogleg å vere medlem av fleire nettverk samtidig (Bø & Schiefloë, 2007, s. 15-16). Eit nettverk skil seg frå ei gruppe eller ein organisasjon ved at dei ikkje trenger å ha noko formål. Det er ikkje noko som skal produserast, og ein treng heller ikkje å ha som mål å oppnå noko. Eit nettverk er menneske som er knytt saman av ei viss fellesskapskjensle. Banda mellom desse individa kan vere anten sterke eller svake, men det er uansett desse banda som utgjer det viktigaste grunnlaget for ein person si sosialisering, livsmeisting og identitetsutvikling (Bø & Schiefloë, 2007, s. 26). For å kunne bli definert som eit nettverk må det bestå av to mengder; aktørar og relasjonar der aktørane er elementa i nettverket og relasjonane er det som koplar dei saman (Schiefløe, 1992, s. 19).

Ein teori om nettverksdanning er at like barn leker best. Dette kan handle om likskap innan trusoppfatningar, meiningar, sosial status, livsstil eller andre trekk ved eins personlegdom som ein har til felles (Bø & Schiefloë, 2007, s. 83). Ein viktig eigenskap ved sosiale nettverk er at dei kan fungere som støtteapparat; at ein har nokon som kan gi oss råd, oppmuntring, eller berre som ein buffer mot stress (Bø & Schiefloë, 2007, s. 101). Dette er difor ein viktig del av integreringsprosessen også, sidan det då er viktig å ha nokon som du veit kan hjelpe deg dersom det trengst, eller berre å vite at du har nokon i ditt hjørne dersom du skal møte på problem, anten det er språkleg, kulturelt eller økonomisk. Å ha eit nettverk er dessutan også ein viktig læreplass for utvikling og praktisering av normer, sosiale ferdigheiter og språk. Forsking viser at det å ha eit sosialt nettverk er avgjerande for deltaking i arbeidslivet for mange med innvandrarbakgrunn (NOU, 2011, s. 137). Eit problem med nettverka som mange innvandrara har er at dei ikkje gir tilgang til kapital som gir ein høgare status i samfunnet eller er med på å opne fleire dører.

2.2.4. Tillit som sosial kapital

For å byggje seg opp slike sosiale nettverk må ei ha tillit. Å ha nokon ein har tillit til; som ein stoler på, gjer ein sikrare og meir komfortabel i samfunnet. I dagens samfunn er ein for mange til at alle kjenner alle personleg, og ein blir difor tvungen til å ha tillit til personar som ein ikkje kjenner, og samarbeide med folk ein kanskje ikkje elles hadde gjort; å ta såkalla *leaps of faith* (Wollebæk & Segard, 2011, s. 31).

Ein kan sjå på tillit i samheng med det tidlegare nemnte skilje mellom *bonding* og *bridging* kapital. Dersom ein har samanbindande tillit har ein tillit mellom menneske som ein deler viktige kjenneteikn med. Døme på dette kan i denne samanhengen vere språk, religion og etnisitet; at ein stoler på dei med den same religionen som deg sjølv eller andre som står deg nær. Overbyggande er tillit mellom menneske sjølv om ein ikkje deler desse kjenneteikna (Wollebæk & Segard, 2011, s. 32). Sjølv om ein har tillit kjem ein seg ikkje så langt med det aleine. Tillit er med på å styrke moglegheita for samarbeid, og er dermed ein viktig faktor når ein skal byggje seg nettverk og skape sosial kapital.

Ein kan også skilje mellom partikulær og generalisert tillit. Generalisert tillit handlar om korleis ein forventar at folk skal oppføre seg. Ein kan seie at denne type tillit er forankra i det moralske, og ein må stole på andre menneske utan konkrete bevis, men berre ei meining om korleis ein vil handle. Ein teori er at grunnlaget for eins tillit blir utvikla tidleg i livet og held seg på same nivået livet ut (Halvorsen, 2003). Dersom ein har generalisert tillit stoler ein på folk flest, på institusjonar og politikarar; eit har trua på at alle er ein del av sitt moralske fellesskap. På den andre sida har ein partikulær tillit, der ein berre har tillit til enkeltmenneske, som oftast folk som er like seg sjølv, og menneske som har gitt ein god grunn til kvifor ein skal ha tillit til dei (Halvorsen, 2003).

2.2.5. Sosial kapital og tillit i Noreg

Dersom ein igjen ser på teorien om at tillit er viktig for å byggje sosial kapital, er det forskning som viser at samfunnet i Noreg og elles i Norden har ei høg grad av tillit i samfunnet både når det kjem til samanbindande og overbyggande tillit (Wollebæk & Segard, 2011, s. 33). Grunnen til denne høge tilliten kan vere at Noreg har vore eit homogent land i utkanten av Europa som ikkje har vore så mykje påverka av resten av verda. Spørsmålet som ikkje har fått noko konkret svar enda er om den auka innvandringa og kommunikasjonen over landegrensar og kulturar vil gjere at Noreg mister litt av tilliten ein har i samfunnet og dermed blir eit land

med mindre sosial kapital. Det er ein vanleg stereotypi at menneske frå Noreg er sosialt kalde, inneslutta og vanskeleg å bli kjent med. Men ei rekke kryssnasjonale spørjeundersøkingar viser at nordmenn har fleire vener enn kva menneske frå andre land i Europa har, og vi støtter oss mykje til vårt sosiale nettverk dersom vi skulle ha hatt hjelp til noko. Ut i frå desse undersøkingane stemmer dermed ikkje den stereotypien (Wollebæk & Segard, 2011, s. 55-57).

Robert Putnam har forska på det amerikanske samfunnet og kome til konklusjonen at tilliten som ein hadde i samfunnet i Amerika ikkje lenger er til stades. På grunn av modernisering, globalisering og urbanisering har samfunnet slik som ein kjente det før forsvunne. Putnam meiner at nedgangen i tillit i det amerikanske samfunnet kan forklarast med at samfunnet har vorte meir multikulturelt. "Diversity, at least in the short run, seems to bring out the turtle in all of us" (Putnam, 2007, s. 15). Med dette meiner han at dei som lever i heterogene samfunn har ein tendens til å trekke seg inn i skalet sitt, og ikkje vere like opne og tillitsfulle mot nye og framande menneske som dei i homogene samfunnet er. I Noreg er Hylland Eriksen like pessimistisk når det kjem til forandringa i det norske samfunnet, og meiner at samfunnet ikkje lenger har nokon tillitsskapande mekanismar (Wollebæk & Segard, 2011, s. 52-53).

Basert på undersøkingane som Wollebæk og Seegard refererer til, kan ein ikkje sjå dei same tendensane i det norske samfunnet, i alle fall ikkje endå (2011, s. 60-63). I staden viser desse undersøkingane at den økonomiske ulikskapen spelar ei større rolle på tilliten i samfunnet enn det etniske mangfaldet gjer. Men det viser også at dei lokalsamfunna med størst mangfald er også dei som har høgast nivå av arbeidsledigheit, og dermed også har dei lågaste nivåa av sosial tillit. Denne undersøkinga viser difor at eit auka utdanningsnivå saman med høgre inntekt kan vere med på å forklare den store tilliten nordmenn har til kvarandre og til samfunnet. Det er også viktig å påpeike tilliten som nordmenn har til det offentlege, som politiet, parlamentet og andre offentlege administrasjonar. Desse undersøkingane viser dermed at sjølv om det er ein nedgang i generalisert tillit i USA, gjelder ikkje det for resten av verda, og i alle fall ikkje for Norden.

Undersøkingar viser at Noreg er på verdstoppen når det kjem til å ha tillit til samfunnet og menneska rundt seg. Dette vil seie at nordmenn generelt stolar på folk, både når det gjelder folk ein har ein personleg relasjon til, og dei ein akkurat har møtt (Wollebæk & Segard, 2011, s. 58-59). Dermed er ikkje Noreg ein plass med stor framandfrykt. Ein kan finne ein liten forskjell mellom samfunnet i storbyen og på bygda når det kjem til tillit. Her er det plassane

med færre enn 5000 innbyggjarar som har full tillit til nabolaget (Wollebæk & Segard, 2011, s. 59).

Boka av Wollebæk og Segard vart publisert i 2011, så ein må ta i betraktning at både det etniske mangfaldet og folk sine tankar om sosial kapital og tillit kan ha endra seg dei siste åra. Det har kome fleire innvandrarak med ein ikkje-europeisk bakgrunn dei siste åra, og i følgje ein statistikk frå Statistisk sentralbyrå har dette gjort at folk generelt har vore litt meir skeptiske til innvandrarak. Det har dei siste åra vore ei auke i kor mange som synest at det burde vere vanskelegare for dei å få opphald i Noreg, og ein nedgang i talet som meiner at andre kulturar er med på å gjere den norske kulturen rikare (Statistisk sentralbyrå, 2016). Den same statistikken viser at det er seks prosent fleire enn i fjor som er heilt, eller nokså eining i at innvandrarak er ei kjelde til utryggleik i samfunnet. Dette kan difor ha ført til at visse lokalsamfunn i Noreg også kan ha hatt ein nedgang i tilliten dei har til samfunnet generelt og andre menneske i lokalmiljøet.

2.2.6. Kvifor er det viktig med sosial kapital

Denne oppgåva nemner sosial kapital som eit verkty sidan det er med på å avgjere kven ein har i sitt sosiale nettverk og dermed også kan vere med på å bestemme fordelar ein har i lokalsamfunnet. Rapporten frå Noregs forskingsråd meiner også at det er viktig for menneske å ha sosial kapital. Denne kapitalen kan også hjelpe ein til å finne ut kvar ein høyrer til i samfunnet, og rapporten forklarar koplinga mellom livskvaliteten til enkeltindivid og sosial kapital slik:

Mennesker har det bedre – er sunnere og lykkeligere – når de inngår i tette sosiale nettverk der de har noen som er nære, som bryr seg og gir omsorg, støtte og hjelp. Mennesker gjør det bedre når de har mange, varierte og løse nettverk der de kan få hjelp til oppgaver der de selv mangler informasjon eller kompetanse. Som å skaffe en rørlegger, kjøpe bil, finne en jobb, leie et feriehus, løse et personlig problem, låne penger mm. (Norges forskningsråd, 2005, s. 63).

Ein person sitt sosiale nettverk, og kvaliteten og variasjonen innan det, blir på denne måten veldig viktig for korleis denne personen har det og gjer det i livet. Ein kan finne ulike grunnar for kvifor det er viktig å ha eit sosial nettverk. Den første er fordi sosial kapital er med på å auke tilgangen ein har til informasjon, den andre grunnen for å bygge seg sosiale nettverk er for å få nytte av andre sine innflytelse, den tredje er for å styrke ein person si troverdigheit og

nummer fire er at den sosial kapitalen som et individ har tilgang til, har tyding for eins anerkjening og identitet (Bø & Schiefloe, 2007, s. 164).

Sjølv om sosial kapital er med på opne dører som kanskje elles hadde vore lukka, kan ein ikkje ta for gitt kva denne kapitalen kan gi deg. Det er til dømes fullt mogleg å ha eit stort nettverk utan å ha tilgang til dei beste jobbane i samfunnet. For å få slik tilgang er ein samtidig avhengig av at nettverket som ein har skaffa seg, er i ein posisjon der det kan skaffe deg slike tilbod. Det er mogleg å ha eit stort nettverk der ingen er i ein slik maktposisjon. Dette blir spesifisert av Bourdieu:

The volume of the social capital possessed by a given agent thus depends on the size of the network of the connections he can effectively mobilize and on the volume of the capital (economic, cultural or symbolic) possessed in his own right by each of those whom he is connected (Bourdieu, 1986).

Sosial kapital blir definert som ein ressurs i samfunnet og har ei tyding når det kjem til sjansar som ein får i livet. Litt satt på spissen kan ein seie at forskinga har bevist at folk med høg sosial kapital har betre helse, høgare levealder, betre utdanning og betre økonomi. Samtidig kan er nabolag med høg sosial kapital prega av mindre kriminalitet og større tryggleik for dei som bur der (Norges forskningsråd, 2005, s. 70).

2.2.7. Sosial kapital som hjelpemiddel i integrasjon

For innvandrara kan eins sosiale kapital vere til hjelp på to ulike måtar. Den kan binde deg til andre innvandrara som er i same situasjon som seg sjølv, eller den kan utvide nettverket ditt til å inkludere etniske nordmenn og byggje bru mellom to ulike kulturar. Sosial kapital kan gjere arbeidet med integrering både lettare og meir utfordrande. Dersom ein ser på kapitalen som ei bru kan den bidra til eit betre integreringsarbeid gjennom utdanning og andre frivillige sektorarar, medan som eit band kan vere med på å forklare kvifor dette arbeidet også kan vere vanskeleg og utfordrande (Norges forskningsråd, 2005, s. 14). Dersom ein innvandrar berre han sosial kapital i forma av band kan det gjere integrasjonsarbeidet vanskelegare sidan den personen då ikkje har noko nettverk utanfor si eiga etniske gruppe (Norges forskningsråd, 2005, s. 25). Det kan gjere det vanskelegare å lære språket, forstå den norske kulturen og å skaffe seg arbeid, noko som igjen gjer det enda vanskelegare å byggje sosial kapital i form av bruer.

Dersom ein brukar sosial kapital som ei bru hevder Norges forskingsråd at den er viktig når det kjem til integrering av innvandrarak, sidan denne typen handlar om å skape ein bru mellom ulike grupper i samfunnet, som til dømes innvandrarak frå ein annan kultur og dei som er født og oppvakse i det norske samfunnet (Norges forskingsråd, 2005, s. 31). Sosial kapital er ein ressurs som difor også kan brukast innan integrasjon. Men ein må samstundes ikkje undervurdere styrka til sosial kapital som band. Det kan vere viktig å ha kontakt med likesinna, andre personar som forstår deg og som gjerne har gått gjennom det same som ein sjølv. Denne forma for sosial kapital kan hjelpe ein i gang og er ein fin byrjing på nettverksbygging. Samanbindande sosial kapital kan vere eit hjelpemiddel til å utvikle overbyggande sosial kapital.

2.3. Tilpassingsformer i det norske samfunnet

Når ein kjem til eit nytt land og møter ein ny kultur kan det vere problematisk å finne sin plass i samfunnet saman med majoriteten. Det er snakk om eit nytt språk, nye normer og andre reglar enn kva ein er vandt med frå heimlandet. Det er då vanleg å skilje mellom tre tilpassingsstrategiar. Desse tre formene er assimilering, segregering og integrering (Berry, 1997; Dahl, 2013, s. 222).

Gullestad meiner at ein nasjon vil alltid vere under utvikling (Gullestad, 2002, s. 21). Eit samfunn vil stadig forandre seg, og innvandring og andre kulturar vil påverke denne endringa. Noreg har til dømes alltid vore eit land med mykje innvandring, og nye folk har stadig slått seg til ro i Noreg. Men mot slutten av 1960-året med det som blir kalla den nye innvandringa, kom det menneske frå Asia, Afrika og Latin-Amerika og det var innført strengare reglar for kven som fekk kome til landet og korleis dei skulle tilpasse seg det norske samfunnet og den norske kulturen. Det at Noreg var eit homogent land fram til dei nyaste innvandringsbølgjene vil Gullestad kalle ei myte, sidan det alltid har vore ulike menneske busett i Noreg (Gullestad, 2002, s. 67). Ho kan difor heller ikkje påstå at det er det homogene som er det vanlege for Noreg, og det ein må rette seg etter i framtida. Ein grunn til at denne myta har vokse fram er at Noreg var eit meir homogent land når det kom til religiøsitet og etnisitet før i tida samanlikna med andre land i Europa, men alt denne myta har gjort, er å gjere det vanskelegare å integrere framande fordi den har lagt eit stort skilje mellom *oss* og *dei andre* (Gullestad, 2002, s. 68). Det er dette skilje både assimilering og integrering går inn for å fjerne.

2.3.1. Assimilering

Assimilering er ei tilpassingsform som går inn for å gjere alle så like som mogleg, som oftast at innvandrarbefolkninga skal bli så lik majoritetsbefolkninga som mogleg (Wæhle, 2014). Innanfor denne type tilpassing har minoriteten dei same rettane som den resterande befolkninga, men dei har ikkje lov til å eksistere som ein minoritet med sin eigen kultur. I staden skal dei smeltast saman slik at ein ikkje lenger kan skilje dei frå kvarandre. Brochmann (2002, s. 30) meiner at integrering og assimilering er på kvar sin side av skalaen der assimilering er kvalitativt dårlegare. Denne forma for tilpassing blir ofte assosiert med vald og undertrykking for å få desse *avvikarane* til å bli ein del av majoriteten. Til dømes var det denne strategien som vart brukt av dei norske myndigheitene mot den samiske urbefolkninga i Noreg så seint som etter den 2. verdskrigen (Brochmann et al., 2002, s. 30).

Sjølv om assimilering handlar om å gjere nokon så lik som resten som mogleg, treng ikkje det å vere negativt for alle. Dahl (2013) argumenterer for at ein innvandrarar eller ei innvandrargruppe som kjem til Noreg kan frivillig velje å ta til seg den norske kulturen og gjere den til sin eigen, utan kjensla at ein mister seg sjølve. Dei kan gå over til å berre ete norsk mat, følgje alle norske skikkar og kle seg som majoriteten, samstundes som dei snakkar norsk og ikkje har noko interesse av å lære sine eventuelle barn sit opphavlege morsmål og kultur. Ein danske kan til dømes gå over til å bruke det norske språket for å bli mest mogleg lik nordmenn og lettare bli akseptert i det norske samfunnet han eller ho har flytta til, utan at det er samfunnet som pålegg det slik (Dahl, 2013, s. 222). Uansett handlar assimilering om at eit individ skal ta på seg normene, verdiane, kulturen og livsstilen til fleirtalet til ein ikkje lenger har spor etter sin opphavlege identitet. Dersom det skjer frivillig er det ikkje problematisk, men som ein politikk som skulle gjelde for alle utanfor majoriteten var den ikkje like lett.

2.3.2. Segregering

Å segregere tyder i følgje Dahl “å skille, å avsondre, å utskille. Det opprinnelige kulturelle særpreget blir beholdt i møte med et annet kulturelt særpreg. De blander seg ikke med hverandre” (Dahl, 2013, s. 223). Dette vil seie at innvandrarar som kjem frå det same miljøet busett seg i same området også i det nye landet, og dannar sitt eige samfunn innan majoritetssamfunnet og fortsetter å leve med sin eigen kultur og sitt eige språk. Døme på dette kan vere bydelar som *Chinatown* der kinesarane har egne skular, butikkar og dei unge gifter

seg med dei frå den same bakgrunnen. Innan denne type tilpassing har innvandrarane ikkje noko ønske om å blande seg med den kulturen som dei reiste til.

Segregering kan til dømes skje ved at samfunnet ikkje tek imot dei som er annleis og dei blir tvungne til å bu samla i utkanten av samfunnet, eller det kan skje ved at dei sjølv vel å ikkje ta del i storsamfunnet men heller halde på sine egne tradisjonar, lover og kultur utan å inkludere seg i storsamfunnet (Berry, 1997). Segregering kan difor både vere ein strategi brukt av innvandrargruppa, og det kan vere noko som samfunnet påtvingar. Døme på segregering frå samfunnet si side kan vere ghettoane, eller bydelane, der jødane vart tvungne til å bu ei periode. Dersom segregeringa ikkje er frivillig, har ein også ei form for tilpassing kalla marginalisering. Her blir innvandrarane utstøtt frå samfunnet som dei kjem til og dei endar opp som ei ny underklasse i samfunnet, ofte utan jobb og med økonomiske problem (Dahl, 2013, s. 223). Dette kan skje dersom ein påtvingar assimilering på folkegrupper som ikkje vil det (Berry, 1997).

Den tredje forma, og den viktigaste i dagens politikk, er integrering. Sidan dette er hovudmomentet i oppgåva skal dette omgrepet bli litt djupare diskutert i dei følgjande avsnitta.

2.4. Integrering

I dagens samfunn er det integrering som er målet for å tilpasse innvandrarane til det norske samfunnet. Men sidan omgrepet integrasjon blir brukt i mange ulike samanhengar og på ulike måtar kan det vere vanskeleg å stadfeste akkurat kva det vil seie å vere integrert. Integrering handlar i følgje Store norske leksikon om å gi plass til innvandrarak i majoritetssamfunnet. Omgrepet vart knytt til innvandring på 70-talet saman med den store auka i innvandrarak som kom til Noreg, men kan også bli nytta om andre folkegrupper som er i mindretall i majoritetssamfunnet. I dag er det store diskusjonar og kva integrering eigentleg er og korleis ein best skal få det til (Brochmann, 2014). Brochmann meiner at integrering er ein prosess som omhandlar korleis sosialisering er med på å skape eit sosialt samhald og stabilitet i samfunnet gjennom normer og forventningar. Med andre ord korleis det blir skapt orden i samfunnet. (Tjelmeland & Brochmann, 2003, s. 205) Det er ikkje berre innvandrarak som går gjennom denne integreringsprosessen, men i nyare tider er det mest snakk om innvandrarak som skal bli integrert, og prosessen dei går gjennom for å bli gjort om til ein del av ein heilskap (Brochmann, 2014). Det er noko alle har gått gjennom for å bli eit velfungerande

samfunnsmedlem, det er berre i nyare tider at integrering har blitt kopla opp med innvandrarak og korleis få dei til å bli meir som nordmenn.

2.4.1. Variasjonar i omgrepet integrering

Integrering er eit abstrakt omgrep som tyder ulike ting alt ettersom kva tenkemåte og verdiar ein har i utgangspunktet. Ein vanleg måte å sjå på integrering er som motparten til assimilering; som er noko ein stat eller regjering fører over ein språkleg eller kulturell minoritet eller innvandrargruppe for å gjere den mest mogleg lik majoritetsbefolkninga. På denne måten mister minoriteten alle sine særleine trekk og blir tatt opp i majoritetssamfunnet på grunnlag av at minoriteten endrar eller gir slepp på sine grunnleggande kulturelle verdiar (Wæhle, 2014). Integrering på den andre sida, går ut på at dei nye folkegruppene får si plassering ved sidan av dei allereie eksisterande gruppene. Dei blir vevd inn i samfunnet sjølv om dei har eit anna verdisyn, annan religion og eit annan språk. Døving argumenterer for at “å integrere” er eit verb som kjem frå latin som tyder “å gjere heil” (Døving, 2009, s. 8). På denne måten er tydinga det same sidan det er snakk om å få nye deler som ein legger til på heilskapen; det som er utanfor skal passast inn til det blir ein del av ein større del.

Når ein snakkar om integrering er det også eit skilje om ein meiner integrering som eit mål, eller som vegen mot eit mål. Integrering kan difor både vere ein prosess og resultatet av denne prosessen (Stortingsmelding 49, 2003-2004). Innan sosiologien er det vanleg å snakke om integrasjon som prosessen der eit individ blir gjort om, og gjer seg sjølv til ein del av eit større samfunnsfellesskap (NOU, 2017, s. 165). Det kan vere ulike meiningar om når ein har nådd integrering som eit mål. Å vere integrert er ei subjektiv oppleving sidan omgrepet er så diffus, og kva tid ein innvandrar føler seg integrert varierer frå person til person, så denne oppgåva vil ta for seg integrering som ein prosess.

Sidan integrering har blitt problematisk i mange samfunn, kan ein diskuterte om ein har gått tilbake til ein prosess som liknar meir på den tidlegare assimileringprosessen der minoriteten skal bli så lik som mogleg majoritetsbefolkninga. Forsking gjort i USA viser at det amerikanske samfunnet byrja å gå tilbake til assimileringpolitikk, men under ei ny reform der assimilering blir definert som ein prosess der etniske og kulturelle grenser fekk mindre og mindre tyding over tid (Friberg & Midtbøen, 2017). Eit poeng Friberg og Midtbøen vil fram til i sin rapport er at samfunnet i resten av den vestlege verda kan samanliknast med det i USA. Alle blir assimilert i samfunnet, det tek berre ulik tidslengd. Tjelmeland & Brochmann

lurer på kva som er målet med integreringa? Eit utfall er å skape eit fleirkulturelt samfunn med ulike gruppeidentitetar, men eit anna utfall er at integrering er berre eit steg på vegen mot eit samfunn med etnisk og kulturell mangfald utan minoritetsdanningar. Ein kan dermed diskutere om dagens integrering ikkje er så langt frå den gamle assimileringspolitikken likevel; at integrering er ein prosess som kjem til å føre til assimilering (Tjelmeland & Brochmann, 2003, s. 209)

Integrering og assimilering kan også overlape på andre stadie og gjere det vanskeleg å sjå kva som er skilnaden på dei to prosessane sjølv om ein forstår dei i teorien. Ta det å lære innvandrara det norske språket til dømes. Dette kan bli sett som ein måte å gjere dei *norske*, men samtidig også eit verkemiddel for at dei best skal bli i stand til å delta på i samfunnslivet på lik linje med majoriteten (Gullestad, 2002, s. 20). Gullestad meiner difor at integrering kan bli sett på som eit steg på vegen til assimilasjon samtidig som ein mål i seg sjølv.

Integrering treng ikkje berre å tyde å bli ein del av samfunnet som det er, men også å vere med på å forme det for framtida. Ein kan seie at det overlappar litt med omgrepet inkludering, men i det omgrepet er det samfunnet som aktivt gjer ein jobb med å inkludere minoriteten, medan innvandrara berre blir passivt inkludert i storsamfunnet. I omgrepet integrering er det også ein underliggande faktor at majoriteten også må inngå kompromiss og vere villige til å gå gjennom visse forandringar (Ødegård, Loga, Steen-Johansen, & Ravneberg, 2014, s. 50). Integrering blir oppnådd når eit individ eller gruppe har ein balanse mellom å ta vare på sin eigen kulturelle identitet samtidig som ein ønskjer å delta i nokre aspekt av majoritetssamfunnet.

2.4.2. Integrering som inkludering

I offentlege debattar blir integrering brukt som ei erstatning for andre omgrep, som til dømes inkludering, eller som ei meir generell forklaring for ei gruppe omgrep som segregering og assimilering. Innan samfunnsvitskapen har omgrepet meir å gjere med samhaldet i samfunnet og som politisk omgrep blir det brukt for å forklare den statlege strategien som blir tatt i bruk ovanfor innvandrara som ein mellomveg mellom segregering og assimilering (Loga, 2012, s. 19). I nyare tid har også integreringsomgrepet blitt sett i samband med, eller blitt erstatta med eit inkluderingsomgrep. I samfunnsvitskapen stammar integreringsomgrepet frå sosiologi, der Emile Durkheim gjorde integrering til eit viktig tema. Han fokuserte på einskap

og samhald i samfunnet (Loga, 2012, s. 18), som er mykje av det same som integrering handlar om.

Stortingsmelding 39 frå 2006 handlar om regjeringa sin inkluderingspolitikk og korleis det er eit mål at alle som bur i Noreg skal delta i samfunnet og ha dei same rettane og dei same moglegheitene (Stortingsmelding 39, 2006-2007). Der er om å gjere å hjelpe innvandrarak slik at dei så raskt som mogleg kan bruke sine ressursar både i arbeidslivet og samfunnslivet, og hindre at det blir eit klasseskilje mellom innvandrarbefolkninga og majoritetsbefolkninga. Det er opp til befolkninga i Noreg å vere inkluderande mot alle, ikkje berre dei som er født i Noreg av norskfødde foreldre. Stortingsmelding 49 frå 2003 meldte om ei endring i haldningar som det norske folket har til innvandrarak og dei som ikkje er heilt like *resten*. Synet på kva som er normalt er stadig under utvikling, og medan debatten nyleg var styrt av dei som var unge på 50- og 60- talet har den nyare generasjonen ein anna halding når det kjem til innvandrarbefolkninga (Stortingsmelding 49, 2003-2004) Grunna auke i ikkje-vestelege innvandrarak har dei nyare generasjonane eit anna forhold til det kulturelle mangfaldet som ein har i dagens samfunn. Eit mål er at alle skal vere inkludert, og på den måten oppnå harmonisk sameksistens. For at alle skal vere inkludert må nokon ta ansvar for å sørge for at alle blir invitert. Dette ansvaret er det majoriteten som har. Men ein kan berre inkludere menneske som har lyst til å bli inkludert, og som frivillig vil delta i samfunnet (Stortingsmelding 49, 2003-2004).

Berry (1997, s. 10) meiner også at integrering blir berre vellukka når det dominerande samfunnet er opent og inkluderande mot dei frå andre kulturar. Det er viktig å akseptere og involvere begge gruppene, både majoriteten og innvandrarane, for å få ei best mogleg tilpassing. På denne måten er integrering ein tovegs-prosess som både samfunnet og flyktningane har ansvaret for, medan inkludering er det samfunnet aleine som må stå for.

2.4.3. Kva skal dei integrerast til og korleis skal ein måle det?

Det er mykje som kan påverke kor vellukka ein integrasjonsprosess blir, både frå enkeltindividet og frå samfunnet si side. For at flyktningar skal finne sin plass i samfunnet, er det av og til noko som må endrast for å få dette til (Ødegård et al., 2014, s. 87).

Sidan integrasjon er eit komplekst omgrep, er det ikkje berre ein faktor som avgjer om ein person er integrert i samfunnet. Det handlar heller ikkje berre om flyktningar, til og med ein

etnisk nordmann kan ha grupper i samfunnet der han eller ho ikkje føler seg integrert. Dette kan til dømes handle om ein arbeidsplass eller eit lokalmiljø der ein nordmann ikkje føler at han har funne seg til rette. På same måte er det også for innvandrarar. Dei kan vere integrert gjennom ulike aktivitetar eller kyrkja i eit lokalsamfunn, samtidig som dei føler seg lite eller mindre integrert i det norske storsamfunnet. Så sjølv om integrering er noko som eigentleg gjeld alle samfunnsgrupper blir det i dag nesten alltid brukt i samheng med innvandrarar og flyktningar (Døving, 2009, s. 19). Sidan integrering kan ta plass på ulike arenaer i samfunnet, er eit spørsmål då kva område det er viktigast å vere integrert eller om ein må vere det på alle områder i samfunnet? Dette er det ikkje like lett å finne svar på sidan mykje av det å vere integrert er ei subjektiv oppfatning (Loga, 2012, s. 19). Det kan også vere skilnad når der kjem til kva ein etnisk nordmann meiner skal til for at ein innvandrar skal vere integrert i det norske samfunnet, og kva innvandrarar sjølv meiner om det. I følgje Stortingsmelding 30 handlar integrering om samspel mellom ulike partar. Det er klart at innvandrarar må oppfylle visse krav om å bidra og delta i samfunnet, og det blir forventet at dei legger ned eit god innsats frå deira side. Men det er samtidig viktig at samfunnet legger til rette for at dei skal klare å integrere seg, og for at dei skal kunne bruke sine ressursar i arbeids- og samfunnslivet (Stortingsmelding 30, 2015-2016).

Eit viktig spørsmål når ein forskar på integrering er kva flyktningar eigentleg skal integrerast til (Loga, 2012, s. 12). Eit anna problem med integrasjonsprosessen er at det ikkje er kartlagt når tid ein innvandrar kan kalle seg integrert sidan det ikkje finst ei felles forståing av kva det eigentleg vil seie å vere integrert. Det handlar om å tilpasse seg samfunnet, men dei som må gå gjennom denne prosessen kan ha eit anna syn og meining på når tid ein er integrert enn kva samfunnet meiner. På grunn av desse spørsmåla er det også viktig med kunnskap om målgruppa på dette feltet (Jakobsen, 2007, s. 76).

Uansett om det kan vere problematisk å stadfeste akkurat når tid eit individ er integrert i samfunnet, har regjeringa nokre mål som skal vere med på å avgjere dette. Har personen lønna arbeid? Eigen bustad? Deltek ein i politiske val? Problemet oppstår når ein er integrert på nokre stadie i samfunnet men ikkje alle (Stortingsmelding 49, 2003-2004).

Pihl (2011, s. 255-257) har ein teori som omhandlar positiv og negativ sjølvtilskrivning. Denne teorien handlar om at minoriteten får tilskrive eigenskapar og stereotypiar av majoriteten, sjølv om desse ikkje alltid er passande. Dette handlar som oftast om negative eigenskapar,

som blir sett ned på av majoriteten fordi dei er annleis enn kva majoriteten er vand med. Dette kan gjere at innvandrarakar, og flyktningar spesielt, ikkje føler seg velkomne i samfunnet.

2.4.4. Sosial integrering og kulturell integrering

Sidan integrasjon kan skje på ulike arenaer i samfunnet, må det også nemnast at ein kan skilje mellom sosial og kulturell integrasjon. Thomas Hylland Eriksen meiner at sjølv om den kulturelle meininga og den sosiale samhandlinga i praksis flyt over i kvarandre, er det naudsynt med eit skilje mellom dei (Eriksen, 2010, s. 73). Eriksen bruker to personar som bur i same burettslag som døme for å demonstrere dette. Den eine er ei somalisk dame med fire barn. Ho arbeider ikkje, kan ikkje språket men bruker barna som tolk og ho går tildekt på gata. Naboen er ein einsleg, ung, etnisk nordmann. Han har ingen problem med å gjere seg forstått, han finner lett fram på butikken og ingen ser rart på han når han går på gata. Ein annan skiland på desse to er at den somaliske kvinna har eit nettverk av andre somaliske personar som ho kan kontakte dersom ho har problem eller har lyst til å snakke, medan den norske mannen kjenner ingen. Ei kort forklaring her er at mannen er kulturelet integrert, men ikkje sosialt integrert, medan det er omvendt for den somaliske kvinna. Eit poeng Hylland Eriksen vil fram til her er at kulturell integrasjon trenger ikkje alltid å følgjast av sosial integrasjon (Eriksen, 2010, s. 75). Mannen kan reglane og normene i samfunnet og forhold seg bra til dei utan å ha ei sosialt nettverk, og den somaliske kvinna har ei stort nettverk utan å kunne desse reglane og normene i det norske samfunnet.

2.4.5. Integrasjonsskilnader på bygda og i byen

Når det er snakk om integrasjon er det ikkje nok å berre ha fokus på innvandrarakar, men også på mottakarsamfunnet. For å få til ein vellukka integrasjon må ein vite kva samfunn dei skal integrerast i og kva det vil seie å vere norsk (Høgmo, 1998, s. 25). Her kan det vere ein skilnad på bysamfunn og bygdesamfunn, og ein kan ha ulike oppfatningar om kvar det kan vere enklast raskast å bli integrert. Ein by er eit område med stor sosial variasjon, i motsetnad til bygda der alle kjenner alle og er knytt saman med ulike band (Høgmo, 1998, s. 25-26). Døme på ein positiv faktor som kan gjere at det er betre å integrere seg i bygda er at det er eit mindre samfunn der det er lettare å bli kjent med folk, men ein negativ kan vere at majoritetsbefolkninga ikkje er vande med ukjende og kan ha ei frykt for det framande. Ein kan finne liknande i eit bysamfunn også. Det kan vere positivt at det er så mange fleire menneske som gjer det lettare å blende inn i samfunnet og fleire å bli kjent med. Samtidig som det er eit større mangfald og etnisk pluralisme (Høgmo, 1998, s. 195). På den andre sida

kan det også vere negativt at der er eit meir multikulturelt samfunn for då kan det vere lett å halde seg saman med sine egne og ikkje blande seg like mykje med majoritetsbefolkninga.

Ein kan seie at bygdesamfunnet er prega av ein større vi-kjensle enn kva ein er i byen, og dette kan gi både moglegheiter og avgrensingar når det kjemt til integrering av innvandrarakar (Høgmo, 1998, s. 192). Det er ein større sjanse for å bli sett på som framand i eit lokalsamfunn der så og seie alle kjenner kvarandre, men i følgje Høgmo også mindre sjanse for å oppleve diskriminering på grunn av at dei fleste kjenner kvarandre (1998, s. 193).

Det finnest sikkert positive og negative sider ved begge desse samfunna, men i denne oppgåva ligg fokuset på eit mindre lokalsamfunn og vil difor utforske dei positive og negative faktorane ved å busette seg på ein slik plass som innvandrarakar.

Bø og Schiefloe meiner også at ein ikkje har ein konklusjon på kva type samfunn det er best og lettast å bli integrert i. Ein danner seg nettverk i både store og små samfunn, men dei vurderar om det kanskje er lettare å bli sosialt integrert i nærmiljøet sidan der lett blir utvikla personlege venskap og omhug for kvarandre (Bø & Schiefloe, 2007, s. 95). Men dei har ikkje forskning som viser at det er sosialt og kulturelt betre å bu på bygda enn i storbyen. Det blir berre antakingar sidan idealet byggjer på ei førestilling om at ein har det best i små fellesskap der ein har nære relasjonar til dei rundt seg, noko som gjer at ein føler seg tryggare og tek vare på dei i nærleiken.

2.5. Kultur

Ordet kultur kjem frå det latinske ordet *colere* som tyder å dyrke (Eriksen & Sajjad, 2015, s. 34), men har i dag ei utvida tyding. Kultur kan difor vere eit vanskeleg omgrep å definere sjølv om så godt som alle har ei oppfatning om kva det tyder. Kultur har blitt eit vanleg omgrep både når ein les aviser og ser på TV og i daglegtalen til folk flest, utan eigentleg ei forklaring på kva ordet tyder.

2.5.1. Tolkingar av kultur

Dersom ein les aviser har mange av dei ein kulturdel der det blir diskutert kunst, teater, musikk og litteratur, detter er dermed media sin definisjon av kultur. I eit meir utvida omgrep handlar kultur også om idrett og sport, og i ein sosialantropologisk samanheng handlar kultur om alt som er menneskeskapt i motsetnad til naturleg, som til dømes verdiar, reglar og normer som blir overført frå ein generasjon til neste (Tjelmeland & Brochmann, 2003, s. 201). Ein definisjon av kulturomgrepet som har vore gjeldande sidan 1871 er frå Edward Tylor og den

seier at “kultur er den komplekse helhet som består av kunnskaper, trosformer, kunst, moral, jus og skikker, foruten alle de øvrige ferdigheter og vaner er menneske har tilegnet seg som medlem av et samfunn” (Eriksen & Sajjad, 2015, s. 35). Eit viktig poeng her er at forskjellane som oppstår mellom ulike folkegrupper ikkje er medfødt, men har oppstått sidan folk som lever i ulike samfunn automatisk skaffar seg forskjellige ferdigheter og kunnskap sidan ulike kulturar og miljø krev ulikt av side bebuarar.

Ein måte å sjå kultur på er at det er det motsette av natur. Det at vi treng mat for å leve er ein naturleg ting som gjeld for alle, men kva vi et, når tid og korleis er det kulturen som har lært oss. Kultur er ikkje berre noko vi lærer oss, men også noko som vi fører vidare til neste generasjon. Men det er også viktig å hugse på at kultur er noko som forandrar seg over tid. Den norske kulturen til dømes var veldig forskjellig for 200 år sidan enn kva den er i dag (Eriksen & Sajjad, 2015, s. 37). Det at vi er kulturelle er det som skil oss frå dyra, og alle menneske har ein kultur. Denne kulturen blir ein del av personen på grunn av plassen ein lever og har vokse opp, det er gjennom kulturen at ein lærer om rett og galt og korleis ein skal oppføre seg i samfunnet. Det er dette som gjer at personar som er frå ulike plassar i verda også oppfører seg ulikt og har ulikt syn på kva som er rett og galt.

Omgrepet kultur har altså mange ulike tydingar som også overlappar kvarandre. Omgrepet blir ofte brukt i mangelen på eit betre, og mange antropologar har kome fram til at omgrepet ofte er meir forvirrande enn oppklarande. Likevel er kultur eit godt brukt ord i mange sitt vokabular, og blir brukt som om ein har god kontroll på det (Tjelmeland & Brochmann, 2003, s. 205). Det er difor viktig å avklare kva som blir meint når vi snakkar om kultur i ulike samanhengar. Klausen (1970) meiner at det er vanleg å bruke eit beskrivande kulturomgrep i samfunnsforskning. Også innan denne gruppa er det eit vidt omgrep, men litt meir presist kan ein forklare at kultur er:

(..) de idèer, verdier, regler og normer som et menneske overtar fra den foregående generasjonen og som man ønsker å bringe videre – oftest noe forandret – til den neste generasjon. Kultur er med andre ord det man lærer om rett og galt, stygt og pent, nyttig og unyttig, om daglig adferd og meningen med livet (Klausen, 1970, s. 10).

Denne definisjonen er passende for samfunnsforskarar som er opptekne av å sjå skilnaden på ulike kulturar og innan ein kultur, i staden for kulturelle vurderingar. På grunn av innvandring og globalisering er Noreg i dag eit fleirkulturelt samfunn. Med det meiner ein att her er minoritetar med ulik kulturell bakgrunn. Dersom ein tek utgangspunkt i ein slik vid definisjon

av kultur, har Noreg eigentleg alltid vore eit fleirkulturelt samfunn, også i tida før dei moderne innvandringsbølgiene. Sjølv om ein er etnisk norsk kan ein likevel snakke om barnekultur, ungdomskultur og diverse andre yrkeskulturar i Noreg (Dahl, 2013, s. 221).

Kulturen er under stadig utvikling og endring. Det er vanleg å skilje mellom to forståingar innan kulturomgrepet, eit utvida og eit snevert kulturomgrep. Det utvida omgrepet handlar om alt som er kome til på grunn av menneskeleg tankevirksomheit, medan det snevne omgrepet handlar om det kunstneriske (Hoem, 2010, s. 37). Når kultur blir drøfta i denne oppgåva er det ved hjelp av det utvida omgrepet. Kultur blir omtalt som det som kjenneteiknar Noreg og nordmenn, som til dømes språket, historia og andre trekk som nordmenn har til felles som kan vere med på skape eit skilje mellom *oss* og *dei*.

2.5.2. Multikulturelle samfunn og dobbel tilhøyrse

I dei siste tiåra er det mange som refererer til mange land i Europa som multikulturelle, inkludert Noreg. Multikulturelle samfunn er ikkje eit moderne fenomen, Noreg har vore eit samfunn med fleire kulturar så langt tilbake som ein kjenner historia til landet (Stortingsmelding 39, 2006-2007). Men det er ikkje berre eit samfunn som kan bestå av mange ulike kulturar, dette kan også skje med enkeltindivid. Når ein person flyttar frå sitt land, eller kultur, til ein anna del av verda med ein annan kultur, hender det også at dette individet vel å ta del i begge kulturane: både den gamle som dei reiste i frå og den nye som dei har flytta til. Dette kan gjerast ved å bevare sitt originale språk samtidig som ein lærer seg norsk, halde på sin religion sjølv om ein bur i Noreg, eller rett og slett berre halde på sine gamle verdiar samtidig som ein rettar seg etter eit annan samfunn. Slik dobbel tilhøyrse er vanleg hos mange innvandrarak som har måtte flykte frå sitt land. Hylland Eriksen meier at det ville vere missvisande å anta at ein person berre er del av ei gruppe sidan det er mange sider ved eit individ (Eriksen, 2010, s. 88).

Det finst to måtar å sjå på fleirkulturelle samfunn. Den eine måten er å seie at eit samfunn er multikulturelt når befolkninga er det. Den andre måten er å snakke om multikulturalisme som eit samfunn som har ein politikk som har fleirkulturelt samfunn som mål (Stortingsmelding 49, 2003-2004). Multikulturalisme handlar om å ha ulike kulturar, men at alle skal bevare sine kulturelle særtrekk i samfunnet (Døving, 2009, s. 10). Eit problem som Gullestad er inne på er at kultur blir noko som ein brukar for å forklare *dei andre*, og ein får omgrepet framandkulturell for å skildre innvandrarak (Gullestad, 2002, s. 162).

På grunn av store endringar i samfunnet, kan ønske om å bevare sin originale kultur kome i konflikt med deltakinga i samfunnet elles. På grunn av globalisering og migrasjon har det vorte ei større kulturblanding i dagens samfunn, og det kan gjere det vanskelegare å finne balansen mellom bevaring og forandringa av sin kultur for å passe inn i samfunnet (Pihl, 2011, s. 254). I Noreg finst det nordmenn som snakkar flytande norsk, har høg utdanning og som ikkje skil seg ut i samfunnet på ein annan måte enn eit *framand* namn og ein mørkare hudfarge. Desse risikerer likevel å ikkje bli tatt imot på arbeidsmarknaden fordi majoriteten vel *sine eige* framfor andre (Pihl, 2011, s. 255). Pihl kallar denne teorien for sjølvtilskrivning. Ein lagar positive sjølvtilskrivningar til dei med den same kulturen som seg sjølv, medan minoriteten som har ein annan kultur får negative tilskrivningar. Dette kan vere i form av stereotypiar og stigma (Pihl, 2011, s. 253).

3. Metode

Omgrepet metode handlar om “veien til målet” (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 140), og er verktøyet ein brukar for å få svar på spørsmål og skaffe seg ny kunnskap innanfor eit felt. Den handlar om korleis vi innhentar, organiserer og tolkar informasjonen vi får (A. K. Larsen, 2007, s. 17). Forskinga skal gi oss kunnskap som ein kan stole på, og det er difor viktig med systematiske framgangsmåtar for å utvikle kunnskap, og visse vitenskaplege reglar må følgjast.

I forskingsarbeid er det vanleg å skilje mellom kvalitativ og kvantitativ metode. Kvantitativ metode bruker ein når dataen ein er ute etter er målbar, det vil seie at den blir framstilt på ein måte der ein kan telje kor mange som gav eit visst svar. Sidan dette ikkje er det ein er ute etter i denne oppgåva var det kvalitativ metode som var den logiske valet.

3.1. Kvalitativ metode

Kvalitativ metode vil i følgje Kvale og Brinkmann, prøve å forstå verda ut i frå eit enkeltindivid sine auge. Denne metoden handlar om å få fram erfaringar og opplevingar, og om å skape forståing om eit bestemt emne gjennom eit subjekt (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 20). Etter at problemstillinga vart utforma, vart det tydeleg at informasjonen som skulle hentast ikkje skulle verte framstilt ved hjelp av tal og statistikk. Oppgåva ønskjer å få ei heilskapsforståing rundt tema integrering og korleis nokre innvandrarar forhold seg til det å bli integrert i eit ukjent miljø, og ved bruk av spørjeskjema, altså kvantitativ metode, hadde ikkje undersøkinga fått utdjupande svar på same måte som ein får gjennom kvalitativ metode.

Når ein vel ei kvalitativ forskingsmetode, er det ulike måtar ein kan gjennomføre undersøkinga på. Ut i frå tema og problemstillinga i dette prosjektet, blir det her brukt ei fenomenologisk tilnærming. Denne utforminga legg vekt på å skildre menneske og deira erfaringar med utgangspunkt i eit eller fleire fenomen, i dette tilfelle integreringsprosessen. Her handlar det om den subjektive oppfatninga og om å studere fenomenet slik det blir oppfatta av intervjuobjekta (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2016, s. 78). Denne tilnærminga passar bra til denne oppgåva som vil greie ut om interessa og meiningane til informantane (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 45).

Gjennom kvalitativ metode er det ulike måtar å samle informasjon på, som til dømes observasjonar, dokumentstudie og intervju (A. K. Larsen, 2007, s. 88-94). Sidan tema er den ein skilde sine erfaringar var personleg intervju det beste verktøyet for å formidle dette. Eg valte å bruke eit semistrukturert intervju der ein har ein intervjuguide samstundes at informantane frå vere med på å bestemme kva retning intervjuet tek og kva tema det blir snakka mest om (Dalen, 2004, s. 29).

3.1.1. Fordelar og ulemper med kvalitativ metode

Ein stor fordel med kvalitativ metode er at ein som oftast møter informantane ansikt til ansikt. Dette gjer det vanskelegare for informantar å trekkje seg, i forhold til å skulle sende inn eit spørjeskjema. Ein anna fordel er at ein kan gå djupare inn på tema noko som hjelper på heilskapsforståinga. Ein kan stille oppfølgingsspørsmål dersom noko er uklart eller dersom ein er ute etter meir informasjon om eit emne, og det blir lettare å legge til spørsmål dersom det skulle dukke opp ny informasjon undervegs. Ved hjelp av denne metoden får ein grundigare og meir utfylljande svar enn kva ein hadde fått ved hjelp av kvantitativ metode. Dette kan også føre til at den som forskar får ei betre forståing av det som blir studert, som igjen er med å gjere det lettare å tolke resultata som ein kjem fram til (A. K. Larsen, 2007, s. 26). Alle desse forholda er viktig i denne oppgåva og gode grunnar til å velje kvalitativ metode.

Den største ulempa med å bruke kvalitativ metode er at ein ikkje kan generalisere svara. Etterarbeidet tek meir tid sidan det ikkje er ferdiglaga svaralternativ eller talbaserte data, og ein må finne andre måtar å klassifisere materialet. Det kan vere ei ulempe at det blir vankelegare for informantane å svare ærlig på alt når ein sitter ansikt til ansikt enn kva det hadde vore i eit anonymt spørjeskjema. I den kvalitative metoden er det lettare for informantane å bli påverka av forskaren, at ein gir dei svara som ein trur at forskaren vil høyre. Dette kan vere fordi informantene vil gi eit betre inntrykk av seg sjølv, fordi dei eigentleg ikkje har eit svar på spørsmålet eller fordi dei vil gi det svaret som er mest allment akseptert (A. K. Larsen, 2007, s. 27). Dette er alle faktorar som eg må ta i betraktning når eg utfører intervju, men for å få informasjonen som er naudsynt til prosjektet er likevel det beste valet å bruke kvalitativ metode.

3.1.2. Det semistrukturerte intervjuet

Ut i frå tidlegare vurderingar falt valet på personleg intervju med ein og ein informant slik at alle skal føle seg trygge i intervjusituasjonen. Ein bruker ein-til-ein-intervju når ein er ute etter meir detaljerte svar og refleksjonar rundt eit fenomen. Dette er også den beste måten når tema som blir diskutert er av den personlege typen, der ein kan vere redd for å skilje seg ut (Johannessen et al., 2016, s. 147). Eit anna skilje er at intervjuet kan vere strukturert, ustrukturert eller semistrukturert. I eit strukturert intervju kan det vere lettare å samanlikne informasjonen ein får, men ein kan samstundes gå glipp av informasjon sidan informanten ikkje får snakke fritt (A. K. Larsen, 2007, s. 82). Sidan denne oppgåva handlar om personlege erfaringar er det viktig at informantane får snakke relativt fritt, så eg velte å bruke semistrukturert intervju for å ha litt kontroll samstundes at vi tok det litt på sparket (A. K. Larsen, 2007, s. 83).

Eg velte å ha personleg intervju med kvar enkelt informant for å sikre at alle skulle få merksemd, og for å hindre at dei skulle føle seg usikre eller distraherert av andre sine tankar og meiningar (A. K. Larsen, 2007, s. 82-85). Det kunne ha blitt vanskelegare å dele sine meiningar med andre til stades, i alle fall i eit lokalsamfunn der det er større sjansje for at informantane hadde visst kven kvarande er.

3.1.3. Intervjuguide

Før intervju tok plass vart det utforma ein intervjuguide. Ein slik guide er planen for intervjuet og er påkrevd ved bruk av ustrukturerte og semistrukturerte intervju (Dalen, 2004, s. 29). Guiden skal ta for seg tema og spørsmål som ein vil ha svar på i løpet av intervjuet og skal sørge for at ingen av forskningsspørsmåla vert utelatt, samstundes at informanten får snakke fritt om det han vil under ein kategori. Dersom eg ville ha meir utdjupa svar, eller ville at dei skulle fortelje meir om ein kategori, så hadde kvart tema oppfølgingsspørsmål. Slike oppfølgingsspørsmål blir også brukt for å dreie samtale i den retninga som er nytting for prosjektet (A. K. Larsen, 2007, s. 83). Sidan intervjuet ikkje vart utført av ein erfaren intervjuar valte eg å ha konkrete oppfølgingsspørsmål, men dei vart ikkje alltid brukt sidan informantane svarte på mange av dei på eigen hand då vi snakka om tema. Det vart også stilt oppfølgingsspørsmål som ikkje var laga på førehand men som kom opp etter å ha høyrte på kva informanten fortalde. Slik aktiv lytting er viktig sidan informantane ofte snakkar om det dei sjølve synest er viktig (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 170), noko som var grunnleggande i denne undersøkinga for å finne ut kva informantane synest var viktige faktorar i deira integreringsprosess.

Hovudkategoriane under intervjuet var deira bakgrunn og første møte med Noreg, språkutvikling og utfordringar med å lære det norske språket, oppbygging av sosiale nettverk, integrasjon og opplæring i den norske kulturen. For å få ein mjuk start på intervjuet byrja informantane å fortelje litt om seg sjølve og bakgrunnen sin. Det er vanleg å byrje eit intervju med *oppvarmingsspørsmål* og ikkje gå rett på informasjon som kan vere meir sensitiv for informantane (A. K. Larsen, 2007, s. 83). På denne måte byggjer er ein opp tillit i forholdet mellom intervjuar og informant, og gir informanten sjansen til å bli sikrare og meir komfortabel i intervjusituasjonen.

3.2. Utvalsstrategiar

Det er ulike måtar å finne informantar på. Medan det i kvantitative undersøkingar ofte blir brukt tilfeldig utval er ikkje det like effektivt i dei kvalitative undersøkingane sidan formålet der er grundige skildringar og meiningar frå eit mindre utval (Johannessen et al., 2016, s. 113). Ein må difor ha ei meir målretta rekruttering ut i frå kva som er relevant for problemstillinga.

For å finne informantar til denne oppgåva er det brukt strategisk utval. Det vil seie at forskaren bestemmer kven som vil passe inn i målgruppa for å få datamaterialet som trengst for å belyse problemstillinga (Johannessen et al., 2016, s. 117). Vidare vart det brukt skjønnsmessig utval, noko som vil seie at informantane vart bevisst plukka ut for å delta i undersøkinga ut i frå visse kvalifikasjonar. Denne måten å velje informantar på er veldig vanleg innan kvalitativ metode for då kan forskaren velje ut kven som passar inn i undersøkinga (A. K. Larsen, 2007, s. 78). Fordi denne oppgåva er ute etter å skape eit kvalitativt bilete av eit område er det viktig å få med heilskapen og ei dubdeforståing og då passa denne utveljinga bra.

3.2.1. Val av informantar

Utvalet av informantar er avgjerande i den kvalitative intervjuforskninga. Det må bestemmast kven som skal intervjuast, kor mange og etter kva kriterier ein skal velje dei. I dette arbeidet er det viktig at utvalet ikkje blir for stort, sidan både utføring av intervju og etterarbeidet er ein prosess som tar lang tid, men samstundes må ein ha intervju med så pass bra kvalitet at det gir eit grunnlag for tolking og analyse (Dalen, 2004, s. 50-51).

På grunn av problemstillinga i oppgåva kunne det potensielt ha vore mange aktuelle informantar. For å avgrense vart det velt ut nokre kriterier som skulle vere i fokus, for så å finne ut kven av dei som frivillig stilte til intervju. Valet falt på unge menn som hadde innvandra til Noreg aleine i løpet av dei siste åra, og hadde fått opphald og er i dag busett i det same mindre lokalsamfunnet. Det var viktig med informantar som hadde budd i Noreg nokre år både for å sikre at norskkunnskapane var gode nok til å kunne kommunisere på norsk utan tolk, og for at dei skulle ha budd i Noreg lenge nok til å ha gjort seg opp nokre tankar og meiningar om korleis dei har opplevd å bli integrert. I mitt tilfelle ville eg ha informantar som hadde kome til Noreg utan familie for å finne ut korleis dei opplevde å kome til eit nytt land heilt aleine utan noko nettverk. Eg ville dei skulle vere frå eit ikkje-vestleg land sidan kulturskilander kan vere ei utfordring når ein skal bli integrert, samstundes som det må lærast eit ukjent språk. Valet falt på menn på grunn av rekrutteringsfasa, det er flest menn frå ikkje-vestlege land som har fått opphald og som er busett i dette lokalsamfunnet, noko som skulle gjere det lettare å rekruttere informantar. Desse vart plukka ut spesielt for å belyse problemstillinga. Gjennom eit slikt utval kan ein sikre at informantane er relevante og passar inn i gruppa det skal forskast på.

Informantane til denne oppgåva kom eg i kontakt med ved bruk av personleg rekruttering og ved hjelp av ein tredjepart. Eg var i kontakt med ein person som arbeida med unge flyktningar som tidlegare har budd i eit bufellesskap, men som i dag er unge vaksne som bur for seg sjølv. Denne personen var til hjelp med å plukke ut personar som ho tenkte at passa til undersøkinga ut i frå problemstillinga, og dei som frivillig sa ja til å stille til intervju etter å ha fått den relevante informasjonen om kva det skulle handle om, vart mine informantar. Det vart i første omgang plukka ut fire tilfeldige menn som ville dele sine erfaringar, og desse sa ja til å stille opp til intervju. Det enda med at desse fire informatane var nok for denne oppgåva sidan dei gav tilstrekkeleg med informasjon og svarte bra og utdjupande på alle spørsmål.

I ei kvalitativ studie er det ikkje øvre eller nedre grense for antal intervju, det handlar meir om informasjonen som ein får gjennom intervju (Johannessen et al., 2016, s. 114). Det er i slike studie viktigare med relevant informasjon, enn å ha mange informantar. Eg valte difor å gå grundigare inn på desse fire informantane for å få med alt dei la vekt på i deira integreringsprosess i staden for færre kategoriar med fleire informantar.

3.2.2. Generalisering

Eit problem i kvalitative undersøkingar er at det er vanskeleg å generalisere. Kvalitative undersøkingar går djupare enn kvantitative så ein kan ikkje ha eit like stort utval, noko som gjer at det blir vanskelegare å kome til ein konklusjon som skal gjelde *alle* (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 148). Utvalet i denne oppgåva er ikkje basert på at det skal vere representativt for alle unge menn som har innvandra til Noreg aleine frå eit ikkje-vestleg land og er i dag busett i eit mindre lokalsamfunn. Målet er ikkje å finne generaliserande svar, men lage ei kartleggingsstudie av korleis desse fire erfarte å innvandre til Noreg og bli integrert i lokalsamfunnet.

3.3. Gjennomføring av intervju

Intervjua tok plass i januar og februar og informantane fekk sjølv velje lokale dei var komfortable med. To av intervjua tok plass heime med informanten medan dei to andre tok plass på Høgskulen. Det vart avtalt tidspunkt som passa for informantane i deira kvardag, og alle var positive til å stille opp. Dei hadde på førehand fått informasjon om kva intervjuet skulle handle om og at det var frivillig å stille opp. Dette var fire menn som hadde lyst til å dele sine erfaringar og tankar om å kome til Noreg, og hadde lyst til å vere til hjelp med undersøkinga.

Før intervjuet snakka vi litt meir om kva det skulle handle om, og at dersom det var noko dei ikkje ville svare på, eller noko som var uklart var det berre å gi beskjed om det. Det viste seg at alle var opne om det meste, utan om ein som ikkje ville snakke så mykje om kvifor han kom til Noreg og sjølv reisa hans på vegen hit. Dette var ikkje noko problem sidan den type bakgrunnsinformasjon ikkje var noko som skulle vektleggast i oppgåva. Tida etter at han kom til Noreg hadde han ikkje noko imot å snakke om og snakka gjerne om sine erfaringar.

Det vart gjort lydopptak under intervjua sidan det er ein bra måte å ta vare på informasjonen ein mottek (Dalen, 2004, s. 32), men det var ikkje noko hindring for informantane. Desse lydopptaka vart seinare transkribert ord for ord for å sikre at informasjonen som informantane gav ikkje skulle bli feilsitert.

Det vart brukt intervjuguide under intervjuet der informantane fekk opne spørsmål som dei fekk snakke fritt rundt, og smalare oppfølgingsspørsmål (jf. vedlegg 1). Det viste seg at nokre av spørsmåla ikkje var nødvendig sidan informantane sjølv kom innom temaet på eit av dei tidlegare spørsmåla. Dette er fordi informantane fekk snakke utan å bli avbrote om dei som

dei sjølve la vekt på. På denne måten kom det også fram informasjon som viste seg å vere interessant, men som det eigentleg ikkje var dekt i intervjuguide.

Lengda på intervjuet var på mellom 1 - 1.5 timar, utanom eit som varte i nesten 3 timar sidan informanten hadde så mange historier han ville fortelje. Ikkje alle viste seg å vere relevante for det komande arbeidet, men nokre av dei illustrerte tankane til informanten godt og som viste seg å vere viktige i drøftingsarbeidet og for å forstå kva han har gått gjennom både før han kom til Noreg og tida etterpå.

3.4. Tolking og analyse

Etter at intervjuet var gjennomført, vart dei transkribert. Dette skjedde like etter at intervjuet var gjort, sidan det gir den beste sjansen for å best attgje akkurat kva informantane har fortalt (Dalen, 2004, s. 64). Å transkribere tyder å transformere, altså å skifte frå ei form til ei anna. Det er ikkje uvanleg at ting kan gå tapt under ein slik transformasjonen. Ironi, kroppshaldning og gestar er noko som blir tolka under intervjuet, men som det er lett at fell mellom sprekkene når intervjuet blir transkribert (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 205). Dette blir likevel den beste måten sidan det blir ein del informasjon og tekst å arbeide med.

Den vanlegaste måten å analysere eit kvalitativt intervju er gjennom meiningsanalyse (A. K. Larsen, 2007, s. 100). Dette passar også i denne samanhengen sidan oppgåva handlar om meiningane til informantane, og skal skape eit heilskapsinntrykk av deira erfaringar. Vidare nemner Larsen (2007, s. 103) kor viktig det er å finne ein balansegang mellom tolking frå forskaren si side og tolking informantane gjer om sine egne erfaringar. Det kan vere like viktig å la dei stå for sine egne forklaringar enn å diagnostisere åtferda deira i etterarbeidet.

3.4.1. Koding

Før ein analyserer datamaterialet som ein har funne, er det ein god ide å kode det. Dette inneberer å sortere materialet, og henge det på knaggar slik at det blir lettare å identifisere på eit seinare tidspunkt (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 226-227). På denne måten kan ein redusere datamaterialet som ein har fått inn til nokre få kategoriar som seinare skal gi svar på problemstilling og forskingsspørsmål. Det gjelder her å trekke ut informasjonen som ein er ute etter og foreta ein datareduksjon sidan kvalitativ metode ofte skaffar meir informasjon enn kva som er naudsynt for problemstillinga (A. K. Larsen, 2007, s. 95). Denne oppgåva er koda etter tema, eller kategori, også kalla kategorisk inndeling (Johannessen et al., 2016, s. 165). Denne inndeling tyder at datamaterialet blir sett inn i eit system av kategoriar som fungerer nesten som kapitteleverskrifter i ei bok. Dei viser kva teksta handlar om, og gjer det lettare for

ein lesar å følgje med i teksta. Intervjuguiden som vart utforma til dette prosjektet tok utgangspunkt i desse kategoriane, slik at informasjonen som var samla inn frå kvar informant vart plassert under kategoriane.

Problem med slik koding kan vere at ein endar opp med for brede kategoriar, eller at eit tema kan ta opp fleire kategoriar på ein gang (Johannessen et al., 2016, s. 165). Dette vart realiteten i denne oppgåva der nokre sitat kunne plasserast under fleire kategoriar sidan tema som språk og sosiale relasjonar og tillit kan ha fellesstrekk.

3.5. Er datamaterialet pålitelig?

For å sørge for at ein kan stole på datamaterialet ein har samla inn er det vanleg å sjekke reliabiliteten og validiteten av informasjonen.

3.5.1. Reliabilitet

Reliabilitet handlar om å vere påliteleg og nøyaktig (A. K. Larsen, 2007, s. 39). Målet er at dersom andre forskarar hadde gjort same undersøkinga hadde dei fått eit liknande resultat, noko som vil seie at dataen som ein har funne gjennom forskinga er pålitelig (Johannessen et al., 2016, s. 36). Dette er ikkje like lett når det er snakk om kvalitative undersøkingar, sidan reliabiliteten skal måle kor nøyaktig funna er, kva data som blir brukt, korleis den har vorte samla inn og korleis ein jobbar med den i ettertid. Ein måte å sjekke reliabiliteten på er at feire forskarar gjer same undersøkinga, for å sjekke om ein får same resultat (Johannessen et al., 2016, s. 37). Ulike forskarar kan ha ulike tolkingar og informanten kan bli påverka av både situasjonen og intervjuaren og ikkje ha same svaret til begge to. Ein kan ikkje seie med full sikkerheit at informanten hadde gitt nøyaktig det same svaret dersom intervjuet vart gjort på eit anna tidspunkt eller om det vart utført av ein annan forskar.

Reliabilitet handlar også om å vere nøyaktig når ein behandlar og arbeider med dataen som ein har funne (A. K. Larsen, 2007, s. 81). I mitt tilfelle er det til dømes viktig å ha orden i intervjuet som er utført og kontroll over kven som har sagt kva.

Reliabiliteten kan bli ekstra utfordra når det er snakk om intervju med menneske frå andre kulturar. Det kan vere kulturelle faktorar som påverkar relasjonen mellom intervjuar og informant, som til dømes kan ordet *ja* i nokre kulturar vere eit svar på spørsmålet medan for andre er berre ei stadfesting på at spørsmålet er oppfatta (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 173). Andre ting ein må ta i betraktning når ein intervjuar folk frå ein anna kultur er tabubelagte emne, augekontakt eller det å la ei kvinne intervju ein mann og omvendt. Dette følte ikkje eg

at var hindringar med desse informantane sidan dei har budd så pass lenge i Noreg, pluss at informantane var vande med autoritære kvinner sidan dei tidlegare var under barnevernet og hadde kontakt med kvinner der, samt i bufellesskapet som dei budde i tidlegare. Ingen av dei viste misnøye under intervjuet, heller positivitet og glede for å dele sine erfaringar. Dei likte å vere til hjelp.

3.5.2. Validitet

Validitet handlar om gyldigheit og relevans (A. K. Larsen, 2007, s. 39). Å vurdere validiteten i eit intervju er ein vanskelegare prosess enn reliabiliteten, men samstundes er validiteten i ei kvalitativ oppgåve lettare å sikre. Det er fordi det kan gjerast korreksjonar undervegs, til dømes dersom det dukkar opp andre perspektiv som er interessante, men som ikkje var eit spørsmål under intervjuet. Dette er eit positiv aspekt ved å la informantane få snakke fritt eller ha meir opne spørsmål. Ein slik fleksibel prosess kan bidra til meir valid og gyldig informasjon (A. K. Larsen, 2007, s. 80). Når ein skal sikre validiteten i eit forskingsarbeid går mykje av det på sunn fornuft, sidan det er vanskeleg å forske på noko der det ikkje finst motforestillingar (Johannessen et al., 2016, s. 67). Validiteten kan også handle om å samle inn data som er relevant for oppgåva og å stille riktige spørsmål som kan belyse problemstillinga (A. K. Larsen, 2007, s. 39).

3.5.3. Feilkjelder

Feilkjelder kan oppstå når ein bruker kvalitativ metode. Døme på dette kan vere variablar som ikkje var teke med, men som kunne ha vore med på å forklare funna eller feilkjelder som oppstår på grunn av diverse undersøkingseffektar (A. K. Larsen, 2007, s. 104). Slike variablar kan vere at intervjuaren påverkar informatane, at spørsmålsformuleringa ikkje er bra nok eller at eit svar blir påverka av andre svar gitt tidlegare i intervjuet.

Ei anna mogleg feilkjelde kan vere at dei som ja til å stille opp i denne undersøkinga er dei som føler at dei er integrert i samfunnet og har lyst til å dele sine erfaringar, sidan dei blir sett på som positive både for informanten sjølv og resten av lokalsamfunnet. Dei som er med i undersøkinga meiner at dei har jobba hardt på eigenhand for å finne sin plass i det norske samfunnet, dei har lært seg norsk, fått seg utdanning og jobb. Dersom dei ikkje hadde hatt denne positive opplevinga er det ikkje sikkert at dei hadde vore likte positive til å stille opp i ei slik undersøking. Dersom dette hadde vore ein kvantitativ studie med ja/nei spørsmål om ein var integrert hadde ein kunne ha funne eit meir realistisk tal på kor mange flyktingar som føler at dei er integrert.

3.5.3.1. Intervju med etniske minoriteter

Ein faktor som kan vere problematisk ved intervju av etniske minoritetar er språkkunnskapane. Dersom ein ikkje klarer å kommunisere saman på norsk er ei moglegheit å bruke ein upartisk tolk (Dalen, 2004, s. 33). Dette kan skape nye dilemma med tanke på feilkjelder sidan ein i tillegg må stole på ein tredjepart og deira formidlingsevne. Ein tolk må vere profesjonell og informanten må kunne stole på at ein eventuell tolk har teieplikt på same måte som den som utfører intervjuet.

Ei anna utfordring ved bruk av tolk er språklege misforståingar sidan tolken ikkje alltid har like god kjennskap til terminologien som blir brukt som forskaren som har arbeidd med prosjektet over ei lengre tid. Uklarheiter kan dermed oppstå som kan påverke svara til informanten.

Det kan som ei tredje utfordring vere vanskeleg for ein tolk å halde seg upartisk og utanfor intervjuet utan å kome med sine egne tankar og meiningar om tema som blir diskutert (Dalen, 2004, s. 32-34).

Bruk av tolk var noko som kunne ha vore relevant i ei slik undersøking sidan den handlar om etniske minoritetar. På grunn av utfordringar nemnt ovanfor og innsnevring av problemstilling falt valet vekk frå bruk av tolk. Mykje av grunnen til dette er fordi oppgåva skal handle om integreringsprosessen så utvalet av informantar falt på dei som har vore busett i Noreg ei stund slik at dei har erfart korleis det er å tilpasse seg eit nytt samfunn og bli inkludert i eit lokalmiljø. Alle informantane kunne då også god norsk slik at det ikkje vart problematisk å utføre intervju på norsk.

3.6. Ethiske dilemma i intervjuprosessen

I tillegg til desse metodiske utfordringane, kan ein i eit forskingsarbeid også kome over etiske problem eller dilemma. Prosjekt som omhandlar personopplysningar må meldast til personvernombudet, men det er likevel visse punkt ein må ta stilling til for å sikre at prosjektet ikkje kryssar etiske linjer (Dalen, 2004, s. 111-113). Ethiske spørsmål kjem ikkje berre opp under intervjuet, men det er noko som ein må tenke på heilt frå starten. Kvale og Brinkmann meiner at etiske problem i intervjuforskning oppstår på grunn av dei komplekse forholda som ligg til grunn for å "utforske menneskers privatliv og legge beskrivelsene ut i det offentlige" (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 97). Eit etisk problem er at før prosjektet blir sett i gang skal deltakarane vere informert om kva dei er med på, og gi samtykke utan ytre

press. Informantane har også krav på informasjon om kva prosjektet går ut på, korleis informasjonen blir tatt vare på og formidla vidare og korleis den til slutt skal bli presentert.

Eit etisk problem som ein møter på i kvalitativ metode er konfidensialitet; at informasjonen som ein får gjennom informatane ikkje blir avslørt (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 106). Dette vil seie at informantane må anonymiserast, og informasjon som kan vere med på å identifisere dei må takast vekk i frå intervjuet. Der metoden er intervju blir dette spesielt viktig sidan forskar og informant som oftast møtast ansikt til ansikt, og det blir difor viktig at informanten føler seg sikker og veit at informasjonen han eller ho gir ikkje kjem på avvegs og ikkje kan koplast tilbake til dei.

Eit anna etisk dilemma er korleis forskaren si rolle kan vere med på å påverka svara i eit intervju. Her er det snakk om integriteten til forskaren, eins empati, sensitivitet og engasjement i moralske spørsmål. Det er lett for ein forskar å legge vekt på feil resultat og under personlege intervju kan forskaren identifisere seg med informanten slik at den profesjonelle avstanden ikkje lenger eksisterer (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 108). Dette er alle faktorarar som ein må ta under betraktning når ein utfører eit intervju.

3.7. Presentasjon av inforantane

Informantane som har delteke i denne undersøkinga er unge, ikkje-vestlege menn som har innvandra til Noreg aleine og har vore busett i dette lokalsamfunnet i nokre år. Dei kjente ikkje kvarande før dei kom hit, og om dei har kjennskap til kvarande no er ikkje noko som har kome opp under intervjuet eller som er relevant for undersøkinga. Dei kjem frå ulike bakgrunn og kultur, men har til felles at dei har budd i bufellesskap for einslege mindreårige asylsøkjjarar sidan dei endå ikkje var myndige då dei kom til Noreg. Fordi dei flytta til bygda på ulike tid er det også variasjonar i tidsperioden dei budde der, men dette bufellesskapet gjorde at dei fekk det same møte med lokalsamfunnet og hadde omsorgspersonar sidan dei framleis var mindreårige.

Informant 1 (A1) er opphavleg frå Afghanistan, men flytta til Pakistan som liten. Han kom til Noreg i 2009, og vart plassert i dette lokalsamfunnet etter berre nokre månadar på mottak. Han hadde ikkje mykje utdanning før han kom til Noreg sidan familieforholda gjorde at han tidleg måtte vere med på å forsørgje familien sin, men kunne både å lese og skrive. Han har i Noreg fullført vidaregåande, fått seg jobb og har sin eigen plass å bu.

Informant 2 (A2) er også frå Afghanistan og kom til Noreg i 2009. Han kom hit etter over eit år på mottak i Noreg. I Afghanistan fullførte han det som vil seie vidaregåande skule her i Noreg, så han hadde ganske mykje utdanning frå før. I Noreg har han fullført vidaregåande skule med yrkesfag etter å ha tatt norskkurs og vaksenopplæring, og har i dag fagbrev.

Informant 3 (B1) har vokse opp i Eritrea og kom til Noreg i 2010. Han vart plassert i dette lokalsamfunnet etter å ha vore i Noreg litt over eit år. Han er i dag under utdanning og bur for seg sjølv. Før han reiste frå Eritrea hadde han fullført 8. klasse, men visste lite om Noreg før han fekk vite at det var hit han skulle.

Informant 4 (B2) kom til Noreg aleine i 2011, budde på mottak i fire-fem månadar før han fekk opphald og vart busett. Han gjekk barneskule, ungdomsskule og eit år på vidaregåande før han flykta til Noreg, så han var van med utdanning før han kom til Noreg. Her har han fullført norskkurs, vaksenopplæring og vidaregåande. Er i dag i jobb.

Lokalsamfunnet som det blir referert til, og der informantane har gått gjennom største delen av sin integreringsprosess, er ei kommune på Sunnmøre. Folketalet er under 10.000 og kan dermed ikkje bli samanlikna med ein større by. Sidan informantane skal forbi så anonyme som mogleg falt valet på å ikkje definere denne kommunen nærmare.

4. Empiri og analyse

Datamaterialet blir presentert gjennom sitat frå respondentane og attforteljingar av deira historier om møte med Noreg og integreringsprosessen. For å prøve å gjere presentasjonen så oversiktleg som mogleg, samtidig at informantane skal halde fram med å vere anonyme, vil dei bli omtalt med bokstav og nummer som presentert i forige kapittel.

4.1. Det første inntrykket av Noreg

Informantane kjem frå ulike land, og har ulike bakgrunnar og kunnskapar frå sine opphavlege kulturar. Det dei har til felles er at dei har kome til Noreg som mindreårige asylsøkjjarar på grunn av konflikhtar i sine heimland. På tross av ulike bakgrunnar har dei møtt Noreg på same måte; aleine, utan sosial kapital og utan å kunne språket. Alle har sine inntrykk av Noreg frå dei først kom hit og etter å ha blitt betre kjent med det norske samfunnet og dei som bur her.

4.1.1. Afrikanar 1 (B1)

B1 hadde høyrte om eit land som heitte Noreg, men vil ikkje seie at han hadde noko kunnskap utanom det. Eigentleg var ønsket å reise til England, men det var veldig vanskeleg på den tida han flykta. Då vart det Noreg i staden, noko som han er veldig glad for i dag. Etter ei periode i Nord-Noreg, var han glad for å kome nedover. Han har inntrykk av at her er betre å bu for dei frå Afrika som ikkje er så vand med å ha på mykje klede og leve i eit kaldt klima. Det var ikkje han som bestemte at han skulle busette seg på Sunnmøre. Dei som har fått opphald kan busette seg der dei vil, men staten har ei viss styring og kommunane får bestemme kor mange dei vil ta imot samt kva type flyktningar dei vil busette (NOU, 2017, s. 47).

Fyrsteintrykket av Noreg var at her var mykje kaldare og at folk var lite sosiale. I Eritrea er ein ute mesteparten av dagen, anten så spelte han fotball i gatene saman med kompisar, spelte kort eller var på besøk med andre. Ein ting er i alle fall klart; ein er mykje meir med folk i Eritrea enn kva ein er i Noreg. Han undrast på om at kanskje vêret kan vere grunnen. Slik som dagane hans er i dag, har han kome fram til at det er like greitt at nordmenn er litt meir for seg sjølv enn kva som var vanleg for han. På denne tida er han ganske oppteken, sidan han framleis går på skule og det er vanskeleg og mykje å gjere. Han er så klart med vener når han har tid, men no er det andre prioriteringar. Han har innsett kor viktig det er med utdanning i Noreg, endå viktigare enn kva det er i Eritrea vil han påstå.

Dersom han skulle samanlikne inntrykket han hadde av Noreg like etter han kom hit og i dag etter å ha budd her i fleire år, synest ikkje B1 at det er så mykje som har forandra seg. Han meiner framleis at klimaet her er hakket for kaldt, og folka er framleis for lite sosiale for hans sin smak. Han vel likevel å legge vekt på det positive i staden for å sjå berre på det som er negativt. For Noreg meiner han uansett er betre enn hans opphavlege land, i alle fall akkurat no.

4.1.2. Afrikanar 2 (B2)

Det einaste B2 visste om Noreg før han kom hit var at det eksisterte eit land som heitte *Norway*, det var ganske lite og var ein del av Skandinavia. Han hugsar ikkje så mykje frå akkurat den første tida i Noreg anna enn at han budde på mottak saman med mange andre innvandrarakar, og venta på å få vite om ein fekk opphald eller avslag. I likskap med B1 var det heilt tilfeldig at han kom til Noreg. Han hadde ikkje aning på kvar han kom til å ende opp då han reiste med menneskesmuglaren og ei gruppe andre ukjente menneske. Han fortel at det er ikkje slik at ein må kjenne nokon, men ein betalar ein mann for å ordne ting for seg. Der er det førstemann til mølla som gjeld, med mindre nokon har meir pengar, då kjem dei først i køa.

B2 sitt første inntrykk av Noreg er borte vekk for han. Han hugsar at han vart plassert på mottak saman med mange han ikkje kjente, og visste ikkje heilt kva han skulle gjere eller kvar han skulle gjere av seg. Han vil difor ikkje seie at han hadde noko spesielt inntrykk av den norske kulturen eller språket den aller første tida. Det han vil seie er at han er sikker på at inntrykket har blitt meir positivt etterkvart som han vart kjent med folk og språket og ikkje minst fekk ein permanent plass å bu. Han meiner at den første tida var prega av mange nye inntrykk, litt sjokk og mykje usikkerheit.

4.1.3. Afghanar 1 (A1)

A1 hadde heller ikkje noko kunnskap om Noreg før han fekk vite at det var hit han skulle. I likskap me dei andre var det ei tilfeldighet at han enda opp i Noreg. Ei tilfeldigheit han ikkje ville ha endra på i dag sjølv om han fekk moglegheita til det:

For å vere ærleg så visste ikkje eg noko. Fordi eg budde i Italia, så fekk eg berre vite at eg skulle hit. Ein sånn “agent” som det heiter på engelsk, sa at bort i Noreg der er det fint og kjekke folk og dei tar imot folk som kjem frå andre land.

Akkurat den første tida i Noreg er litt uklar for A1, sidan det var så mykje nytt og mange nye inntrykk. Den første tida vart brukt på politistasjonen der det var ein tolk som ordna ting for dei, før dei vart sendt til eit asylmottak. Alt dei kunne gjere å vente for å finne ut om ein fekk opphaldsløyve. Den første tida var prega av mykje usikkerheit om framtida, så alt A1 prøvde å konsentrere seg om var å lære seg norsk og finne folk han kunne snakke med, men frykta om kva som skulle skje vidare forsvann aldri frå tankane:

Av og til drøymde eg. Fordi der var folk som budde der med oss som vart sendt tilbake, sånne under 18. Eg trur i alle fall at 4-5 vart sendt tilbake. Eg var så redd, alle var det. Fordi politiet kom om natta og ein visste ikkje om det var for å ta deg liksom. Dei kom og banka på, også opna du og dei kunne berre seie “pakk tinga dine!” Så vi var kjemperedde, kanskje var det vår tur. Til slutt, etter 9 månadar var der ein som fekk opphald, trur det var ein torsdag, også fekk eg fredagen. Då vart eg avslappa.

A1 synest at det er vanskeleg å hugse fyrsteintrykket sitt av Noreg, på den tida var han heilt overvelda. Det han hugsar frå den tida er ikkje dei positive inntrykka, men heller stresset, usikkerheita og redselen. For han har inntrykket av Noreg vorte meir positivt etter kvart som han vart kjent med landet.

4.1.4. Afghanar 2 (A2)

I motsetnad til dei tidlegare informantane hadde A2 høyrte om Noreg før han kom hit. Medan han gjekk på skulen i Afghanistan hadde han lært litt om landa i verda, inkludert Noreg. Det var ikkje han som bestemte at det var hit han skulle flykte, men han vart veldig glad for at det var her han enda opp. Etter å ha kome til Noreg oppdaga han at det var dette landet han hadde lest så mykje om i ei bok medan han var liten og gjekk på skule:

Den handla om Europa, og spesielt Skandinavia. Så det hugsar eg veldig godt, at når vi har lest om Noreg, så stod det at det er eit land som heiter Noreg og at det er i Nord-Europa. Og der er det seks månadar natt, og seks månadar dag. Så på denne tida ønska eg at, at kanskje eg skulle ha sett dette landet.

For A2 viste det seg at å kome til Noreg vart som eit ønske som vart oppfylt, sjølv om han ikkje visste det der og då. Det tok ei lita stund før han kopla at han var i det landet som han hadde lest om. Frå første stund synest han at Noreg var eit estetisk vakkert land: “eg kom, eg hugsar at eg kom til Kristiansand, frå Danmark. Eg hadde aldri sett før i livet mitt, så grønt, havet, og så vakkert. Eg trudde eg kom til paradiset”. Etter å ha budd her eit par år, merka han

at han gløymde å sette pris på det, så nokre gongar må han berre sette av litt tid til å tenke på kor heldig han er som får bu i eit land som Noreg. Sett vekk frå første inntrykket av kor vakkert landskapet er i Noreg, deler A2 inntrykket av at det er vanskeleg å kontakte folk i Noreg, samtidig som her er så mykje mindre folk enn kva han var vande med. Når ein kjem frå eit land med ca. 30 millionar innbyggjarar og busett seg i dette samfunnet, meiner han at ein må rekne med nokre skilnadar i samfunnet. Han synet at alle nordmenn bør sette meir pris på alle dei gode tinga dei har, sjølv om det er lett å ta ting for gitt i kvardagen når ein ikkje har opplevd krig og konflikt på nært hald.

4.1.5. Likskapar og ulikskapar i fyrsteintrykka

Ingen av informantane var kjent med Noreg før dei kom hit, tre av dei hadde høyrd om landet men hadde ikkje kunnskap om det utanom at det eksistera. I staden for å tenke på kva dei reiste til, var det felles for alle at dei tenkte meir på kva dei reiste i frå. Alle informantane reiste frå familien sin for å skaffe seg eit tryggare og betre liv i Europa. På grunn av konflikter og krig var dei ikkje trygge i sine heimland, så dei gjorde det dei trudde var den beste utvegen; flykte.

Det som går att i forteljingane deira om møte med Noreg er opplæringa i den norske kulturen og språket og kor vanskeleg det var å kome i kontakt med det nordmenn. Desse faktorane heng samane sidan både språk og sosiale levemåtar er delar av kulturen og har tyding når ein skal integrerast. Desse faktorane skal derfor presenterast vidare.

4.2. Det norske språket

Språk er det som gjer at ein kan kommunisere med kvarandre, og ligg til grunn for at ikkje-etniske nordmenn kan kome i gang med integreringsprosessen. (Wikan, 1995, s. 58). Informantane merka raskt at språket kunne bli ei utfordring og var dermed noko som dei måtte jobbe med. Det er gjennom språket ein kan byggje sosiale nettverk, og det er noko av det første ein møter i eit nytt samfunn. Dersom ein ser på integrering som ein prosess (Brochmann, 2014; Stortingsmelding 49, 2003-2004), blir språket ein grunnleggjande faktor for å vidare byggje nettverk og utvikle sin sosiale kapital. Dersom ein ikkje kan kommunisere med nordmenn, er sjansen større for å berre opprette sosial kapital i form av band, noko som igjen kan hindre at ein ikkje kan utnytte eins kapital til å skaffe seg gode i samfunnet (Putnam, 2007). Språket ligg difor til grunn for dei andre faktorar som er med på å påverke eins integreringsprosess.

I Norge har ein *Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)* som skal sikre innvandrane sine moglegheiter for deltaking i yrkes- og samfunnslivet, samstundes sikre at dei blir økonomisk sjølvstendige (Lovdata, 2017). Alle informantane har vore bestått dette kurset og gått vidare på skule. Å lære eit språk som ein ikkje har erfaring med frå før kan vere komplisert. Nokre synest det er lettare enn andre, men det er likevel ein viktig del av å bli integrert (Jakobsen, 2007, s. 22).

Språket var noko av det første informantane nemnte at var viktig for å bli integrert, og ein faktor som kom igjen mange gangar under intervju; spesielt kor utfordrande og vanskeleg det er å lære seg språk dersom ein ikkje er motivert for det og legg ned ein innsats for å bli god. Ein kan trygt seie at alle fire informantane er klar over kor viktig det er å lære seg norsk, og er eining i Einarsen sitt resultat om at språk er både viktig for å klare å kommunisere og for å få utdanning og kome seg ut i arbeidslivet som er ein av dei viktigaste arenaane for integrering (Einarsen, 2013).

4.2.1. Motivasjon

Fordi det er vanskeleg å lære seg eit nytt språk, er det ei felles oppfatning blant informantane at det er viktig med gode og flinke lærarar som har tid til kvar enkelt elev og skjønar korleis ein skal lære andre eit språk. A2 synest at han var heldig med lærarane han hadde, og set stor pris på tolmoda og læringsevna denne læraren hadde. Det er ikkje alle som er like heldige på dette feltet meiner han, men han var. Denne læraren er mykje av grunnen til at han var motivert og inspirert til å forstå det norske språket. Hadde han ikkje lært seg det grunnleggande som han lærte på opplæringa, hadde han ikkje hatt mot til å kontakte nordmenn slik som han har hatt. Dette kunne vidare gått ut over dei sosiale nettverka han skaffa seg, som avsnitta seinare i oppgåva skal vise at er grunnleggande for den vidare integreringsprosessen.

I følge B2 er det ikkje slik at ein møter nordmenn og må snakke norsk med ein gang. Den første tida i Noreg er ein saman med andre utlendingar der det blir snakka mange ulike språk. Dei einaste norske ein møter på er frå politiet, UDI og andre instansar, og då er der tolk eller nokon som snakkar engelsk. Slik er det heilt til ein blir busett. Men ein må byrje på norskkurs med ein gang ein blir plassert på mottak, dette synest ikkje B2 var så vanskeleg. Han visste at når ein reiste til eit nytt land, må ein også lære seg eit nytt språk. Det er tungt i byrjinga, men samstundes veldig viktig å kome i gang. Allereie medan B2 budde på mottaket byrja han å

gjere sitt beste for å lære seg nye ord. Han lærte seg norsk medan han spelte fotball saman med dei andre innvandrarane, kanskje nokre hadde budd der lenger enn han og kunne meir, då tok han til seg ord og uttrykk han høyrde:

Du lærer språket når du snakkar med andre. Dei sei eit ord som du ikkje har høyrte før, også tar du det med deg. Du kjenner kanskje meininga utan å skjønne ordet. Men skjønner kva dei meinte liksom. Også kan du bruke ordet neste gang.

Dette har vore den viktigaste læringsmetoden for B2. Han er glad for at han kunne så pass norsk som han gjorde då han byrja på vidaregåande skule. På den måten slapp han å konsentrere seg om alle orda eller setningane som han ikkje forstod, men i staden fokusere på det som skulle lærast. B1 sin personlege motivasjon for å gjere det bra på skulen er at han vil ha ei god utdanning. Dette har alltid vore målet hans, også medan han budde i Eritrea, men han trur ønsket har vorte sterkare etter at han kom til Noreg.

I byrjinga var A1 veldig usikker for å byrje på skule fordi han hadde ikkje så lang skulegang frå Afghanistan. Dette meiner han har vore med på å motivere han til å jobbe endå hardare og gjere sitt beste no når han har så mange moglegheiter og betre framtidsutsikter enn kva han såg for seg i Afghanistan.

Tankane informantane hadde rundt motivasjon kan ein finne att i forskning. Alt frå A2 som sette pris på den gode læraren sin, til A1 og B1 som innser at ein sjølv er ansvarleg for eiga læring. Motivasjon er drivkrafta (Skaalvik & Skaalvik, 1996, s. 72), og dersom ein i tillegg har hjelpa ein treng så kan ein nå langt i samfunnet (Skaalvik & Skaalvik, 1996, s. 121). Det er ikkje nok at samfunnet legg til rette for læring dersom ein sjølv ikkje er motivert til å jobbe med det. Det er som A1 seier, språk er noko ein må jobbe lenge og mykje med. I dag har han budd i Noreg i fleire år, men det kjem likevel tider han er usikker og må spørje kva nokon meiner. Alle informantane gav uttrykk for at deira eigen motivasjon var grunnleggjande for gode språkkunnskapar, og at dei vart inspirert vidare når dei hadde framgang. Unni Wikan har kome fram til at språket er grunnleggjande for å skape seg ei framtid (Wikan, 1995, s. 58), noko B1 er heilt eining i: "alt er mykje lettare dersom ein kan språket. Språk er veldig viktig". Stortingsmelding 30 melder at det blir stilt store krav til motivasjon og eigeninnsats for å få best mogleg integrering, men det gir informantane uttrykk for at dei allereie har. Obligatorisk norsk opplæring er eit bra tiltak (Lovdata, 2017), men tek ikkje vekk frå eigen motivasjon og hjelp utanfrå (Skaalvik & Skaalvik, 1996).

Jon Lauglo sitt forskingsresultat er at dersom ein har familie rundt seg er det lettare å bli motivert til skulearbeid sidan ein har folk som ein kan spørje om hjelp og vere rollemodellar som gir støtte og råd om å ta utdanning på alvor (Lauglo, 2010, s. 34). Det har ingen av informantane, men motivasjonen blir i staden å jobbe hardt for å få eit betre liv. Dette kan vere ein del av grunnen til at barn og unge frå ikkje-vestlege land har ein gjennomgåande høgare ambisjon når det kjem til utdanning, og jobbar hardare enn medelevar (Lauglo, 2010, s. 11). Obligatorisk norsk opplæring er dermed ein god ide (Lovdata, 2017), men tek ikkje vekk frå eigen motivasjon og hjelp utanfrå (Skaalvik & Skaalvik, 1996).

4.2.2. Dei norske vokalane

Ein ting med det norske språket som skil seg ut som ekstra vanskeleg for informantane er å lære seg skilnaden på vokalane, spesielt dei tre siste som ikkje finst i det engelske språket. B1 sa dette om kor vanskeleg det var å lære seg det norske språket:

Har gått bra. Brukte to år før skikkeleg skule. Var ganske vankeleg for å vere ærleg, spesielt med dei siste bokstavane, æ,ø,å. Det var kjempevanskeleg. Vi har andre bokstavar. Det er liksom gøy også da.

Eit nytt språk er ofte komplisert å lære, men A1 er redd for at det var endå vanskelegare for han sidan han ikkje hadde gått så mykje på skule frå før. Viss han hadde gått lenger på skule i Afghanistan hadde han kanskje lært seg det norske språket litt raskare. Men det kan han ikkje gjere noko med uansett, berre jobbe mykje så godt han kan. Det som var spesielt utfordrande for A1 var å lære seg dei norske vokalane. Dette var bokstavar og lydar han ikkje var vand med og som han trengte å jobbe mykje med før var på plass i vokabularen:

Det å lære seg æ ,ø, å, det tok lang tid. Eg starta bort i Sunndalsøra. Vi starta å snakke også kom læraren “klare dokke å seie æ, ø, å?” Vi berre “ø, ø, ø” også “ø, å, ø”. Dette der det var... det tok kjempelang tid dette der. Eg klare framleis ikkje alltid sånn perfekte æ, ø, å-lyda i setningar liksom. Men ja, dette der det var ikkje lett, det tok si tid.

Dette heng saman med førre avsnitt om motivasjon, og korleis A1 ikkje hadde klart å lære seg det norske språket så godt som han har dersom han ikkje hadde hatt motivasjon til det. Han var veldig obs på at det er opp til han kor god han skal bli i det norske språket, og den største hindringa er han sjølv. Skaalvik og Skaalvik sin teori om personleg motivasjon blir difor bekrefte gjennom informantane.

I likskap med dei andre informantane, er A2 samstemt med meininga om at norskkurs var viktig og lærerikt for å lære seg den grunnleggande norsken som var naudsynt for å kome seg vidare i integreringsprosessen. Sjølv om eigen motivasjon er viktig, vil han ikkje nedprioritere viktigheita med dette kurset som er lovpålagt for innvandraran i Noreg; introduksjonsloven (Lovdata, 2017). Han forklarar det første møtet med dei norske vokalane slik:

Det var i begynnelsen kjempevanskeleg. Spesielt korleis man uttalar ikkje sant. I begynnelsen min lærar begynte å ha penn også begynte ho med æ,ø,å. Eg tenkte at ho var galen. Men no tenker eg at det er best at man høyrer på korleis man uttalar, for viss man ikkje klarer uttale skikkelig så kan man ikkje snakke godt norsk. Så det var kjempeviktig (...) så språk er vanskeleg. Grammatikk, norsk grammatikk er vanskeleg uansett. Det er vanskeleg.

Det er ikkje berre informatane i denne oppgåva som synest at språklæring er vanskeleg. Norsk er ikkje det vanskelegaste språket å lære seg, men mange nordmenn tek skrivereglar for gitt medan det kan vere problematisk for dei som skal lære språket i ein vaksen alder (Libell, 2015). Informantane trakk fram pugging av vokalane som noko av det vanskelegaste, noko som ikkje er så rart sidan norsk ikkje berre har ekstra vokalar som ein ikkje har i andre språk, men ein skil også mellom lange og korte vokalar når ein snakkar, men ikkje når ein skriv (Libell, 2015).

Det er ikkje berre pugging som gjeld, men kommunikasjon og å bruke språket aktivt. Ein grunn til at norske barn lærer seg det norske språket perfekt medan innvandraran synest det er vanskeleg, er at barn lærer gjennom erfaring utan å tenke på reglar, medan vaksne er meir opptekne av reglar, men veit ikkje alltid korleis ein skal bruke dei i praksis (Libell, 2015). Difor er det spesielt viktig med nordmenn som ville kommunisere med flyktningar.

4.2.3. Kommunikasjon

Sjølv om ein har deltatt på norskopplæring og lært seg grunnleggande norsk ved hjelp av pugging av norske ord og grammatikk, er det ein annan ting som viser seg å vere viktig når det kjem til å lære seg flytande norsk, og det er å kommunisere med andre nordmenn. Å aktivt bruke språket er hjelpesamt. B1 vart nesten litt glad då han byrja på vidaregåande skule og fann ut at han var den einaste eritrearen i si klasse. Då vart han tvungen til å bruke norsk, noko som var bra sidan han ikkje var så flink til å bruke det når han snakka med andre frå Eritrea.

Grunnen til det er at dei automatisk snakkar tigrinja, som er det eritreiske språket, men han trur også at litt av grunnen er at dei blir sjenerte og usikre på språket rundt kvarandre. Sjølv om det er greitt å ha andre der som kan fungere litt som ein tolk, blir ein usikre sidan folk lærer i ulikt tempo og på ulike måtar. Han synest at det er litt keisamt dersom ein annan eritrear som har vore i Noreg like lenge som han, har blitt kjempeflink i norsk medan han sleit meir og trengte meir hjelp. Det er på slike tidspunkt B1 likar å ha nokon som motiverer og inspirerer. Tidligare forskning har vist at dette kan vere nyttig (Skaalvik & Skaalvik, 1996).

A1 legg også vekt på det praktiske når ein skal lære seg eit nytt språk. Det er ikkje nok å berre sitte på skulen å pugge, men ein må bruke det. dette er Jakobsen heilt einig i (Jakobsen, 2007, s. 75). Hennes ide er at innvandrare lærer betre norsk gjennom praktisk arbeid i staden for pugging, spesielt sidan mange er analfabatar før dei kjem til Noreg. Dette stemmer ikkje direkte med informantane, men dei er likevel einig i at dette er den beste måten å lære på. A1 var ikkje så flink til å kommunisere med andre på norsk medan han budde på mottaket. Mykje at grunnen til dette var at der var dei så mange Afghanarar i lag at det var lettare å snakke sitt morsmål. Det som var mest hjelpsam for han var når han byrja å bli kjent med nordmenn, og spesielt at han fekk seg kjæraste som var etnisk norsk. Gjennom henne lærte han mykje, både språk, om kulturen, om nordmenn og skulen han skulle byrje på. For å i det heile tatt kunne kommunisere med henne måtte han lære seg litt norsk, noko som vart ei form for motivasjon, samstundes som han lærte norsk utan å tenke på det som læring. Dei snakka saman og skreiv meldingar. Når han tenker tilbake, eller leser gamle meldingar han har skrive, undrast han over korleis folk i det heile forstod han. Det er då han skjønner kor mykje han har lært. Å sjå framgang kan vere ei form for motivasjon.

For A2 deler synspunktet om kor viktig det å bruke språket, i staden berre for å sitte på skulen å pugge. Prøve og feile; det er slik ein lærer. Han nemner at han fekk jobb på ein matvarebutikk som ei av dei beste læringsmoglegheitene. Her fekk han kommunisere mykje med nordmenn, og verkeleg utvida språkkunnskapane sine og lært seg mange nye ord:

Det er heilt vanleg å vere med norske, vere med det norske samfunnet. Og jobbe på ein plass med norske folk. Du lærer mykje, eg har ikkje lært så mykje språk på skulen enn eg har lært på butikken.

Her kjem igjen viktigheita av nordmenn si inkludering på bana. Sjølv om A2 og dei andre informantane har lyst til å kommunisere med nordmenn, er alt avhengig av kor inkluderande nordmenn og lokalsamfunnet er. Som forskning viser, er inkludering ein stor del av integrering

(Loga, 2012), og lokalsamfunnet må tilpasse seg for å ta imot folk frå andre kulturar på best mogleg måte (Ødegård et al., 2014).

B2 kjem inn på den same punkta ved språklæring. Då han flytta til dette lokalsamfunnet var han framleis veldig usikker og følte seg ikkje komfortabel med å snakke norsk saman med andre. Skulen lære han å pugge grammatikk og vokalar, men språk meiner han at ein ikkje lærer berre ved å gå på skule:

Viss eg sa i dag at eg skulle lære meg fransk eller spansk, då må eg prate og bruke språket veit du. Så skulen har lært meg korleis eg skal skrive og uttale og såne ting. Men elles, å prate, så lærer man mykje meir uttrykk utan skulen. Man lærer av å høyre på andre og bruke igjen. Så ein dag kan eg sjå at ordet eg brukar står ein annan plass, anten på skulen eller viss eg les ei bok, så står det der, eit ord som eg brukar til vanleg og som eg kan, men på ein annan måte liksom. Så man lærer ulikt av å skrive og sei liksom.

Ein annan ting som hjelte B2 mykje var at medan han budde i bufellesskap var der ikkje andre frå Somalia. Då vart han tvungen til å snakke norsk dersom han ville kommunisere med nokon. På same måten som B1 var glad for å ikkje ha andre frå Eritrea i klassa då han byrja på skulen. B2 var fullt klar over at språket ligg til grunn for å kunne vere sosial. I følgje forskning gjort av Jakobsen (2007, s. 148) og Einarsen (2013), er kommunikasjon grunnleggande i samfunnet for å ha kontakt med andre menneske og blir difor også ein viktig del av å bli integrert. Språket blir i følgje Jakobsen utvikla i sosiale samanhengar og gjennom å kommunisere med andre. Dette viser informatane forståing for, men sjølv om dei gjer sitt beste, må majoriteten i lokalsamfunnet gjere sin del og ta imot dei på best mogleg måte (Stortingsmelding 30, 2015-2016). Forsking viser også at flyktningar kjem seg raskare i arbeid dersom dei har språkkunnskapen og samfunnskunnskapen i grunn (NOU, 2011, s. 127). Å vere sjølvstendig er ein viktig del av integreringa, så dette viser igjen kor viktig det er med gode språkkunnskapar.

4.2.4. Språk som grunnlag i utdanning og arbeid

Språk ligg til grunn for så mangt i samfunnet; til dømes utdanning og arbeid. Ein måte å måle om ein flyktning er integrert er gjennom sysselsetting i samfunnet. Når det kjem til utdanning er det relativt få med innvandrarakgrunn som tek høgare utdanning (NOU, 2017, s. 69). Dette gjeld spesielt flyktningar, sidan arbeidsinnvandarane har kome for å jobbe ikkje for å ta utdanning. Det er problematisk å starte på høgare utdanning for dei som har kome til Noreg i vaksen alder, og dermed ikkje har gått vidaregåande skule i Noreg. Forsking viser at dei

innvandrarene som tar høgare utdanning ofte tar dei mest prestisjefulle utdanningane som er vanskelege å kome inn på og som tar lang tid å fullføre (NOU, 2017, s. 67). Dette forskingsresultatet både stemmer og stemmer ikkje med empirien i denne oppgåva. Alle informantane har fullført vidaregåande yrkesfagleg skule og fått seg jobb, utanom B1 som bestemte seg for å ta eit år påbygg på vidaregåandenivå for å ha større moglegheiter for høgare utdanning seinare. Han vil halde moglegheitene opne, men trur ikkje han kjem til å ta så veldig lang utdanning. Han er klar for å finne seg jobb og tene sine egne pengar.

Ein grunn for at innvandrare ikkje tek høgare utdanning i følge NOU rapporten er det økonomiske aspektet (NOU, 2017, s. 70). Dette synspunktet er informantane med på å forsterke. Ein viktig grunn til at dei føler seg integrert er at dei har jobb og ikkje lenger er avhengig av andre for økonomisk støtte eller andre gjeremål. Dei har blitt sjølvforsørgjande. Ein annan grunn til dette kan vere språkproblem. Sjølv om ein flyktning har lært seg bra norsk kan det oppstå problem under utdanning med tanke på vokabular og forståing. Ingen av informantane har tatt sikte på arbeid som krev lang utdanning, om dette er på grunn av usikkerheit rundt språket kjem ikkje fram under intervjuet, men dei gir heller inntrykk av å ha ei form for praktisk arbeid som yrkesmål.

Forsking har vist at innvandrare i Noreg er flinke på skulen og ofte jobbar hardare enn gjennomsnittet (Stortingsmelding 49, 2003-2004), og dette vil eg seie at informantane er med på å forsterke. Dei gir alle inntrykk av å jobbe veldig hardt, både når det kjem til å lære seg norsk og til å få seg utdanning som fører til arbeid.

Det viser seg at det obligatoriske norskkurset er ein viktig del av språklæringa, men det som er endå viktigare er at nordmenn inkluderer flyktningar, både når det kjem til arbeidslivet og det sosiale. Stortingsmelding 49 frå 2003 skriv at det er viktig å legge til rette tiltak for at innvandrarbarn får språkstimulering alt frå ein tidleg alder, sidan det ikkje er nok med deltaking i barnehage og skule, men tek ikkje vekk frå viktigheita ved den sosiale deltakinga (Stortingsmelding 49, 2003-2004). Stortingsmelding 30 handlar om korleis få ein best mogleg overgang frå mottak og ut i arbeidslivet. Her blir introduksjonsprogrammet vektlagt, men ein vil også tilby meir opplæring i samfunn og kultur. Det blir viktig med eit samarbeid med den offentlege sektoren og arbeidsmarknaden for at alle skal få prøve seg, og dei meiner alle at dei lærer meir av prøving og feiling enn av å pugge ord på skulen. Til dømes NAV i Tjøme og Tønsberg kommune har starta opp eit nytt program som slår saman norskopplæring

og arbeidserfaring (Arbeid & inkludering, 2016). Ei bedrift i Tjøme kommune har utvikla ein modell der målet er å få norskferdigheiter, arbeidskunnskap og yrkeskompetanse. Her får innvandrarane to dagar med norskopplæring etterfølgd av tre dagar med fagopplæring og praksis over ei to års periode. Dette er gjort for å betre integreringa og vere inkluderande på arbeidsmarknaden. Resultatet av denne ordninga er framleis ikkje klart, men er døme på lokalt samarbeid for å betre integreringa i samfunnet.

Ingen av informantane føler at dei snakkar bra nok norsk. Dei lærer nye ting og ord ofte, men er samstemde i at dei kan nok for å fungere i det norske samfunnet. Informantane er samde med Unni Wikan som menier at språket er det mest grunnleggande for å fungere i samfunnet, (1995, s. 58), og at det er ein grunnleggande faktor for å klare seg i samfunnet (Jakobsen, 2007, s. 22). Jakobsen sine forskingsfunn om at ein lærer betre norsk av praktisk arbeid i staden for å sitte i eit klasserom stemmer til dels med erfaringane til mine informantar (2007, s. 75). Alle har nemnt at det er gjennom samhandling med andre at dei har utvikla det norske språket så bra som dei har i dag, men utan først hjelpa i klasserommet hadde det vore vanskelegare å ta steget å kommunisere med andre.

4.3. Sosial kapital og sosiale nettverk

Sosiale nettverk er viktige for føle seg heime i eit samfunn. Desse nettverka utgjer eins sosiale kapital, og denne må flyktningar og innvandrarar byrje å byggje opp på nytt etter at dei har kome til Noreg. Sjølv om ein hadde mykje sosial kapital i sitt heimland tyder ikkje det at denne blir overført til det norske samfunnet (Bø & Schiefloe, 2007; Loga, 2012; Norges forskningsråd, 2005). Dette må ein byrje på nytt og byggje opp, og eg vil ta med dette som eit viktig moment som er med på å integrere ikkje-vestlege flyktningar. Teorien om sosial kapital vart ikkje brukt direkte under intervjuet fordi det ikkje var eit omgrep som informantane var kjent med. I staden blir omgrepet operasjonalisert og sett opp mot spørsmål om venskap, tillit og bygging av nettverk. Sidan alle informantane kunne godt norsk hadde dei ikkje noko problem med å utrykke sine meiningar og erfaringar rundt desse tema.

4.3.1. Bygging av sosiale nettverk og sosial kapital i det norske samfunnet

Sosiale nettverk og venskap er faktorarar informantane hadde mange tankar og meiningar rundt. B1 ser viktigheita av å ha eit sosialt nettverk, men det var ikkje så lett å byggje seg opp

eit slikt nettverk i Noreg. Dette har samanheng med første inntrykket hans av Noreg som var at nordmenn er mykje meir private og likar seg heime. Dette var annleis enn samfunnet i Eritrea der han har vekse opp, der ein ikkje er van med å tilbringe så mykje tid åleine. B1 lurar på om det kan ha noko med vêret å gjere, sidan her er mørkt og kaldt store delar av året, at nordmenn på den måten berre har blitt vande med å vere heime i staden for å ta seg ein tur ut etter at ein er ferdig på jobb og skule. Det tok litt tid for han å venne seg til dette, men han har kome fram til at det er ein del av den norske kulturen.

I dag består B1 sitt sosiale liv i størst grad om dei han går på skule saman med. Det sosiale har forandra seg mykje sidan han gjekk første året på vidaregåande til i dag. Han fortel at det var vanskeleg å kome inn i ei klasse med 16-åringar då han sjølv var 18 år og følte at han ikkje høyrde heime. No når alle er litt meir vaksne går det betre. Han trur mykje av det handlar om at norske ungdomar blir vaksne seinare enn i hans kultur. Då han var 16 flytta han frå familien og kom til eit nytt og framand land heilt aleine. Han tenker at i Noreg er ein framleis eit barn når ein er 16 år. Noko han påpeiker er bra for nordmenn, men vanskeleg for som prøver å passe inn. I dag merker han stor skilnad på 16- og 18-åringar. Når ein er litt eldre, er dei litt meir opne og snakkar meir. Etter han byrja å snakke meir med folk på skulen, vart han også flinkare i det norske språket og vart meir sjølvstikker når det kom til å kontakte folk. Alt dette har vore hjelpsam med å skaffe eit større sosialt nettverk. Det kjem dermed opp på nytt viktigheita ved å lære seg språket.

Ein ting A1 har til felles med B1 er at han også synest at nordmenn er mykje vanskelegare å bli kjent med enn folk frå hans heimland og at nordmenn er alt for lite sosiale. Der har fyrsteintrykket hans av nordmenn ikkje endra seg:

Ja, det er ein heilt annan kultur der. I landet mitt, viss vi berre ser ein person ein gang og seie hei, så er vi nesten som bestevener neste gang. Men her er ikkje alle så sosiale, eller så offentlege. Så viss du ser nokon du kjenner her, berre bøyer du hovudet, berre for å seie hei.

A1 vil også legge til at dette nok ikkje gjeld alle. Folk her er ulike på same måte som alle andre plassar, og det er mange her som har vore flinke til å ta imot han. Han vil igjen nemne kjærasten han hadde. Dersom han ikkje hadde møtt ho, er han usikker på om han starten hans i Noreg hadde vore like bra som han tenker på den i dag. Denne eine person var med på å utgjere ein stor skilnad for A1, og på kor velkommen han følte seg i lokalsamfunnet. Utan ho,

er han redd for at han hadde brukt lenger tid både på å lære seg språket og på å skaffe seg vener.

Når det kjem til sosial kapital og sosiale nettverk vil A2 seie han har det bra. Han kjenner mange folk overalt i Noreg. Dersom han til dømes skulle ha reist til Oslo eller Trondheim hadde han ikkje trengt å tatt inn på hotell. På grunn av at han har budd på mottak og i bufellesskap har han nok av folk han kjenner og som han gjerne bur hos for ei helg. Det som er dumt med dette nettverket er at det i størst grad består av innvandrarak og helst afghanarak. Det var etter at han fekk praksis på matbutikken at han vart flinkare til å kontakte nordmenn, og vart kjent med nokre andre som arbeidde der.

I dag vil B2 seie at han har eit bra nettverk beståande av både andre afrikanarak, afghanske, norske og andre. For han handlar det ikkje om kva land ein har vokse opp så lenge ein er bra person. Han synest ikkje at det var vanskeleg å skaffe seg norske vener, men merker stor skilnad i det sosiale livet i Noreg og i sin opphavlege kultur:

Det er litt forskjellig da, men der var vi samla. Her køyrer ungdomane bil og rånar veit du, (...). Men der var vi, der samla vi oss ein plass, så snakkar og snakkar vi. Også plutseleg så bråkar vi, så kjem det folk som seier at vi må slutte. Så går vi. Men så samlast vi igjen ein ny plass og pratar og pratar heilt til klokka to om natta, då er vi ferdig.

Også etter at han var ferdig på vidaregåande har B2 vore påpasseleg med å skaffe seg vener og byggje seg opp eit nettverk av ulike folk. Det har spesielt vore hjelpsamt at han er glad i å spele fotball. Då han gjekk på vidaregåande fann han seg et lokallag som heite *oldboys*, det bestod av eldre karar, men dei var hyggelege og inviterte han med. Det set han framleis stor pris på.

Ingen av informantane vil seie at dei har hatt noko problem med å byggje seg eit nettverk og skaffe seg sosial kapital i lokalsamfunnet. Det er ikkje noko som har kome av seg sjølv heller, men med litt arbeid og positiv innstilling har det vore vellukka. Teorien viste at ein kan ha sosial kapital både på individnivå og samfunnsnivå (Ødegård et al., 2014, s. 39), men det informantane har fokus på når vi snakkar om nettverksbygging er individnivået, eller på mikronivå i følge rapporten frå Norges forskningsråd. Bourdieu sin teori om sosial kapital hevder at det er opp til kvar enkelt å ta vare på sin eigen kapital og byggje den opp og

forsterke den viss det er ynskjeleg (Bourdieu, 1986). Det er noko informantane har merka, og dei meiner alle at dei har jobba hardt for å vere sosiale og opne andre. Dersom dei hadde hatt oppfatninga om at nordmenn var enklare å bli kjent med, er både A1 og A2 sikre på at dei hadde hatt mange fleire norske vener i sitt nettverk. Dette vil då seie at det er også opp til nordmenn å vere inkluderande slik at flyktningar får ein sjanse til å utvide sitt sosiale nettverk og kanskje også få høgare status i samfunnet. Det er ein tovegsprosess og ikkje noko som ein flyktning kan endre på åleine.

Sosiale nettverk er til hjelp når det kjem til å utvikle norskkunnskapar, men ein må kunne litt norsk for å først klare å byggje seg nettverk og utvide sin sosiale kapital, i alle fall viss målet er at dette nettverket skal bestå av andre menneske som ikkje deler eins morsmål. Dette kan difor fort bli ein vond sirkel der ein ikkje klarer det eine før ein har det andre og omvendt.

Teorien kom fram til at sosial kapital på eit makronivå, eller samfunnsnivå, handlar om positive eigenskapar som gjeld heile samfunnet, som til dømes økonomi, helsa til befolkninga og låg kriminalitet (Ødegård et al., 2014, s. 39). Den generelle oppfatninga blant informantane er at det norske samfunnet har meir sosial kapital enn samfunnet dei flytta i frå uansett om det var Afghanistan eller austkysten av Afrika. Her kan det blant anna nemnast B1 som vil ta høgare utdanning på grunn av moglegheitene ein har i Noreg, A2 som fekk større tillit til politiet og andre styresmakter og A1 som meiner at han ikkje manglar noko i Noreg og lever reine luksuslivet i forhold til resten av familien i heimlandet.

4.3.2. Uformelle og formelle nettverk

Ein teori er at ein kan skilje mellom uformelle og formelle nettverk. (Bø & Schiefloe, 2007, s. 53). Vennegjengen er til dømes eit uformelt nettverk, medan ei bedrift eller organisasjon er eit formelt nettverk. For alle informantane er det dei uformelle nettverka dei legg mest vekt på, og som dei har arbeidd mest med å skaffe seg. Dei synest det er viktigare med nettverk basert på felles interesser og andre kjente enn å vere med i organisasjonar.

Sjølv om lokalsamfunnet har organisasjonar som arbeider med å fremje intergrering og vere til hjelp for innvandrarar, som til dømes Røde Kors og Re:act var ingen av informantane involvert i desse. Røde Kors hadde alle fire høyrd om, men visste lite om den elles. Dei vektlegg i staden å finne andre nettverk på eiga hand og gjennom felles kjente. Det har fungert bra fram til no, så det vil dei halde fram med. Forsking viser at innvandrarar er dårlegare

representert i organisasjonar enn majoritetsbefolkninga, men blant denne gruppa er det menn som er i arbeid og som snakkar godt norsk som er oftast representert (NOU, 2017, s. 134). Dette var ikkje noko informantane gav uttrykk for å ønskje å engasjere seg i. I eit samfunn der det bur mange ulike menneske vil det naturlegvis vere ulike ønskjer om deltaking i slike organisasjonar eller i fritidsaktiviteter. Eit mål til regjeringa er likevel å gjere slik at alle skal ha moglegheit for å delta fordi slike aktivitetar kan vere med på å fremje tillit og bygging av sosiale nettverk (Stortingsmelding 6, 2012-2013, s. 75).

4.3.3. Venskap blant innvandrar og nordmenn

Det å finne seg vener når ein flyttar til ein ny plass kan vere vanskeleg nok, men endå meir utfordrande når ein ikkje snakkar språket flytande. A1 sa dette om vanskeleggrada av å finne seg norske vener:

Ja, liksom kanskje her. For her er det ikkje like lett å bli kjent. Lille bygda, er ikkje folk så veldig offentlege da. Viss vi hadde vore i ein stor by hadde det vore lettare å finne seg vener, men her i bygda, slik det er no, er ikkje folk så kjempesosiale liksom.

Informantane eg har intervjuar til denne oppgåva har alle velt å bli buande på den same plassen som dei først vart plassert etter å ha fått opphald. Ein stor del av grunnen til at det er nettverka dei har brukt tid på å byggje. A1 meiner at sjølv om han har så smått opplevd fordommar i det norske samfunnet, har folk flest vore opne og villige til å ta imot tilflyttande. Det er nokon som treng meir tid til å venne seg til folk frå andre kulturar enn andre. Slik A1 opplever det er det som oftast dei som er litt eldre. Tidlegare forskning har kome fram til at grunnen for dette er tida ein har vakse opp. Barn og unge som veks opp i dag er meir vand med menneske som skil seg frå majoriteten, og fordi kultur er eit omgrep brukt av vaksne. Til dømes viser Wikan til at barn ser ikkje kulturskilnader, det er noko som ein har vorte opplært til (Wikan, 1995, s. 23) Vidare fortel A1 at då han gjekk på vidaregåande vart han kompis med ein etnisk norsk gut, der mora hans ikkje likte at dei var vener. Utan å ha møtt A1, hadde ho allereie gjort seg opp ei meinig om korleis A1 måtte vere ut i frå namnet hans og kvar han kom frå. Ein gang A1 var med denne guten heim på besøk snakka han med mora til denne guten og det tok ikkje lang tid før ho hadde endra inntrykket ho hadde av A1. etter dette besøket synest ho at han var ein kjekke person som gjerne måtte kome på besøk fleire gangar. Han har framleis kontakt med denne familien og vart til og med invitert heim til dei for å feire jul.

A2 deler oppfatningane til dei andre informantane om at nordmenn er vanskelege å kome i kontakt med. Han trur grunnen til dette er av vi lever i eit annleis samfunn, og har andre forhold til kvarandre enn kva som er naturleg for andre. Han har innsett at det å vere mindre sosial er ein del av den norske kulture, men ynskjer framleis at nordmenn kunne ha vore litt varmare og imøtekomande. Han var veldig spent då han byrja på skulen saman med norske ungdommar, men bestemte seg for å ha ei positiv innstilling og gjere sitt beste. A2 minte seg sjølv på at han var heldig som hadde fått kome til Noreg, uansett om han måtte jobbe litt ekstra med å passe inn:

Dei var både positive og negative. Men etter kvart, då var det min jobb å kommunisere og seie og fortelje korleis vi er. Eg har bestemt at eg skal vise meg, at sjølv om vi er innvandrarakar og at i Afghanistan der er det krig, så finst det gode folk også. Eg har prøvd å vere snill med dei, også tolmogheit, snakke med dei, vere med dei. Slik at dei forstår litt om meg. Då blei det kjempebra da. Så no har eg framleis kontakt med mange av dei.

Då A2 byrja på vidaregåandeskule var der ein afghanar i hans klasse, men A2 synest at det var like viktig å bli kjent med dei andre. Å ha norske vener og eit nettverk som også inkluderer nordmenn, meiner han har både hjulpet han med å bli flinkare til å snakke norsk og til å forstå samfunnet.

Som skrivi i teoridelen er sosial kapital opp til kvar enkelt å byggje seg opp for å få betre moglegheiter i livet (jf .avsnitt 2.1). Det handlar ikkje berre om det sosiale, men kan også vere til hjelp med andre aspekt ved samfunnet. Den sosiale kapitalen kan til dømes vere nyttig når ein skal finne seg jobb. Eit større nettverk kan vere med på å opne dører som hadde vore lukka utan tilstrekkeleg sosial kapital, og skape relasjonar som kan hjelpe deg vidare i livet. B1 har i løpet av åra funne ut kor viktig det er med sosiale nettverk:

Du søker jobb for eksempel i ein butikk, men det hjelper ikkje. Det er betre viss du har vener eller nokon som du kjenner som kan snakke med dei om deg. Skjønner du? Nokon som kjenner deg, då blir det lettare. Så teller kanskje ikkje søknaden eller CVen like mykje. Alt handlar om folk du kjenner, for då blir folk mindre usikre. Spesielt når det gjelder innvandrarakar.

Sjølv om B1 forklarar at det har vorte meir keisamt etter at mange av hans vener flytta for å studere, har han sjølv velt å bli, i alle fall for no. Han veit at her er det folk han kan kontakte dersom han skulle trenge hjelp til noko, og folk som kjenner han.

På grunn av at A2 brukte å jobbe i ein matvarebutikk, møtte han mange ulike menneske i løpet av ein dag. Nokre snakka han meir med enn andre. Han hugsar godt ein kunde han

snakka ofte med på butikken, men som oppførte seg litt annleis då dei møttest utanfor butikken:

Det som var vanskeleg var at for eksempel, eg hugsar at eg kjente ein mann på butikken som var fast kunde. Vi snakka heile tida saman og kommunisera. Også når eg traff han, da han, han berre smilte sånn her. Eg tenkte “kva faen? Kva er det som skjer no?” Eg måtte berre trekke meg tilbake, kanskje han ikkje likte meg, kanskje han ikkje har lyst til å snakke. Men etter kvart skjønnte eg at det var heilt normalt.

Som kontrast har han dei gongane han møter ein annan afghanar for første gong. Då helse dei på kvarandre, snakkar litt saman, også neste gang er dei gode vener. Då kan dei finne på å dra på besøk til kvarandre. A2 meiner at ein får ein annan type kontakt med innvandrarak enn med nordmenn. Men sjølv om det sosiale kan vere litt vanskeleg er han framleis glad for å bu i Noreg.

B2 deler dette synet på nordmenn:

Ja, litt meir innestengde kanskje. Og det gjelder kanskje ikkje alle som har kome til Noreg, men eg ser at... det einaste eg kunne ha tenkt meg her i Noreg er at folka skulle ha vore litt betre, vere litt lettare tilgjengelege og lettare til å snakke, ikkje vere så skeptisk og såne ting. Kanskje møte andre for viss ikkje blir det lett å få fordømmelse og ikkje få eit anna innsyn.

Det empiriske materiale viser at alle informantane synest at det er vanskeleg å bli kjent med nordmenn, og som eit resultat er det enklare å danne seg nettverk beståande av menneske frå den same kulturen som ein sjølv har. Dei meiner alle at folk er meir opne, imøtekomande og sosiale i sine heimland, sjølv om dei kjem frå ulike bakgrunnar. Det er lettare å vere saman med andre som er like seg sjølve; dette er ein påstand som er utforska i litteraturen. Teorien om at *like barn leker best* går ut på at ein finn seg nettverk som består av personar der ein har visse fellestrekk som til dømes religion, kultur eller livsstil (Bø & Schiefloe, 2007, s. 83). Dette er noko informantane har erfart. Dei har meir til felles med menneske som har opplevd det same som dei, og som har vakse opp i den same kulturen med den same historia. B2 trur også at dette er grunnen til at det er vanskeleg for nordmenn og opne seg opp for innvandrarak. Han har ein påstand om at nordmenn blir veldig usikre i møte med innvandrarak og er redde for at dei ikkje skal ha noko til felles, eller noko å snakke om.

Uansett kor stort nettverk og sosial kapital informantane meiner at dei har i dag, synest ingen av dei at det kan målast med korleis det var i heimlandet. Det tok tid for alle å venne seg til at

nordmenn generelt er mindre sosiale, og sjølv om dei har norske vener gjennom skule eller jobb seier både A2 og B1 at dei gjerne skulle hatt fleire etnisk norske i nettverket sitt.

Det at dei har kjent på kor vanskeleg det er å få kontakt med nordmenn og at dei er mindre imøtekomande enn andre stemmer overeins med tidlegare forskning (Norges forskningsråd, 2005). Ein kan også sjå det i samanheng med eit eksperiment som vart utført på bussen i 2012 av ein journalist for å teste om nordmenn er folkesky. Dette eksperimentet gjekk ut på å sitte på bussen i Stavanger fleire rundar utan telefonen eller å høyre på musikk for å finne ut kor mange som tok kontakt (E. Larsen, 2012). Denne undersøkinga resulterte i at ein kan sitte ved sidan av nokon på bussen dersom alle sitteplassane er opptekne, men det er ikkje vanleg å snakke med sidemannen. Ei vurdering ein kan gjere ut i frå dette resultatet er at nordmenn er meir forsiktige og vil ikkje vere til bry, eller så er det samfunnet som har vorte større og meir upersonleg.

4.3.4. Nettverksbygging i bygd og by

Ein kunne sikkert ha funne skilnader på å kome som flyktning til ei mindre bygd og ein større by. Å bli integrert på ein mindre plass har sine positive og negative sider, og det same kan ein seie om den sosiale kapitalen og bygginga av nye sosiale nettverk. Dette er noko som også blir trekt fram av informantane; at det kanskje hadde vore lettare å finne seg vener dersom dei busette seg i ein større by i staden for by bygda. A1 kan tenke seg at dei som bur i Oslo har det lettare når det kjem til å skaffe seg eit større sosialt nettverk, men han er samstundes uroa over at det nettverket mest truleg hadde bestått av flest innvandrarak sidan der også er fleire innvandrarak i Oslo enn på bygda. Han synest at det har vore vanskeleg å bli kjent med folk sidan folk er så lite offentlege i Noreg, at kanskje det hadde vore lettare å vere sosial dersom han budde i ein større by. Men samstundes med desse tankane er han også redd for at i staden for å bli kjent med den norske befolkninga så er sjansen større for at han hadde vore meir saman med afghanarak.

B2 trur ikkje det hadde vore noko lettare å få kontakt med nordmenn dersom han hadde budd i ein større by. I Oslo, som andre plassar i Noreg, trur han at ein kan finne både gode og dårlege folk, der nokon er heilt opne for innvandrarak medan andre har fordommar og trur berre på dei dårlege rykta. Det han er redd for at skjer med mange somaliarak i Oslo, er at det bur så mange av dei i byen at dei ikkje ser kor viktig det er å utvide nettverket sitt til å inkludere folk frå andre kulturarak, for å ikkje snakke om nordmenn. Han deler synet til å A1 på dette tema.

A2 kjem også inn på bygd/by skilanden. I likskap med dei to andre er han redd for at han ikkje hadde blitt like bra integrert i samfunnet dersom han hadde budd i ein større by. Han trur at der hadde det vore vanskelegare å bli kjent med nordmenn, sjølv om det er fleire som bur der. Han påpeikar at det er både positivt og negativt å bli busett i eit mindre lokalsamfunn, men akkurat no synest han at det er mest positivt. Ja, han skil seg mykje ut i samfunnet, men sidan dette er ein mindre plass trur han også at lokalbefolkninga er flinkare til å ta imot dei som kjem utanfrå. Det tidlegare nemnde busseksperimentet frå Stavanger kan også her brukast som eit døme på at folk er ikkje flinkare å ta kontakt med kvarandre i ein større by (E. Larsen, 2012). Om akkurat dette hadde gitt ein skilande i eit mindre lokalsamfunn er usikkert.

Integrasjon er ein tovegsprosess og det er altså ikkje berre innvandrarane som må tilpasse seg eit nytt samfunn. For at det skal bli vellukka integrasjon må samfunnet tilpasse seg og inkludere dei nye innbyggjarane. Ein må ta omsyn til kva type samfunn det er snakk om (Høgmo, 1998, s. 25). Det kan vere ein skilnad på å gå gjennom ein integreringsprosess i ein storby og på bygda. Dette er noko informantane også har fundert på, men dei har kome fram til at det er dei mindre lokalsamfunna som er best. Det hadde sikkert vore lettare å funne seg vener i ein større by, men både A1, A2 og B1 er redd for at det hadde det vore vener frå deira eigen kultur og ikkje ei blanding i same stor grad det er i dag. Førestillinga om at det er betre å bu på bygda enn i byen (Bø & Schiefloe, 2007, s. 95), er det samsvar med blant informantane, og sjølv om B1 og A2 meiner at det har blitt litt meir keisamt dei siste åra på grunn av så mange dei kjenner har flytta, er det ikkje noko dei ynskjer. Deira sosiale nettverk og sosiale kapital er ein viktig grunn til kvifor dei har velt å bli buande i lokalsamfunnet.

Ei utfordring med nettverka som mange innvandrarar byggjer i Noreg er at dei ikkje består av den *rette* typen sosial kapital (NOU, 2011). Dette kan bli ei større utfordring for dei som bur i større byar og berre har nettverk som består av andre i same situasjon som deg sjølv, og mindre grad av andre nordmenn. Ein skal ikkje ta vekk moglegheita for at nettverk av innvandrarar også kan bestå av personar med høg status i samfunnet, men det er som informantane seier; der det er større grupper med innvandrarar er det større sjanse for at ein finner nokon som ein deler fellestrekk med og som ein dermed vel å byggje nettverka sine rundt. Dei som flytter til eit mindre lokalsamfunn har færre innvandrarar å velje i, og blir på den måten meir tvungen til å utvide nettverket sitt til å inkludere individ frå andre kulturar.

Tidlegare forskning viser at det i 2008 var størst sysselsetting blant innvandrere i lite sentraliserte kommuner og generelt betre i dei kommunane der det bur færre innvandrere. Sett på landsbasis er vestlandet den delen av Noreg med høgast gjennomsnittleg sysselsetting blant innvandrere (Pettersen, 2009, s. 251). Dette går litt imot antakingane at det er lettare å finne seg arbeid i dei meir sentrale strøka av landet. Denne rapporten har ikkje eit svar på kvifor det er slik, men kjem med nokre spekulasjonar. Ein slik spekulasjon er at det kan vere lettare å få tett oppfølging i ei mindre kommune og lettare å bli kjent med lokalsamfunnet og arbeidsmarknaden. Ein annan spekulasjon er at det er lettare å lære seg norsk på tettstadar i motsetnad til større byar der det bur fleire frå sammen land som ein kan snakke sitt opphavlege språk med (Pettersen, 2009, s. 360).

Sjølv om det blir vurdert om det hadde vore lettare å finne seg nettverk og vener i ein større by med fleire folk å velje mellom, set informantane pris på nettverka som ikkje berre består av vener. Her har dei gjennom mottak og bufellesskap blitt kjent med mange ulike folk, og har funne ut verdien av både overbyggande og samanbindande sosial kapital

4.3.5. Overbyggande og samanbindande sosial kapital

Dersom ein ser på skilje mellom Putnam sin *bridging* og *bonding* sosial kapital er begge deler viktige for ein innvandrer som skal integrere seg (Putnam, 2007), men for B1 er det i alle fall sosial kapital i form som band som er lettast å skaffe seg og å oppretthalde. Det er ikkje fordi han har noko imot nordmenn, men av den enkle grunn av det er lettare å vere saman med likemenn. Denne forma for sosial kapital er berre med på å forsterke dei allereie eksisterande homogene gruppene i samfunnet, så han er klar over viktigeita med å lage bruer mellom den norske kulturen og den eritreiske. Men sjølv om ein veit det i teorien er det ikkje alltid like lett i praksis. Utanom gjennom skule og jobb synest ikkje B1 at det er så lett å bli kjent med nordmenn, han prøver av og til når han er ute på fest og liknande for då har han merka at det er lettare å snakke med nordmenn, men han har funne ut at kanskje ikkje det heller er den ideelle plassen:

Det var ein gut, vi møttest på det grønne trede, snakke mykje og hadde det kjekt. Så neste gang vi møttest sa eg hei og prøve å helse på han. Men han huska ikkje meg og gjekk berre rett forbi utan å helse tilbake. Dei trenger litt ekstra tid sikkert også, stoppar ikkje for å snakke med ein person som ein berre har møtt ein gang på ein uteplass.

Sosial kapital som skal vere med å byggje bru mellom kulturane er ikkje lett, stemmer overeins med inntrykket mange har av nordmenn, at dei ikkje er så lette å bli kjende med og mindre sosiale enn kva mange av innvandrarane er vande med.

A1 synest han har vore flink til å bli kjent med nordmenn, i alle fall dei som verkar interessert i å bli kjent med han. Han vil så klart også ha vener frå sin opphavlege kultur, men dersom han skal bu i Noreg meiar han at det er like viktig og ha vener som er etnisk norske. Dei lærer han nye ting heile tida, utan at verken dei eller han er klar over det. På denne måten har A1 både overbyggande og samanbindande sosial kapital. Han vil seie at han har kart å byggje ei bru mellom den afghanske kulturen og den norske, men er samstundes redd for at det alltid vil vere ting han ikkje forstår eller som han treng hjelp til.

Det faktum at A2 mest er saman med andre afghanarar er noko han trur skjer automatisk. Han synest det er lettare enn å vere med nordmenn. På denne måten er det sosial kapital i form for band A2 har mest av. Det gjer at han synest at han har mange folk rundt seg og eit sosialt nettverk som fungerer for han. Den sosiale kapitalen som bru, meiner han at han også har, men kanskje ikkje i form av venskap. Overbyggande sosial kapital for A2 er meir at han har nokon å kontakte dersom han treng hjelp med diverse ting. Som til dømes dei tilsette i bufellesskapet eller på mottaket der han budde før. Det varierer med kva han treng å snakke om. Desse nettverka er nyttig for han, utan tvil, og grunnen til at han liker seg så godt som han gjer:

Det er difor eg hadde tenkt til å vere her. Då eg lurte på nokon ting, så visste eg at der er det bufellesskap så eg kan spørje dei, kommunen, mange som jobbar her dei kjenner meg litt, eg kjenner dei. Du kan finne det andre plassar også, men det tar litt tid ikkje sant. Heilt på nytt.

Så det er ikkje nokon tvil for A2 kor viktig det er med sosiale nettverk. Han håper han klarer å oppretthalde dei han har jobba for å skaffe seg, i god tid framover.

B2 fortel at han kjenner ein del folk som ikkje har kontakt med andre nordmenn fordi det vart så vanskeleg for dei, det synest han er litt synd. Då ender det opp med at dei berre har kontakt med andre innvandrarar og berre har sosiale kapital i form for *band*. Han meiner at det er ikkje måten ein blir integrert på. B2 har oppdaga kor viktig det er med sosiale nettverk og sosial kapital. Ikkje berre på grunn av det sosiale, men også for å ha nokon å snakke med

dersom han skulle ha problem, eller fordi det er med på å opne dører. Han har jobba hardt for å få sosial kapital som byggjer bruer mellom hans kultur og den norske. Han legg stor vekt på nettverka som han danna seg allereie då han budde i bufellesskap, men også gjennom jobben har han møtt mange opne, hyggelege og snille nordmenn som har gjort kvardagen hans betre og lettare.

Dersom ein ser på det informantane har sagt så langt ut i frå Granovetter sin teori om sterke og svake band, kan ein lage ei samanlikning med skilje mellom *bridging* og *bonding* sosial kapital (Granovetter, 1973). Det er lettare å danne seg sterke band saman med andre frå sin eigen kultur, medan svake band blir danna med nordmenn, som til dømes då dei budde i bufellesskap og var sosiale med dei tilsette der. Granovetter sin teori er at dei svake banda er like viktige som dei sterke, og dette er ein teori som informantane er med på å forsterke. Dei meiner alle at det er viktig med vener og å ha ei gruppe folk dei kan vere saman med, men kjem også inn på moglegheitene ein har dersom ein kjenner fleire folk. Slik som B1 som trur det er lettare å finne seg arbeid dersom han kjenner nokon som kjenner nokon, eller B2 som var glad for å kjenne fleire berre for å ha nokon å snakke med og bli betre i det norske språket, og A2 som synest at det er viktig å ha ein utvida vennesirkel på grunn av at i kulturen han kjem er meir vanleg å vere meir opne og snakke med fleire menneske sjølv om dei ikkje er din nære ven.

B1 fortel at han trur det hadde vore lettare å få seg jobb dersom han hadde hatt eit større sosialt nettverk. Forsking viser at eins sosiale nettverk er med på å påverke om dei med innvandrarakgrunn kjem seg i arbeid. Dette er fordi det er ikkje alle jobbar som blir utlyst, men gitt til personar som ein kjenner eller kjenner nokon som kjenner (NOU, 2011, s. 127). Granovetter har kome fram til at dersom ein er på utkikk etter arbeid kan svake band vere ein større ressurs enn sterke. Årsake til det er fordi når det kjem til jobbsøking er det viktigare å kjenne mange litt, enn å ha eit lite nettverk bestående av hovudsakeleg sterke relasjonar.

4.4. Integrering

Teorikapittelet viser at integrering kan referere til så mangt innan ulike forskingsområder (jf. avsnitt 2.2.1.). i denne oppgåva viser integrering til korleis innvandarane finner seg til rette i det norske samfunnet, og blir ein del av den norske kulturen samtidig som dei beheld viktige aspekt ved sin eigen. Ein bør ta til seg dei viktigaste momenta frå kulturen i Noreg slik at ein klarer å delta i samfunnet og vere ein sjølvstending person som bidrar til lokalsamfunnet.

Mykje av dette handlar om å lære seg språket og kulturen nok til å få ei utdanning og ein jobb, og klare å kommunisere slik at ein får sosiale nettverk rundt seg. Dette har informantane fullført, men det kan likevel vere variasjonar i den subjektive oppfatninga om kva det vil seie å vere integrert.

4.4.1. Informantane si tolking av integrering

B1 finn det vanskeleg å svare ja eller nei på om han er integrert fordi han veit det er så mange ulike måtar å sjå på integrasjon:

Eg veit ikkje heilt, både ja og nei vil eg seie. Eg føler av og til liksom at eg ikkje er heilt innanfor. Det er difor eg skulle ønske at eg hadde kome hit som 12 år, skjønner du. Eg kan språket og går på skule og vil ha meg ein jobb, så eg kan gjere alt liksom. Er ein del av Noreg, har fått statsborgarskap også, så er norsk. Men det er ikkje alltid det er like lett.

På spørsmålet om A1 føler at han er integrert svarar han ja, utan å tenke seg så mykje om. Integrering er noko han har høyrte mykje om, men det er ikkje ein ting han går rundt og tenker på kvar dag. Sjølv om integrering er eit abstrakt omgrep, handlar det for han om å finne sin plass i det norske samfunnet og blande seg med nordmenn. Det er i dag nesten to år sidan han fekk statsborgarskap, det synest han så klart har gjort han tryggare og sikrere i samfunnet sidan han veit at han får bu her, men kjensla av å vere integrert fekk han før statsborgarskapet:

Nei, når eg vart meir blanda med dei norske. Byrja å vere meir med dei, fare på besøk, dei har vore her med meg. Før eg kunne språket var eg berre heime. Var redd for at... før når eg kjente nokon, når eg kunne berre litt, måtte eg berre gøyme meg, unngå å snakke med folk. Fordi eg var, kanskje ikkje redd, men hadde ikkje lyst til å snakke.

For A1 handlar integrasjon om å blande seg med nordmenn, nokon som er det viktigaste også innan teorien (Dahl, 2013; Tjelmeland & Brochmann, 2003). Det var ikkje når han fekk norsk pass og dokumentasjon han byrja å føle seg norsk, men heller når han følte at han beherska språket, kommuniserte bra med nordmenn, fekk seg fast jobb og eit sosialt nettverk. Det er som han seier det sjølv: “er nesten som norsk, har eit heilt liv her i Noreg”.

Integrering er ikkje noko A2 aktivt går å tenke på, men noko som alltid ligg i bakhovudet uansett kva han gjer på. Dersom det er noko han ikkje forstår eller ikkje liker lurar han på om han kanskje ikkje er så integrert som han trudde, men dersom det er motsett, at han føler at han har kontroll på kvardagen og forstår det meste, då må han vel vere integrert? Det er i alle fall slik han tenker det.

B2 fann fort ut at det var språket som var det viktigast å lære for å bli integrert, som skrivi i avsnitt 2.1. Han meiner at det er språket som ligg til grunn for resten av integreringsprosessen. I likskap med dei andre informantane fortel B2 at integrasjon er ei kjensle som kom gradvis. Han tenker berre på integrering dersom han ser noko på TV som omhandlar integrasjon, eller les ei avis om kva det vil seie å vere integrert. Då kan han byrje å tenke og undre på om han faktisk er integrert. For han handlar det om å passe inn i samfunnet:

Viss det er nokon som spør meg om eg er integrert, så seier eg ja. Men kva tid eg følte det, det veit ikkje eg. Det er ikkje sånn at det er ei tid, men eg trur det skjedde då eg begynte å lære meg norsk, at eg følte at eg kan norsk, det var då kanskje.

Den største skilanden når det kjem til informantane si oppfatning av integrering og kva teorien viser (jf. avsnitt 2.2.1.) er at informantane har eit mykje smalare syn på kva det vil seie å vere integrert. For dei handlar det heile om språk, kommunikasjon og arbeid, samt å kuha kunnskap om dei norske lovene, reglane og korleis nordmenn oppfører seg. Teorien har anten eit veldig generelt synt på integrering, som til dømes Døving (2009) som ser på det som ein mindre del som skal bli ein del av ein større heilskap, eller så er det grunding forklart kva han eller ho meiner når det er snakk om integrering, som til dømes Wæhle sin definisjon på Store norske leksikon (Wæhle, 2014). Dette kan tyde at *integrering* er eit omgrep som informantane høyrer mykje og ofte, men er ikkje eit omgrep som dei har studert og analysert slik som er gjort av ulike teoretikarar. Dei har sine tankar og meiningar om integrasjon og det som er felles er at dei ser på ein person som integrert når dei er blanda med nordmenn; kan språket, har jobb og veit korleis ein skal oppføre seg og kommunisere med andre nordmenn. Det er mykje som skal ligge til rette for at ein skal kunne kalle seg integrert, men det er langt i frå assimileringssomgrepet der ein må kvitte seg med alle sine kulturelle skilandar (jf. avsnitt 2.1.1.)

4.4.2. positive og negative eigenskapar ved å bu i bufellesskap

Når det kjem til busetting av innvandrardom er det eit mål at dei skal bu på asylmottak så kort tid som mogleg og i staden bli busett i ei kommune. Det er spesielt to alternativ som skil seg ut som dei beste, og det er eigen bustad eller hybel med oppfølging av barnevernet, eller å bu i bufellesskap (Paulsen, Thorshaug, & Berg, 2014, s. 23). Mindreårige asylsøkarar som kjem til Noreg får hjelp av barnevernet sidan det skal verne og hjelpe dei barna som treng det.

Deira viktigaste oppgåve er å gi hjelp og omsorg til barn som lever under forhold som kan vere skadeleg for deira helse og utvikling (Stortingsmelding 6, 2012-2013, s. 77).

Eit bufellesskap har som mål å lage ein trygg kvardag med ein ramme av stabilitet og kontinuitet. Forsking viser at kvar ein bur, og omsorg ein får har stor tyding for utviklinga til ein mindreårig flyktning, men det er samstundes er naudsynt med vidare forskning på ulike konsekvensar og korleis dei som bur der opplever det (Paulsen et al., 2014, s. 52).

Thorshaug, Valenta og Berg har skrivne ein forskingsrapport om busetting av innvandrarakar, og dei har kome fram til at bufellesskap kan ha både positive og negative eigenskapar. Informantane som deltok i denne undersøkinga nemnde til dømes at det kan vere negativt og ikkje ha sin eigen bustad som ein sjølv har kontroll over, og at det kan oppstå konflikstar mellom dei ulike bebuarane. Ein kan ikkje velje kven ein skal bu saman med når ein blir plassert i bufellesskap, så det er ingen garanti at ein kjem overeins med sine romkameratar (Thorshaug, Valenta, & Berg, 2009, s. 63-66). Ein må merke seg at denne rapporten omfattar ikkje berre unge innvandrarakar, men også godt vaksne.

For yngre innvandrarakar blir bufellesskap sett på som ein større ressurs, i alle fall for dei som ser på det som ein midlertidig bustad før dei flyttar for seg sjølv (Thorshaug et al., 2009, s. 67). Erfaring frå kommuner som denne rapporten har undersøkt viser at bufellesskap er ei positiv bustadløyising for einslege opp til dei er 30 år, og fungerer best dersom dei som bur der er i same aldersgruppe og har same nasjonalitet (Thorshaug et al., 2009, s. 87).

Alle informantane budde i eit bemanna bufellesskap etter at dei fekk opphaldsløyve. Denne tida er A1 utruleg takksam for, fordi der hadde han folk å snakke med og som kunne hjelpe han med alt han trengde. Sjølv om der budde andre frå Afghanistan saman med han, synest han at han var flink til å bruke tida han budde der til å bygge nettverk både med flyktningar frå andre land og med dei som arbeidde der. A1 meiner sjølv han var veldig innstilt på å skaffe seg mange ulike vener, og på å gjere sitt beste for å passe inn i lokalsamfunnet.

A2 meiner at det at han fekk plass i eit bufellesskap saman med andre i same situasjon som han, var ei stor hjelp både når det kom til å danne seg sosiale nettverk og å lære seg det norske språket betre. Når tida kom for at han skulle flytte ut, hadde han eigentleg ikkje lyst, for han hadde hatt det så bra der. Han var redd for at han kom til å bli sittande mykje åleine, sjølv om han på den tida hadde lært seg norsk og kunne ta vare på seg sjølv.

B2 legg vekt på den gode starten han fekk ved å bu i bufellesskap samen med andre som var i same situasjon som han sjølv, og samtidig hadde tilsette som var som omsorgspersonar. Sidan der ikkje var andre frå hans heimland den tida B2 budde der var han flink til å utnytte dei tilsette for sosial interaksjon i staden for å bli sittande åleine på romet. For han var det ein vinn-vinn situasjon sidan han på denne måten både vart flinkare i norsk, og bygde seg eit nettverk av dei tilsette og andre som var innom kontoret. Ein viktig grunn for å ha sosiale nettverk er å ha nokon som er det for deg, nokon som kan gi ein råd og oppmuntring (Bø & Schiefloe, 2007, s. 101). For informantane var dette også ein positiv faktor ved å bu i bufellesskap. Sjølv om dette ikkje var nettverk som dei naudsynt måtte jobbe hardt med for å bygge opp, viste det gutane kor avgjerande eit nettverk er for å ikkje føle seg åleine. Dette var spesielt viktig for desse utvalte informantane, sidan dei har felles at dei kom til Noreg utan ein vaksen omsorgsperson.

Rapporten frå Norges forskningsråd påpeiker at dei som har eit nettverk med personar som kan vere til hjelp til ulike oppgåver, eller som har kompetanse til å utføre ting ein sjølv ikkje klarer, dei klarer seg betre i kvardagen enn andre. Desse nettverka blir ein form for kapital som opnar dører og gir moglegheiter ein elles ikkje hadde hatt (Norges forskningsråd, 2005, s. 63). Det informantane har til felles er at dei budde i eit bufellesskap saman med andre flyktningar. Dette kjem opp som eit positivt hjelpemiddel i deira integrasjonsprosess.

Her fekk dei hjelp til det som var naudsynt, og hadde alltid nokon å kontakte dersom det skulle vere noko. Bufellesskapet ordna alt det praktiske då dei kom, og informantane fekk automatisk sosial kapital gjennom tilgang på ressursar dei mest sannsynleg ikkje hadde hatt tilgjenge på elles, som er det viktigaste grunnen for å ha sosial kapital (Schiefloe, 1992, s. 36)

Tre av dei fire informantane nemner uoppfordra bufellesskapet som ein viktig del av integreringa, den siste er eining så snart han får spørsmål om det. Her lærte dei ikkje berre språk, men også om den norske kulturen; om lover og reglar, oppførsel og andre praktiske ting. A1 og A2 trur også at det var gjennom å bu der at dei fekk meir kunnskap om korleis kommunisere med nordmenn, noko som var med på å auke moglegheita til å skaffe seg norske vener og eit større nettverk. Informantane i mi undersøking ser på tida i bufellesskap som berre positivt no i ettertid. A2 er den einaste som nemner at han har opplevd konflikt med dei andre som budde der samstundes som han, men han ser likevel på tida i bufellesskap som

noko positivt og er glad for at han fekk bu saman med andre flyktingar i same situasjon som seg sjølv.

4.4.3. Sosial og kulturell integrering

Dersom ein ser på Eriksen sitt skilje mellom sosial og kulturell integrasjon (Eriksen, 2010) vil ikkje B1 seie at det er noko skilnad på korleis han ser på integrasjon. Han meiner som sagt tidlegare at det er språket som er det viktigaste og det første han legg vekt på når det kjem til integrasjon. Deretter å kunne nok om den norske kulturen til å fungere i samfunnet. Det sosiale meiner han er noko som kjem meir av seg sjølv, anten det blir med andre nordmenn, innvandrarakter eller nokon frå Eritrea. Sjølv om han meiner han i dag er ganske oppteken i kvardagen har han alltid nokon å spele fotball med, eller ta seg ein tur på besøk: “Kor mange nye vener eg får handlar mykje om meg sjølv og kva eg gjer ikkje sant. Og no er eg ganske oppteken så har ikkje tid til å få så mange nye vener akkurat no”. B1 måler integrering meir ut i frå deltaking i arbeidsliv og skule, medan det sosiale kjem i andre rekke. For han er difor det kulturelle det viktigaste for å bli integrert (Eriksen, 2010).

Det A2 legger i omgrepet integrering, er å rette seg etter reglar i samfunnet, som å kunne språket, få seg ein jobb og vite skilnaden på rett og gale. Han svarar difor ja på spørsmålet om han er integrert, men vil påpeike at det er noko ein må fortsette å jobbe med. Ein viktig motivasjonsfaktor for han å jobbe med integrasjonen var dei dårlege nyheitene han såg på TVen om heimlandet sitt. Han ville vise at det ein ser på TV ikkje alltid er slik ein trur. Då tenkte han at “nei, det er min jobb å respektere først dei som har kome, lære språket og vere i systemet og vise seg gjennom det gode systemet korleis vi er”. Det var målet hans og det har han framleis. For han også er integrering ein prosess, slik som til dømes Brochmann ser det (Brochmann, 2014), og han veit aldri om han har nådd målet for han synest det er stadig i endring. Både krava han har til seg sjølv og krava frå samfunnet si side endrar seg med tida, men det han meiner er det mest grunnleggande for å nå målet med integrasjon, er å vere med norske og det norske samfunnet. Han lærte til dømes veldig mykje då han jobba på butikk. Der lærte han at ting kan ha ulike namn, som til dømes at *pose* og *nett* kan tyde det same. Han vil oppfordre alle innvandrarakter til å ta stege og kome seg ut i arbeidslivet og kommunisere med norske og vere innstilt på å lære seg så mange nye ting og ord som mogleg. For A2 er den sosiale delen av integreringa viktig, men i første rekke er det lover, reglar og kultur som er det viktigaste for han. Ein kan difor seie at han må ha ein blanding av kulturell og sosial integrasjon for å føle at han er integrert.

B2 har den same oppfatninga som A2. språket er det grunnleggande for å bli integrert, deretter kjem det sosiale. I likskap med A2 legg han vekt på begge desse formene av integrering, for dersom han ikkje har eit sosialt nettverk, er han redd han hadde vore mykje meir heime åleine, og då vil ikkje han kalle seg integrert. B2 spesifiserer at integrering handlar om å tilpasse seg samfunnet, at ein blir ein del av det. Det han tenker om integrering er litt av det same som den grunnleggande teorien seier (Døving, 2009; Gullestad, 2002; Tjelmeland & Brochmann, 2003). Han bruker eit døme som er ein flyktning som kjem til Noreg, han lærer seg språket, men er elles avhengig av narkotika og kjenner berre nordmenn som også er i dette miljøet. Sjølv om denne mannen har lært seg norsk, meiner han ikkje at han er integrert. B2 tolkar integrering som at ein kjem hit, lærer seg norsk, går på skule, står på og får jobb. På denne måten klarer ein til slutt å stå på egne bein, og er ikkje avhengig av andre. Dersom ein hamner i dette miljøet så kan ein ikkje reglane i det norske samfunnet, og dei kan dermed heller ikkje kalle seg integrert i det norske samfunnet. Dersom ein er alle desse tinga, men kanskje ikkje har så mange vener, vil han framleis seie at personen er integrert. Ut i frå skilje mellom sosial og kulturell integrering er det det kulturelle som veg mest for hans del.

Sitata til informantane kan tolkast ut i frå Eriksen sin teori om kulturell og sosial integrering (jf. avsnitt 2.2.4), men det er ikkje omgrep dei brukar under intervjuet. Dei forklarte kva integrasjon tyder for dei, så har det blitt sett opp mot teorien. Dei har felles at det kulturelle aspektet er det som blir mest vektlagt, medan dei ser på eit sosialt nettverk og sosial kapital meir som ein bonus og ikkje noko som er avhengig for å bli integrert. Som til dømes B1 som snakkar om kor viktig det er å kjenne nokon som kjenner nokon dersom ein vil ha ein jobb, eller berre ein like stor sjanse til å få jobben som dersom han hadde hatt eit norsk namn og lysare hud: "...vi menneske er flinke til å dømme andre menneske utanfrå". Sjølv om Eriksen meiner at kulturell integrasjon ikkje alltid trengst å følgjast av sosial integrasjon, meiner både A1 og B2 at det har skjedd for deira del. Etter at dei lærte språket og meir om den norske kulturen, vart det lettare for dei å kontakte nordmenn og prøve å gjere ein betre innsats for å skaffe seg sosial kapital og bli kjent med andre i lokalsamfunnet. Så sjølv om det i følgje Eriksen går an å vere sosialt integrert sjølv om ein berre har kontakt med andre frå eins opphavlege kultur, ønskjer alle fire informantane å ha kontakt med nordmenn. A1 og B2 meiner dei har god kontakt med nordmenn, og A1 vil til og med gå så lang å seie at han er mest med folk frå andre kulturar enn sin eigen, og når han er saman med andre afghanske hender det ofte at han likevel ikkje brukar morsmålet, men heller norsk eller ei blanding.

Dette er fordi har er så mykje med nordmenn uansett at det er vanskeleg å skilje mellom språka alt ettersom kven han er med.

B2 synest at den sosiale delen av integreringa vart lettare etter at han var ferdig på vidaregåande. Han deler B1 si oppfatning om at sjølv om han var nokså jamnaldrande med dei han gjekk på vidaregåande med, var det likevel stor skilnad i oppførsel og modenheit. Dette tenker han har med kor mykje han har opplevd då han var tenåring og kulturen han har vokse opp i. B1 har ikkje så mange norske vener i dag, men mange frå Eritrea. Han er open for å få seg fleire norske vener, men akkurat no har han nok, så han klarer seg. Slik tenker A2 også, han er mest med dei frå sin eigen kultur, men har ikkje noko imot å få seg fleire norske vener, at han er saman med andre afghanarar skjer berre meir naturleg for han

Sjølv om det er det kulturelle aspektet dei snakkar om når vi snakkar om integrering, viser alle at dei eigentleg er integrert ut i frå både den kulturelle og sosiale sida av Eriksen sin integreringsteori. Det sosiale er uansett viktig for å ha nokon som bryr seg om ein og gir omsorg, og sosiale nettverk og sosial kapital ligg til grunn for at innvandrarar blir best integrert og folk generelt har eit betre, sunnare og lykkelegare liv (Norges forskningsråd, 2005, s. 63).

4.4.4. Eigen innsats for integrasjon

A1 legg stor vekt på viktigheita med å vere motivert til å gjere sitt beste for å passe inn; lære seg språket, kulturen og bli sjølvstendig. Han skjønar seg ikkje på dei som ikkje legg ned ein eigeninnsats og arbeider for å bli integrert. Det er greitt at nokon kanskje har meir lyst til å behalde og hugse sin opphavlege kultur og religion, men for han veg det meir at det var ein grunn til at han reiste der ifrå:

Du har kome hit for å få eit betre liv. For å få ein betre plass å bu, dersom du skal gjere dumme ting treng ikkje du å vere her. Så eg snakkar ofte med folk, seier at dokke må gå på skule, må lære språk, lære kultur, oppføre dokke skikkeleg. Fordi viss man skal bu i eit anna land og ikkje kan kultur eller noko språk, så trur ikkje eg at du kan vere der liksom. Så man må jobbe for å få med seg språk og kultur, vi må gjere akkurat det same som folk her.

A1 meiner at integrering er viktig uansett om du berre skal vere i Noreg ei lita stund, eller for alltid. Ein må i så fall gjere det beste ut av det medan ein er her, sjølv om ein ønskjer seg heim om nokre år. For A1 er ikkje opphaldet i Noreg noko midlertidig, han vil gjerne bli i Noreg så

lenge han får lov. Om han blir buande på same plassen er ikkje like sikkert, men han har ikkje lyst til å flytte tilbake. A1 prøver å ha ei positiv innstilling til det meste, med tanke på kor heldig han har vore som fekk kome til Noreg og prøve å få eit betre liv. Han trur at ein vil møte folk som ikkje er snille overalt i verda, både i Afghanistan, Noreg og i mindre samfunn. Sjølv om han tenker tilbake på vidaregåande skule som ei bra tid der han lærte mykje og fekk mange nye vener, var det ikkje alltid berre positivt:

Det var vanskeleg i 5-6 månadar liksom, men etter det vart eg kjent med andre i klasse mi. Der var jo nokon som ikkje var så kjekke, men det vil det alltid vere. Også i landet mitt var det folk som var spesielt ikkje gode. I mi klasse var det nokon frå (...) som ikkje var heilt...ja.. så der var både kjekke og ukjekke som overalt i verda. Men det eg gjer i livet mitt er at eg ikkje bryr meg da. Dei som ikkje er kjekke med meg, eller ukjekke. Eg er med dei som er kjekke mot meg.

Her kjem den positive innstillinga fram igjen, og vilja til å ikkje gi opp. Det som er den største motivasjonen for han er at han planlegg å vere i Noreg resten av livet, Noreg er ikkje noko midlertidig stopp for han. Han kan ikkje sjå for seg eit liv utan å vere sosial, så då meiner han at han har ikkje noko anna val enn å gjere sitt beste og i alle fall prøve å skaffe seg vener frå mange ulike kulturar. A1 gir også uttrykk for å vere den av informantane som lettast har fått seg norske vener. Han har hatt mange kjærester og dei fleste av desse har vore etnisk norske, noko som tyder på at nordmenn også har tatt godt imot han.

A2 meiner at det går fint an å vere integrert i det norske samfunnet, samtidig som ein held fast på aspekt ved sin gamle kultur og framleis ønskjer å vere ein del av den. Den første tida hans i Noreg var prega av usikkerheit når det kom til resten av familien som vart att i Afghanistan. Dei mista kontakta med kvarandre medan A2 var på reise, fordi der ikkje var internett og telefonlinene var nede på plassen der familien hans budde. Etter to-tre år var A2 sikker på at dei var døde og at han aldri kom til å sjå familien sin igjen. Men han bestemte seg for å ikkje gi opp så lett. Etter å ha budd i Noreg ei periode fann han nokon som kunne hjelpe han med å finne ut om det var sant eller ikkje. Han sparte mykje pengar, reiste til Pakistan, der han fann nokon som reiste tilbake til byen han budde før, for å finne ut om familien framleis var i live. Då fekk han heldigvis gode nyheiter, og mora og eine søstera kom til Pakistan for å møte han. Dette fortel han at var ei av dei beste kjenslene han hadde hatt på lenge. Dei var der saman i ein månad før A2 reiste tilbake til Noreg. Dette gjorde ikkje at han vart mindre interessert i å integrere seg i Noreg, men heller motsett. Han såg kva familien hadde ofra for at han skulle få

eit betre liv her, og han vil difor gjere alt han kan for å få det til og bli eit vel-fungerande medlem i det norske samfunnet. Han meiner at sjølv om han er integrert i Noreg, tyder ikkje det at han mister den afghanske delen av seg sjølv for alltid.

A2 meiner han har arbeidd hardt for å bli integrert i det norske samfunnet. Det har ikkje alltid vore like lett, så det er noko ein må ha motivasjon og intensjon til å gjere. På grunn av kor mykje arbeid han har lagt ned i skule og utdanning, synest han det er rart at ikkje norske ungdomar utnyttar seg betre av tilboda som dei har:

Eg synest at norske ungdomar, no snakkar ikkje eg om alt, men om det som eg meiner ikkje sant. Eg synet at den moglegheita som dei har, dei brukar den ikkje, dei tek ikkje imot den sånn som dei skal. Dei bryr seg ikkje, tenker at det går fint. For eksempel dei veit at dei har moglegheit til å gå på skulen, då blir dei ingeniør eller eit eller anna ikkje sant. Men dei gidde ikkje for dei veit at anten pappa kan dekke økonomien eller NAV. Så på denne måten, vi jobbar hardt.

Det er visse menneske som har hjelpt han på vegen til å bli integrert, men han vil legge mest vekt på innsatsen han sjølv har lagt ned. Han meiner at ingenting er viktigare enn sin eigen innsats og si eiga vilje:

At eg SKULLE lære meg norsk, eg skal få meg jobb, eg skal gå på skulen, stå på. Det er det som har gjort at eg har blitt integrert. Det er ikkje sånn i dag at eg går rundt å føler meg integrert på grunn av at eg er med nokon norske. Det er ikkje sånn det er. Men viktigast av alt er språket då. Når du kan norsk er det lettare å bli integrert. Og då, for at du skal kunne norsken då må du legge inn ein innsats. Man møter utfordringer, men det er sånne ting man må tåle, for at man skal kunne lære seg, og for å kunne integrere seg.

B2 meiner han har fått god hjelp, alt det han trengte, for å gjere det beste ut av situasjonen sin her i Noreg, men meiner samstundes at dersom ein vil integrere seg så er det opp til seg sjølv å legge inn ein innsats. Det er ikkje poeng i å ta imot mykje hjelp frå diverse menneske og instansar dersom ein ikkje har tenkt å arbeide med det på eigen hand for å få det best moglege utfallet. Han synest også at det er veldig synd at det er ein del innvandrarar som kjem, ikkje berre til Noreg, men andre plassar rundt om i verda, dei får all hjelp dei treng og kjem til ein mykje betre plass, også er dei ikkje interessert i å legge ned ein eigen innsats.

Dette er noko A1 også nemner. Han ser mange frå ein annan kultur som har budd lenge i Noreg men framleis ikkje snakkar norsk, og har heller ikkje noko spesielt ønske om å lære

det. Sjølv meiner A1 at det er noko av det verste han ser. Heile grunnen for å kome hit var å kome seg vekk frå krig og å skaffe seg eit betre liv i Europa. Det er ei felles einsemd i forståinga av kor viktig det er med eigen innsats og B2 er heilt einig:

Jada, hjelp har eg fått. Men for å integrere seg eller å lære seg norsk og ikkje bli avhengig av andre, så må man legge inn ein innsats for det. Viss du ikkje legger inn ein innsats så blir ikkje man integrert. Det er ikkje slik at man blir integrert av å bu i bufellesskap. Det er ikkje det. Viss ein ikkje legger ned innsats og ikkje vil lære seg norsken, ikkje sant, eit av det viktigaste det er å lære seg norsk, då kan du bli integrert. Viss du ikkje kan norsk, så har du liten sjans for det.

B1 hadde ein litt annleis motivasjon for å danne seg nettverk og lære seg det norske språket, og det var mest for å få seg ei god utdanning og ein vellukka jobb slik at han klarer å ta vare på seg sjølv og ein eventuell familie. Han var den av informantane som var mest usikker på kva framtida bringer når det kjem til kvar han vil opphalde seg, men har det veldig bra slik det er no, og har i alle fall ingen planar om å reise tilbake så lenge situasjonen i heimlandet ikkje blir forbetra.

Alle fire informantane, uansett kvar dei kom frå, har til felles at dei kom til Noreg med ei veldig positiv innstilling, og denne innstillinga har dei framleis i dag. Då B1 fekk spørsmål om det var noko han ville ha endra på i den tida han kom til Noreg, var det einaste han kom på at han skulle ønske han hadde kome endå nokre år tidlegare slik at han hadde fått endå lenger tid på seg til å venne seg til det norske samfunnet før han måtte velje utdanning og yrke. A1 meiner at han ikkje har noko å angre på i det heile tatt, her har han alt; mat, pengar, tak over hovudet og fridom. Når det kjem til anger tenker A2 at det einaste han har å angre på er at han ikkje jobba endå hardare den første tida i Noreg. Då han først kom var han ikkje klar over det store fokuset som var på utdanning, så han angrar på at han ikkje gjekk hardare ut på seg sjølv med å gå på skule og lære mange nye ting. B2 har heller ingenting har angrar på. Han skjønner ikkje kva ein skal ha å angre på i Noreg, for han har det så mykje betre her enn han hadde hatt det i heimlandet sitt.

Jon Langlo har ein påstand om at innvandrarar som har innvandra frå ikkje-vestlege land og som føler att opphaldet ikkje er midlertidig men meir på ubestemt tid, har større motivasjon for både utdanning og integrering (Lauglo, 2010). Forsking som utforskar akkurat denne hypotesen har ikkje eg kome over, men informantane i denne undersøkinga meiner at det er viktig å bli integrert uansett kor lenge ein har tenkt å bli i Noreg.

På same måten som ein må vere motivert for å lære seg eit nytt språk, må ein vere motivert for å kome vidare med integreringa. Motivasjon er ikkje noko som manglar blant informantane, og dei er veldig klar over både arbeidet som dei har lagt ned, og det som står framfor dei.

Det kjem klart og tydeleg fram gjennom alle informantane at integrering er noko dei er kjent med og villige til å arbeide for. Dei har ikkje reist i frå familien sin i heimlandet for å kome til Noreg og leve isolert frå resten av samfunnet. For å oppnå integrering har dei jobba hardt og vore lærevillige, og alle informantane nemner sin eigen innsats som den største og viktigaste årsaka til integrasjon. Så sjølv om det norske samfunnet og staten er flinke til å legge til rette og har ein bra utarbeidd integreringspolitikk kan det bli litt for grunnleggande å seie at det er samfunnet som må endre seg for å betre integreringssituasjonen.

4.4.5. Moglegheiter og inkludering

A2 vil halde fram med å jobbe hardt, både på eventuelt meir skulegang, på arbeid og rett og slett på å bli integrert i lokalsamfunnet. Sidan han ikkje vaks opp med dei same moglegheitene som ungdomar i Noreg, trur han at han sette meir pris på det, og det vil han også fortsette å gjere. Det er nesten som han skulle ønske at han hadde kome hit for 18 år sidan, fordi her er så gode framtidsmoglegheiter. Han er samstundes bekymra for at han ikkje hadde sett pris på det då, fordi det hadde vore noko han også var van med og tok for gitt. Han priser seg uansett heldig for å bu i Noreg, han veit om mange som har slitt meir enn han med å få opphald.

Ulike studie knyt ambisjonen og motivasjonen for å passe inn i eit nytt samfunn opp mot det å ha ofra mykje for å kome hit og for å ha mykje å vere takksame over, som dei nye moglegheitene dei har motteke (Lauglo, 2010, s. 30). Denne forskinga vil eg seie at informantane er med på å forsterke. Dei snakkar alle om kor takksame dei er for å bu i Noreg, og viss ein har lyst til å bu eit anna land enn der ein har vaske opp er det visse endringar ein må tilpasse seg etter. Dei som ikkje ynskjer dette, eller er motiverte til å få det til, vil mest truleg heller ikkje klare å bli integrert.

Dersom B2 skal vere ærleg handlar integrering også ein del om haldninga til nordmenn. Det er ikkje nok å leve i eit trygt land med mange moglegheiter dersom han ikkje føler seg inkludert av majoritetsbefolkninga. Dei må vere flinke til å inkludere folk, dersom innvandrara skal bli best mogleg integrert i samfunnet. B2 synest at det er mange som er flinke til det, men samstundes mange som må bli betre. Han trur at dersom nordmenn vart litt lettare å kontakte og snakke med, så ville det påverke integreringsprosessen til innvandrarane på ein positiv måte. Men generelt vil han seie at det faktisk er mykje positivt når det kjem til å ta imot og vere imøtekomande mot folk frå andre kulturar. Dette lokalsamfunnet har eit godt rykte på seg når det gjeld dette og B2 er heilt einig i det rykte. Han kjenner mange som bur i eit annan lokalsamfunn og dei meiner at det verkar mykje meir inkluderande å bu her som B2 gjer.

I følge Brochmann handlar integrering om sosialisering og å skape orden i samfunnet gjennom sosialt samhald og normer (Tjelmeland & Brochmann, 2003, s. 205). Ut i frå denne forklaringa er det viktigaste for innvandrarane å få ta del i samfunnet og lære nordmenn å kjenne. For at det skal skje må samfunnet vere villig til å ta imot dei og vere behjelpelig med at dei skal finne sin plass i lokalsamfunnet. Dette er noko alle informantane har tatt opp, men også noko dei meiner at lokalsamfunnet er veldig flinke til, men at det alltid vil vere nokon som gjer ting vanskelegare og ikkje ønskjer at samfunnet skal utvikle seg i den retninga at det inkluderer andre kulturar.

Døving argumenterer for at integrering frå latin tyder å *gjere heil* (Døving, 2009, s. 8). Ut i frå denne forklaringa skal det norske samfunnet ta til seg innvandrarane og delar av deira kultur for å skape ein større, forbetra og utvikla kultur. Dette blir vanskeleg dersom nordmenn ikkje er villig til å gi dei ein sjanse. Dette meiner ikkje informantane at er eit problem i lokalsamfunnet, men at det samstundes kunne ha blitt endå betre. Det er ein samstemd einigheit i at lokalsamfunnet har tatt godt imot dei, og at det verkar som at folk er opne og villige til å gi innvandrarane ein sjanse, men inkludering er veldig viktig for integrasjon, og avgjerande for at innvandrara skal bli vellukka tilpassa det nye samfunnet (jf. avsnitt 2.2.2).

Friberg og Midtbøen (2017) publiserte ein artikkel der dei diskuterer framveksten av et *nytt* assimileringssomgrep. Assimilering også er ein prosess, og over tid vil ein til slutt bli assimilert. Dei viser til forskning der det amerikanske samfunnet har gått frå å vere protestantisk til kristent fordi det gradvis har godteke katolisisme som religion. Etter eit par år

i Noreg er informantane framleis bestemt på at dei skal ta vare på visse deler av sin opphavlege kultur og bringe det vidare til sine eventuelle kone og barn. Sidan dei ikkje har vore så lenge i Noreg kan ein ikkje konkludere med om dette blir realiteten eller om dei kjem til å bli heit *fornorska*.

Når det kjem til samanhengen mellom integrering og inkludering (jf. avsnitt 2.2.2) er informantane einige i at der er ein viktig samanheng. Dette kan vere litt av grunnen til at integrering i nokre samanhengar har blitt erstatta av omgrepet inkludering (Loga, 2012, s. 19). Det er ikkje nok at dei gjer alt dei kan for å bli integrert i samfunnet, dersom ikkje lokalbefolkninga er villig til å inkludere dei. Ein kan seie det som at integrering er opp til begge partar, men inkludering er det samfunnet som må stå for. Ein flyktning kan lære seg språket og dei norske lovene og skikkane, men dersom han eller ho ikkje slepp inn på arbeidsmarknaden eller i samfunnslivet generelt, kjem dei aldri til å bli ein ressurs i samfunnet.

Informantane er einige i at integrering handlar om inkludering, men ingen veit kor store som endringar må til for at ein innvandrar kan kalle seg integrert i det norske samfunnet. Tilpassing er ei subjektiv oppfatning som kan tolkast ulikt frå ulike menneske i ulike delar av samfunnet (Loga, 2012, s. 18-20). Sjølv om informatane i denne undersøkinga meiner utan tvil at dei er integrert, kan ein mest truleg finne personar som ikkje er eining i det utsegnet. Det er difor vanskeleg å ha ein målestokk for integrering som fortel akkurat på kva tidspunkt ein innvandrar kan kalle seg integrert (jf avsnitt 2.2.3). Her kan ein igjen ta opp teorien til Eriksen om at det finst ulike måtar å bli ein del av det norske samfunnet på, nokon legg vekt på det kulturelle, nokon det sosiale, medan andre meiner at ein må vere det på begge sider for å kalle seg vellukka integrert (Eriksen, 2010).

4.5. Kultur

Ein definisjon av kultur er at det handlar om åtferd, verdiar og normer som blir vidareført frå den eine generasjonen til den neste innan eit samfunn (Klausen, 1970, s. 11). Dette kan handle om kunnskap, religion, moral og skikkar osv., som gjer at folk innan ulike samfunn oppfører seg ulikt. Kulturskilnadar er ikkje noko ein blir født med, men som ein automatisk tek til seg på grunn av at menneske som lever i ulike miljø treng ulik kunnskap og ferdigheiter alt ettersom kva som blir vektlagt innan det miljøet (Eriksen & Sajjad, 2015, s. 35). Språk er til

dømes ein viktig faktor innan kultur, men ein kultur består av så mykje meir enn berre språk. I Noreg har vi skikkar og måtar å oppføre oss på, som innvandrar er det difor meir å lære seg i den norske kulturen enn berre det norske språket.

4.5.1. Informantane sine definisjonar av kultur

Kultur møter ein med det første ein reiser til eit nytt samfunn, men det kan variere kor lang tid det tek å bli kjent med ein ny kultur. B1 snakkar mykje om den norske kulturen og den eritreiske kulturen, men dersom han måtte forklare kva kultur eigentleg er, veit han ikkje heilt korleis han skal forklare det. Den norske kulturen handlar for han om korleis nordmenn oppfører seg og kva som er viktig for oss. Ut i frå dei ulike definisjonar på kultur som var drøfta i avsnitt 2.3.1., kan ein seie at det er det kultur handlar om, med det viser at det er eit omgrep som blir mykje brukt utan å ha ein konkret definisjon i tankane.

A1 forklarar korleis kultur for han er noko ein lærer seg utan å tenke så mykje på det. Etter å ha budd her så lenge som han har, merkar han at han tar til seg den norske kulturen lettare og lettare, medan kulturen han har vakse opp med sakte men sikkert forsvinn litt etter litt. Når A1 snakkar om kultur spesifiserer han at i det omgrepet legg han språk, reglar og skikkar som er vanlege i Noreg, som til dømes korleis ein oppfører seg ute blant folk og kommuniserer med andre.

For A2 og B2 handlar kultur først og fremt om språket og korleis ein oppfører seg i samfunnet. A2 forklarte at mykje at grunnen til at han føler seg integrert er fordi ting kjem så mykje meir naturleg for han no, i forhold til kva det gjorde lite etter han kom til Noreg. Han treng til dømes ikkje å tenke over kva som er rett og gale, i dag gjer han det rette automatisk. For han tyder det at han forstår den norske kulturen. B2 nemner språket som den viktigaste kulturelle aspektet han har lært seg, men også for han handlar kultur mykje om korleis ein oppfører og snakkar med kvarandre i kvardagen.

Deira tankar om kultur ligg dermed tett opp mot Klausen sin definisjon av kultur, som seier at kultur er åtferda til menneska (Klausen, 1970, s. 11). Unni Wikan meinte at kultur er subjektiv og opp til kvar enkelt person å tolke (Wikan, 1995, s. 22). Nokon legg meir i omgrepet enn

andre, men det vart klart at når informantane snakka om kultur var det språk, reglar og oppførsel dei tenkte på når vi diskuterte denne kategorien.

Edward Tyler sin definisjon av kultur som Eriksen og Sajjad refererer til seier at kultur er heilskapen som er danna av kunnskap, trusformer, kunst, moral og vaner som ein får gjennom samfunnet (Eriksen & Sajjad, 2015, s. 35). Ingen av informantane nemner til dømes kunst som ein del av kulturen, felles for dei er at kultur handlar om å forstå nordmenn og lære seg korleis ein kan kommunisere med dei, det er ikkje alltid det er nok med berre å kunne språket. Sidan kultur er noko som ein lærer gjennom samfunnet, har dei fortsått at den beste måten å lære kultur på er å vere saman med andre menneske i samfunnet. Her kjem igjen inkludering inn som eit viktig moment. Informantane kan ikkje ta del i samfunnet for å betre lære seg den norske kulturen dersom dei ikkje blir inkludert av majoritetsbefolkninga.

4.5.2. Er det viktig med kultur?

B1 nemner kor viktig det er å faktisk lære seg kulturen, for å forstå korleis det norske samfunnet fungerer og korleis kommunisere med nordmenn når ein har lært språket:

Alt er ikkje lett. Spesielt med den nye kulturen. Men etter kvart blir man vande med det. Spesielt når man tenker at man skal leve her. Må kunne lære språk og kultur. Kultur er nesten like viktig som språk. Viss du vil lære liksom korleis man skal kommunisere med norske, ikkje berre med ord, viss du skjønna kva eg meiner.

A1 deler denne oppfatninga av at kultur er like viktig å lære seg som språk, for det skal meir til å kommunisere med nordmenn enn berre ord og språk. For han handlar det å lære kultur om å lære seg korleis nordmenn oppfører seg, kva dei synest er viktig og bra, som til dømes reglar som nordmenn har i samfunnet men som ein ikkje kan lære seg ved å berre lese. Dette meiner han at ein berre kan lære seg ved erfaring. For han er kultur viktig, for utan den hadde han ikkje visst korleis han skal oppføre seg, og dermed hadde han ikkje tilpassa seg det norske samfunnet og han ville då ikkje kunne ha sagt at han var integrert.

For A1, og dei fleste andre flyktningane, handlar det å kome til Noreg, om å kome til ein trygg plass der ein kan leve i fred utan å vere bekymra for krig og konflikhtar. Det kan vere at dei set pris på andre ting enn den gjennomsnittlege nordmannen. Ting som nordmenn tek for gitt å ha, er eit stort steg opp for mange innvandrara. A1 har alt han treng; jobb, slik at han

kan tene pengar, ein plass å bu og føle seg trygg og mat til å ete. Han lurar på kva anna det er han eigentleg treng. Medan han tidlegare jobba på butikk hugsa han spesielt ei hending der ein stamkunde var så negativ og ikkje fornøgd med livet sitt, noko A1 ikkje kunne skjønne med tanke på kor bra ein har det i Noreg i forhold til andre plassar i verda:

Eg sa til han “du har mat sant?” Han sa ja. Eg sa “du har plass å bu sant?”. Då sa han ja. Eg sa til han “du har familie sant?”. Han sa ja. Eg tenkte berre kva i faen er det du klagar på da (...) då sa eg “har du tenkt over folk som bur andre plassar i verda. Folk som ikkje har mat til å leve, folk som ikkje har ein plass å bu liksom”. Sa til han at du må vere takknemleg for at du er født her i Noreg. Du har jo alt.

Dette har også å gjere med kulturskilnadar. A1 har vakse opp utan alle moglegheitene ein har i Noreg. Dersom han har til det mest nødvendige i livet, så er han fornøgd. Sjølv om han prøver å spare litt pengar også, til å ein gong ha råd til å kjøpe sin eigen plass å bu synest han at det er viktig å ta vare på familien som er igjen i heimlandet. Han var heldig nok til å kunne flykte, men dei vil alltid vere familien hans og han vil at dei skal ha det like godt som han har fått det i Noreg. Han vel å sende pengar til dei, og på grunn av A1 har dei fått bygd seg eit skikkelg hus og har det mykje betre enn før:

Eg sender familien min ganske mykje da. Har jo *luxuslife* her, i forhold til dei, så eg hjelper dei mykje. Kan jo ikkje berre gløyme familien min da. Dei må da det bra.

Den somaliske kulturen vil alltid vere heime for B2, men han gjer sitt beste for å passe inn i den norske kulturen og det kjem han til fortsette med. Det er tross alt her han skal bu i den nærmaste framtida. Kvar han kjem til å bu om 10-15 år veit han ikkje. Han er open for å flytte tilbake dersom det blir halvparten så mykje friedom i Somalia som det er her i Noreg. Det positive i Somalia er at der opplever ein ikkje denne store vêrforandringa heile tida. Han har vore i Noreg i seks år, men har framleis ikkje blitt vande med det varierende vêret her og kor ofte det er eit samtaleemne blant nordmenn. I Somalia er det stort sett det same vêret heile tida, så for B2 var det veldig rart at nordmenn snakkar om vêret når dei kanskje ikkje har noko anna å snakke om. I starten tenkte han berre “shit, har ikkje folk noko anna å snakke om liksom?” Han hugsa ein gang han møtte ein mann medan han stod å venta på bussen:

Også begynte han å snakke med meg og sa “ja, det er fint vêr i dag”, eg tenkte berre “herregud”, men etter kvart så skjønte eg at det er heilt normalt. Her er jo også forandringar heile tida. At her er fort store forandringar, folk må vite heile tida, og har noko å snakke om. Til og med når det er meldt sol. Når eg kom inn i kulturen så skjønte

eg litt meir. Eg er jo vande med at ingen som snakkar om vêret. Ingen som seier eit ord om vêret, for det er jo same vêret heile tida.

B2 meiner difor at det er like viktig å lære den norske kulturen som der er å lære seg språket. Kulturen tenker han til og med er vanskelegare sidan det ikkje er noko ein kan pugge, men noko ein sjølv må ut og oppleve. For han var det språket som var det grunnleggande å lære, så fekk han seg sosiale nettverk, og når han vart kjent med folk og klarte å kommunisere så lærte han meir og meir av den norske kulturen. Utan å forstå slike kanskje mindre ting innan den norske kulturen, trur ikkje han at han hadde følt at han passa inn i samfunnet i like stor grad han gjer i dag.

4.5.3. Kulturblanding

B1 meiner at det ikkje er noko problem å blande kulturar i eit samfunn så lenge alle har respekt for kvarandre. Sjølv om han har vorte glad i den norske kulturen, tyder ikkje det at han vil gløyme eller legge til side den kulturen han har vakse opp med. Han ønskjer i staden å ta det beste frå begge kulturar og danne sin eigen kultur ut i frå verdiar som er viktige for han. Som til dømes at i Noreg handlar mykje om fridom.

Sjølv om A2 har jobba hardt og mykje for å forstå den norske kulturen og bli integrert i det norske samfunnet, har han ikkje lyst til å legge heilt frå seg sin afghanske kultur. For han gjeld det å ha ei blanding, så lenge han gjer det han kan for å fortsette å vere ein del av samfunnet og gjere det som er forventa av han:

Eg seier at Afghanistan er uansett i hjartet mitt. Uansett om der er bra eller dårleg, det er hjartet mitt. Men Noreg er augene mine. For då eg kom her, eg såg ting. Viss eg ikkje hadde hatt augene hadde eg ikkje kunne ha forstått heilt. Så då, viss du ikkje har hjarte så kan ikkje du leve, viss du ikkje har auge så lever du kjedeleg.

Så uansett kva framtida bringer for A2 kjem den afghanske kulturen alltid til å vere ein del av han. Afghanistan vil alltid vere heimlandet hans, men han respekterer og behandlar Noreg som sitt land også. Han meiner at no er det nesten som om han har to land. Dersom han får spørsmål om sin nasjonalitet må han svare afghansk, uansett om han liker det eller ikkje. Men det er også visse ting ved sin originale kultur, som han ikkje liker like godt lenger. Han vel å behalde det han likar ved den, og tar til seg aspekt ved den norske som passar han. Til dømes i Afghanistan kan ein gifte seg når ein er 14-15 år. Då A2 framleis budde der tenkte han at det ikkje var noko gale med den tradisjonen, men no blir han sur dersom han høyrer om personar

som har måtte gått gjennom det. No ser han på femtenåringar som barn, ikkje personar som skal ha barn.

I likskap med dei andre informantane er det aspekt ved sin originale kultur B2 har lyst til å bevare og andre aspekt han ikkje har lyst til at skal vere ein del av livet hans meir. Innan kultur synest B2 at det finst mange ting som ikkje er bra, kanskje spesielt i den religiøse delen, men sånn som historie og språk er ting han har lyst til å lære vidare til sine eventuelle barn, om dei måtte vekse opp i Somalia, Noreg eller eit anna land.

A1 er den av informantane som har lagt til side mest av sin *gamle* kultur. Han fortel til og med at han hadde litt problem med å hugse alle orda då han skulle snakke med familien sin heime. Det var berre dei norske orda han kom på. Det er ikkje uvanleg å høyre til to eller fleire kulturar samstundes. Eit individ er komplekst, så det blir feil å tru at ein har berre ei kulturell side (Eriksen, 2010, s. 22).

Friberg og Midtbøen (2017) publiserte ein artikkel der dei diskuterer framveksten av et *nytt* assimileringssomgrep. Assimilering også er ein prosess, og over tid vil ein til slutt bli assimilert. Dei viser til forskning der det amerikanske samfunnet har gått frå å vere protestantisk til kristent fordi det gradvis har godteke katolisisme som religion. Deira teori om at dagens integreringspolitikk har mykje til felles med assimileringspolitikken som ein drev før, stemmer ikkje med funna i denne undersøkinga. Alle informantane gir uttrykk for at dei både har lov til, og har velt å behalde delar av sin opphavlege kultur samstundes som dei kallar seg integrert. Denne teorien passar moglegvis betre på haldning til majoritetsbefolkninga. For at etniske nordmenn skal finne ein flyktning integrert har den delen av befolkninga kanskje større forhåpningar og meiningar om kor *norsk* han eller ho skal vere før ein har lov til å kalle seg integrert. Etter eit par år i Noreg er informantane framleis bestemt på at dei skal ta vare på visse deler av sin opphavlege kultur og bringe det vidare til sin eventuelle kone og barn. Sidan dei ikkje har vore så lenge i Noreg kan ein ikkje konkludere med om dette blir realiteten eller om dei kjem til å bli meir *fornorska*.

Ynskje om å ta til seg meir av den norske kulturen kan også kome av ynskje om å passe inn og sikre seg dei rettighetene ein har rett på. Det skjer lett at dei frå ein annan kultur enn majoriteten blir sett ned på. A2 og B2 nemner at dei har opplevd fordommar, men det er ikkje noko dei går rundt å tenker på, dei vel begge å ha fokus på det positive. Dette går igjen i

teorien om positiv sjølvtilskrivning og negativ andretilskrivning, der minoriteten blir tilskrive negative eigenskapar og stereotypiar av majoriteten (Pihl, 2011, s. 255-257). Sidan minoriteten, altså innvandrarene, ikkje har dei same eigenskapane som majoriteten av befolkninga eller kanskje meiner at andre ting er vitigare enn majoriteten, blir dei sett på som mindreverdige og ikkje like gode som ein etnisk nordmann.

4.5.4. Kulturskilnader

Inntrykket B1 har av Noreg er at her er alle fri og ein har større fridom til å seie og gjere det ein vil, medan i Eritrea må ein tenke litt meir over kva ein seier og tenker, spesielt i det offentlege. Ein ting han saknar frå den eritreiske kulturen er respekten dei yngre har for dei eldre. Ikkje at han vil seie at nordmenn oppfører seg dårleg, men på skulen til dømes har ikkje elevane like stor respekt og beundring for lærarane som dei som veks opp i Eritrea. I løpet av tida si på skulen i Noreg har han ikkje opplevd at ein lærer er for streng, eller at nokon har blitt sendt på gangen. På den eine sida er det bra at elevane og lærarane er litt meir på same nivå, men litt travelt at alle driv å snakkar når det er nokon som prøver å følgje med. Dersom nokre av dei norske ungdomane han har gått i klasse med hadde vakse opp i Eritrea, hadde dei nok ikkje oppført seg på same måten som dei gjer her i Noreg. På den måten er B1 glad i sin kultur heimanfrå. Men han kan tenke seg at Afrika kjem til å forandre seg i tida som går. Han tenker at kanskje Eritrea blir som det er i Norge no om nokre år, på same måte at det var strengare i Noreg i gamle dagar når det kom til respekt, spesielt på skulen. Det største håpet er i alle fall at alle i Eritrea skal bli like frie som ein er her i Noreg, at utviklinga der går den rette vegen. Dette kan ha samband med at nordmenn har andre forventningar enn flyktningar både når det gjelder utdanning og arbeid (Friberg & Midtbøen, 2017). Barn og unge som har vakse opp i Noreg veit ikkje noko anna enn kva dei sjølve har opplevd og har dermed andre krav og forventningar til oppførsel.

Når vi snakkar om norske folk i forhold til venskap og sosiale nettverk meinte A1 at nordmenn er meir inneslutta og kunne ha vore litt meir sosiale i kvardagen. Nordmenn er rett og slett vanskelegare å bli kjende med enn kva afghanarar er. Men når det kjem til kulturskilnadar kjem det fram at han samtidig meiner at nordmenn er høflegare enn i heimlandet. Etter å ha reist tilbake til landet sitt på ferie synest han at alle verka så sure. Dersom ein stoppa nokon på gata for å spør etter ein bank til dømes, så fekk ein ikkje noko svar eller så sa dei berre “veit ikkje eg vel, berre gå”. Oppfatninga hans var at i Noreg prøvde

folk å svare dersom dei vart stoppa, sjølv om nordmenn ikkje er den type folk som stoppa opp for å ha ei samtale. Då A1 snakka om dette saman med eine broren sin, kunne han fortelje A1 at det er på grunn av krigen og at dei sit ute i solsteiken for å tene så pass med pengar berre for å overleve. Så der synest A1 at kulturen i Noreg er litt betre, mykje på grunn av at nordmenn er så heldige dei ikkje treng å bekymre seg over slike grunnleggande ting. A1 måtte fortelje broren sin at I Noreg “der er fint, kjekke folk, dei liksom oppfører seg skikkeleg. Der er ikkje noko sånn krangling”.

Både A1 og A2 meiner at det er store skilnadar når det kjem til kulturen i Noreg og kulturen i Afghanistan. Den største skilnaden for A2 går på menneska og korleis ein oppfører seg i dagleglivet. Denne skilnaden går det ein stund før ein blir van med, og den er også litt av grunnen til kvifor A2 ikkje har eit større ønske om å få heile familien sin til Noreg etter å endeleg ha fått kontakt med dei igjen etter seks år.

Vi er vande med å vere med mykje folk. Det blir skikkeleg vanskeleg for dei viss dei kjem, spesielt hit. Så... eg garanterer at dei kjem til å bli sjuke da. Noreg er eit fredeleg land, her er nesten alt bra. Men i tillegg har man lite menneske. Man har ikkje kontakt, lite folk, lite bilar. Så det kan vere litt vanskeleg. Også faren og mora mi dei er ganske gamle, så for dei er det ganske greitt å bu der, i Afghanistan. Dei har det fint. Dei har det framleis bra, men unntatt fred da. Det kan man ikkje gjere noko med. Vi er vande med det då eigentleg. Det er kvardagen.

B2 meiner at han alltid kjem til å vere afrikanar, men kjem likevel til å gjere sitt beste for å passe inn i den norske kulturen. Dersom han hadde blitt verande i Somalia hadde sikkert livet hans vore veldig forskjellig frå det det er i dag, men ikkje like bra. Han saknar så klart små ting frå sin eigen kultur, men det trur han hadde vore verre dersom han hadde vore eldre då han kom til Noreg. Viss han til dømes hadde hatt ein topp jobb og familie, også hadde han kome hit, vorte plassert i mottak og måtte integrert seg, og lært norsk for så å kome seg i arbeid igjen, då trur han at han hadde slitt litt meir både med motivasjonen og utfallet. På denne måten meiner B2 at skilnaden ikkje er så stor for han sidan han gjekk på skule i Somalia og byrja på skulen igjen i Noreg. Det var så klart litt vanskelegare sidan han måtte lære seg eit nytt språk, men er veldig glad for at han var så ung som han var då han kom. Han er i alle fall overbevist om at han har eit mykje betre liv i Noreg i dag enn kva han hadde hatt i Somalia, sjølv om han saknar familie og vener. Alt er uansett betre enn det han risikerte å oppleve dersom han hadde blitt verande i Somalia som så mange som han kjente gjekk gjennom:

For når du ser sånne ting, nokon som gjer det, som du har gått på skule med. Kva skal skje da? Du tenker at du som ungdom, du må vere med du også. Bli sjef i staden for å bli undergravd, skjønner du kva eg meiner? Han blir heller med slik at han kan gjere akkurat det same, for viss du ikkje blir med så er det sånne ting som skjer med deg. Du kan ikkje... det er eit press når folk du kjenner og veit godt, ungdom som er same alder som deg, at du presser dei så blir du med den gruppa for at andre ikkje skal presse deg. Slik kan du heller vere med på å presse andre du også. Gjer kva som helst. Mange ungdom har blitt med på den måten.

I staden for å vere redd, valte mora å sende sin yngste son til Noreg, i håp om at han ikkje skulle bli innblanda i konfliktane i Somalia og i krigen. Det aller beste ved å bu i Noreg er i følge B2 fridomen. Her er fritt, og ein treng ikkje å gå rundt med ei frykt om at ein skal bli bomba berre ein er ute på gata. Han slepp denne store uroa i kvardagen. Han synest det er synd at så mange nordmenn tar denne fridomen for gitt, for det er langt frå alle som er like heldige som dei som bur i Noreg. Fridom og fred er det ein manglar i den somaliske kulturen.

Dei kulturelle skilnadane mellom Noreg og Afghanistan, eller Noreg og Austkysten av Afrika kan vere ganske så store, både når det kjem til det sosiale, religiøsitet, utdanning og arbeid. Til dømes er det stor skilnad i synet på makt og respekt mot dei eldre og meir autoritære som i utdanningssamanheng. Når det kjem til klasserommet påpeiker B1, som framleis er under utdanning, at det nesten er for mykje fridom på dette punktet i Noreg. I Eritrea blir ein kasta ut av klasserommet, og kanskje til og med slått, dersom ein ikkje følgjer med i undervisninga. I Noreg synest han at det er alt for mange som berre møter opp for å ikkje høyre etter eller delta i diskusjonar. Det er til og med nokon som held på med andre ting, men læraren kan ikkje gjere så mykje med det i Noreg. I Eritrea fortel B1 at respekt er ein stor del av livet og det å bli ein mann. Utan respekt kjem ein seg ikkje langt, og ein lærer frå tidleg av å respektere sine eldre og autoritære personar. B1 lurar på om dette igjen kan ha noko med at ein blir vaksne tidlegare i kulturen i Eritrea. Når ein person er 16 år i Eritrea blir ein sett på som ein mann, medan i Noreg er ein framleis barn når ein er 16 år. Forskinga har vist at barn av ikkje-vestlege innvandrarak jobbar mykje med utdanning fordi foreldra er strengare og har høgare krav til ungdommen (Lauglo, 2010, s. 34). Dette kan vere gjeldande for informantane sjølv om dei ikkje lenger bur saman med sine foreldre. Sjølv om dei bur i Noreg i dag har dei bevart den delen av sin kultur som har meir respekt for eldre enn kva delar av den norske ungdommen viser.

4.5.5. Tillit

Tillit er ein kulturskilnad som var vanskeleg for informantane å sette seg inni då dei kom til Noreg. Tillit handlar om å ha nokre menneske du stolar på, og ofte er den grunnleggande tilliten basert på at ein har dei same interessene og tankar om fordelar som dette eventuelle samarbeide kan framkalle (Wollebæk & Segard, 2011, s. 31).

A1 var født i Afghanistan, men flykta allereie som liten saman med sin nærmaste familie til eit naboland. Livet for han har alltid vore prega av usikkerheit og frykt, så det var ein stor skilnad å møte den norske kulturen der ein har mykje meir tillit til andre og staten. Han har vorte glad i Noreg, sjølv om det var hardt å forlate familien sin for å prøve å få eit betre liv ein annan plass i verda.

A2 synest at det var vanskeleg å forstå tilliten nordmenn har til det offentlege systemet, som til dømes politiet, den første tida han var i Noreg. Der han kjem frå er politiet frykta, og dei er ikkje til for å hjelpe folk flest. Difor var han si første tid i Noreg skeptisk til det norske politiet, og det tok tid for han å byggje opp den tilliten nordmenn har til politimakta:

Her i Noreg, politiet hjelper, ikkje sant. Men i heimlandet mitt, politiet forstyrrar folk. Så det er to heilt forskjellige. Når eg hadde intervju, var eg kjempebekymra for å fortelje dei ikkje sant. Eg trudde at dei kanskje plutselig kom eller ringer, for å seie at eg skal i fengsel, eller for å banke deg eller sånt. Fordi eg er vande med det, og eg såg det.

Dette var grunnen til at han ønskte å bli politi då han var mindre. For å få makt i staden for å frykte den. Han tenkte at dersom han hadde denne type respekt, då måtte han få eit bra liv. Sjølv om det var mange som kom til å ikkje like han, eller frykte han, var det noko han var lett villig til å ofre. No når han har kome til Noreg, er ikkje ønsket om å bli politi lenger så stort. Han trur det er to grunnar til det. Den eine er at i det norske samfunnet treng ein ikkje å vere frykta for å få respekt, eller for å hindre at du sjølv skal frykte andre, og den andre grunnen er alle moglegheitene og vala ein har Noreg.

For å klare å byggje seg opp sosiale nettverk må ein først ha tillit. Her gjeld det å ha tillit til folk som gjer at ein har nokon ein stoler på, som kan hjelpe deg dersom det trengst og som er med på å gjere livet meir komfortabelt (Wollebæk & Segard, 2011, s. 30). Noreg er eit land der folk stoler på kvarandre, og der ein har mykje tillit til andre menneske (Norges forskningsråd, 2005, s. 29). Dette er noko informantane er einig i, og dei har merka skilnad på

tilliten i landet som dei kjem frå, og i Noreg. Dette kan stemme med teorien om at tillit er noko ein får frå barndomen av, og ikkje forandrar seg så lett (Halvorsen, 2003). Spesielt generalisert tillit er ikkje noko som er lett å opparbeide seg, noko A2 erfarte med sitt første møte med det norske politiet. Frå heimlandet sitt var han van med at politiet var nokon ein skulle frykte, og ein ikkje kunne stole på til å hjelpe deg. Dette vart ein stor skilnad då A2 kom til Noreg å måtte forhalde seg til det norske politiet. Det er annleis for dei som har vakse opp i Noreg, dei har vore vande med å ha tillit til politiet frå barndomen av. B1 har også erfart at skilnaden i den generaliserte tilliten i samfunnet han vaks opp i og samfunnet i Noreg. Men han har funne ut at han må byrje å stole meir på folk her i Noreg. Den partikulære tilliten har han ikkje noko problem med sidan folk han kjenner har han alltid hatt tillit til, men føler at han har vorte mykje flinkare med den generaliserte tilliten også.

For å få eit best mogleg samfunn er det best å ha ein blanding av både generalisert og partikulær tillit (Halvorsen, 2003). Dette kan vere ei utfordring i større samfunn der ein har fleire menneske. Det er umogleg for alle å kjenne alle, det er då den generaliserte tilliten kjem meir inn i spelet. Dette henger også saman med innvandring og integrering fordi multikulturelle samfunn skaper menneske som er ulike og ein må difor lære seg å stole på menneske som også skil seg frå seg sjølv. Ein kan diskutere om dagens samfunn er meir avhengig av generalisert tillit enn tidlegare på grunn av globalisering, auke i kommunikasjon og andre teknologiske avansar samfunnet er bygd på (NOU, 2017, s. 16). På grunn av større samfunn med like mykje kontakt med andre kulturar og samfunn som ein har med folk i gata, kan ha gjort at ein ikkje kjenner sine medborgarar like godt som ein gjorde i eldre tider. Det er ikkje nok å ha tillit til personar i sin umiddelbare sosialiseringsskrets, for ein er like mykje avhengig av større bedrifter, organisasjonar og personar som ein ikkje har eit personleg forhold til. For å skape det beste og mest vellukka samfunnet er ein avhengig av tillit mellom enkeltindivid, noko som også tyder at majoritetsbefolkninga må ha tillit til flyktningar. Ein måte å få dette på er å inkludere dei på dei ulike samfunnsarenaane, og bli kjent med dei som menneske (NOU, 2017, s. 18).

Forsking viser at Noreg er eit land med mykje tillit til sine medborgarar og elles i det offentlege (Wollebæk & Segard, 2011, s. 33). Sjølv om det kan vere vanskeleg å byggje seg sosiale nettverk viser undersøkingar at nordmenn er flinke til å støtte seg til sine nettverk dersom det skulle vere noko ein trengte hjelp til, sjølv om ein også har ein velferdsstat som ordnar det meste. B1 påpeikar det at han fekk bu i bufellesskap saman med andre

innvandrara og få hjelp av dei som jobba der, som ein stor grunn til at han både lærte seg å ha tillit til den offentlege styresmakta og tillit til andre rundt seg. På denne måten vart han godt kjent med andre som var i same båt som han sjølv, samstundes at ein har kontaktpersonar til å hjelpe med det viktigaste, både å lære kultur og språk og om andre daglegdagse ting som skal hjelpe dei slik at dei seinare skal klare seg sjølv. Det var ikkje lenge B1 budde i bufellesskap før han fylte 18 og måtte flytte, men føler framleis at nettverka han la medan han budde der er gode å ha også i dag. Både med dei tilsette og dei andre bebuarane. Han har reflektert i ettertid over kor bra det fellesskapet faktisk var, og skulle berre ønske at han hadde sett enda meir pris på det medan han var der.

I følge Wollebæk og Segard (2011) kan ein kan sjå på tillit i samanheng med skilje mellom overbyggande og samanbindande sosial kapital. På same måten som ein måtte byggje seg nettverk mellom menneske som er ulike, må ein i samfunnet lære seg å stole på folk som ein ikkje deler fellestrekk med. dette henger saman med den partikulære tilliten, at ein må stole på folk ein ikkje kjenner. Sjølv om det var eit fellesstrekk blant informantane at dette var vanskeleg å litt rart i starten, føler alle fire at dei har klart å byggje opp til tillit i samfunnet. Til dømes A2 som måtte lære seg å stole på politiet eller B1 som må ha tillit til at lærarane i Noreg veit kva dei driv med sjølv om straff ikkje er like utbreidd som han var vande med frå Eritrea.

5. Avslutning

Innvandring og integrering er viktige samfunnssaker som skapar mykje debatt i samfunnet i dag. Nokre ser på innvandring som ei last som må fjernast, medan andre meiner at der er ein ressurs. Sidan mykje av diskusjonane rundt tema omhandlar det politiske og korleis ulike tiltak kan vere med på å fremje ein meir vellukka integrasjonsprosess, ville eg i denne oppgåva undersøke korleis det er frå det andre perspektivet. Kva synest dei som kjem til Noreg som flyktingar om å bli integrert i det norske samfunnet? Kva er utfordringane og kva er det viktigaste som ligg til grunn for at dei meiner at dei har hatt blitt integrering i det norske samfunnet og blitt aktive deltakarar i eit lokalsamfunn.

Oppgåva har undersøkt korleis fire unge, mannlege, ikkje-vestlege flyktingar erfarer å tilpasse seg det norske samfunnet. I staden for å ta utgangspunkt i ein organisasjon eller eit lokallag for å finne ut korleis dette kan vere med på å fremme integrering, ville eg ta utgangspunkt i fire tilfeldig utvalte flyktingar og for å undersøke korleis dei har opplevd det og kva som har vore viktige for dei. For å finne empirien som undersøkinga er basert på er det brukt kvalitativ metode og personlege semistrukturerte intervju. Dette vart brukt slik at alle informatane skulle få merksemd, og fordi dei skulle få snakke relativt fritt under intervju, men styrt av visse tema. Informantane er anonyme og blir referert til i oppgåva ved bokstav og tal etter deira opphavlege land. A1 og A1 kjem frå Afghanistan medan B1 og B2 kjem frå Eritrea og Somalia. Dette vart gjort for å kunne sjå likskap og skilnadar etter kvar dei kom frå. Skilnadane vart ikkje så store som forventet så det har ikkje blitt vektlagt i oppgåva, men det kan likeeins vere relevant å sjå kva bakgrunn dei har når ein presenterer funna.

For å drøfte dette har forteljningane deira blitt satt opp mot teori om språkutvikling, sosiale nettverk og sosial kapital, integrering og kulturskilnadar, samt sett i lys av tidlegare forskning rundt tema. Sjølv om eg ikkje har funne forskingsrapportar som belyser akkurat denne sida om integrasjon, er det mange som er innoverande aspekt ved integrering; som til dømes kva eit lokalsamfunn kan gjere for å best ta i mot innvandrarar (Djuve & Kavli, 2015), korleis språkopplæringa fungerer som integreringshjelpemiddel (Strand, 2014; Tronstad, 2015b) eller viktigheta ved sosial integrasjon (Reinar, 2015; Valenta, 2008). Denne oppgåva vil likevel bringe noko nytt på bordet sidan den er basert på personlege erfaringar, noko som gjer at ein mest truleg kan finne endringar frå samfunn til samfunn, og frå enkeltindivid til enkeltindivid.

Det er problematisk å basere seg på forskning gjort i større byar, til dømes Oslo, når ein vil undersøke eit mindre lokalsamfunn.

5.1. Oppsummering og konklusjonar

Eit av dei viktigaste funna gjort i denne undersøkinga er at integrasjon er ein prosess som blir mest vellukka dersom kvar enkelt flyktning har motivasjon og legg inn ein innsats for å passe inn i samfunnet. Alle informantane fortalte at det viktigaste dei har gjort er å arbeide mykje med språket og utnytte hjelpa dei har fått både av språkkurs og av menneske rundt seg. Det er ikkje nok å få den grunnleggande opplæringa for så å tru at jobben er gjort. Språk er noko dei alle har jobba mykje med, og dei lærer framleis nye ord og uttrykk i dag, også etter å ha budd i Noreg mange år.

Eit anna funn er at dei setter pris på sosiale nettverk og synest at det er bra å ha i kvardagen. Eit felles trekk blant informantane er at ingen av dei set det sosiale i første rekke når det var snakk om integrasjon. Det sosiale var ikkje det avgjerande, men saman med språk er det denne faktoren som har gjort at dei har blanda seg meir med nordmenn og føler seg komfortable med å kommunisere med andre, som igjen er ein stor del av å vere medlem i eit samfunn. Integrasjon handlar for dei å kunne kommunisere, få seg arbeid og leve etter norske reglar.

Når det kjem til kultur var alle einige i at ein trenger ikkje å gløyme alt frå sin opphavlege kultur for å kalle seg *norsk* og bli integrert i det norske fellesskapet. Dei har alle aspekt ved sin opphavlege kultur som dei vil ta med seg vidare uansett kor lenge dei bur vekke frå heimlandet sitt, samstundes som det er delar som dei har lagt frå seg for å passe betre inn. En faktor som eg trudde skulle spele ei større rolle når det er snakk om integrasjon er religion. Det viste seg at ingen av informantane følte seg noko særleg religiøse, verken i Noreg eller i heimlandet. Både A1, A2 og B2 nemner at det viktigast for dei å vere eit bra menneske, det spelar ikkje noko rolle om ein kallar seg religiøs eller ikkje.

Eit av dei viktigaste punkta som vart tatt opp av alle informantane er at nordmenn generelt er for lite sosiale og vanskelege å bli kjent med. Dette synest dei var veldig dumt sidan mykje av det å bli integrert handlar om å bli inkludert. I den norske kulturen er ikkje det like vanleg å vere så mykje ute eller på besøk hos andre som det er i den afghanske, eritreiske og den

somaliske kulturen. Dette tok det lang tid før informantane vart vande med, og ein stor grunn til kvifor ikkje alle har så mange nordmenn i dei sterkaste sosiale nettverka sine. Dei vil difor anta at dersom nordmenn hadde vore litt meir opne og sosiale hadde flyktningar vorte endå betre blanda i samfunnet og vorte raskare og lettare integrert.

Hovudkonklusjonen i denne oppgåva vil eg seie er at best mogleg integrering handlar om inkludering og eigen innsats. Først og fremst må ein innvandrar ønske å bli integrert i det norske samfunnet og vere villig til å arbeide for å få det til. For det andre er det opp til majoritetsbefolkninga å inkludere dei i lokalsamfunnet. Det er til dømes ikkje nok å opprette språkkurs dersom innvandrarane sjølv ikkje er interesserte i å legge ned arbeid for å lære norsk. Men på andre sida så kan innvandrarane jobbe så hardt dei kan utan å bli integrert dersom ikkje samfunnet godtek dei, gir dei ein sjanse og inkluderer dei både i lokalsamfunnet og på arbeidsmarknaden.

Vidare kan ein konkludere med at språk og sosial kapital overlappar kvarande når det er snakk om integrasjon; det er vanskeleg å ha det eine utan det andre. Informantane hadde til felles at dei synest at begge desse faktorane var viktige for å bli integrert i lokalsamfunnet, men at språket kom i første rekke, og det går fint å bli integrert samstundes som ein held på aspekt ved sin opphavlege kultur. I følgje teorien om integrering er det dette det handlar om, så undersøkinga viser at vellukka integrering er fult mogleg dersom begge sider ynskjer det.

God integrering er ein positiv ressurs både for dei som blir integrert men også for mottakarsamfunnet. Dersom integreringa er vellukka går ein innvandrar frå å vere ei last i samfunnet til å bli ein positiv ressurs som bidrar både til lokalsamfunnet, men også til den norske staten og er med på å bygge opp velferdssamfunnet. Dersom inkludering er det som skal til for å få til dette, hadde alle hatt godt av å ta vekk skilje mellom *oss* og *dei* og i staden sjå på alle som enkeltindivid, slik som var målet i Stortingsmelding 49.

Inkluderande samfunn er bygd på likskap og solidaritet, og det er opp til majoriteten om det er eit slikt samfunn flyktningane møter. Ein må hindre at det blir ein vond sirkel der lokalbefolkninga ikkje inkluderer flyktningar på grunn av ulikskap og dårlegare levekår, som fører til at dei ikkje blir integrert noko som skaper endå større skilander mellom *oss* og *dei*. Denne oppgåva viser at det er ikkje alltid dei største tiltaka som fører til noko positiv, av og til er det dei små tinga som utgjer den største skilnaden.

5.2. Vidare forskning

Integrering er eit tema som er forska mykje på, men lite frå et innvandrarperspektiv. Det er ikkje nok å undersøke kva det norske samfunnet og staten gjer for å fremje integrering, ein må vite kva som fungerer og kva som er viktigast for dei som skal gå gjennom denne prosessen. Sjølv om denne undersøkinga ikkje er representativ for heile gruppa innvandrara som er busett i lokalsamfunnet, kan den vere med på å peike på kva som blir verdsett av flyktingar. Ein skap ikkje sjå vekk i frå at dersom det hadde vore eit anna utval av informantar, er det stor sjanse for at empirien hadde sett annleis ut. Informantane hadde til dømes felles at dei budde i bufellesskap i tida før dei fylte 18, det hadde vore interessant å undersøkt nokon innan same aldersgruppe som har budd i Noreg like lenge, men som ikkje fekk dette tilbodet. Føler dei at dei fekk ein like bra start på integreringa i lokalsamfunnet? Kva skil dei som budde i bufellesskap og dei som budde på mottak eller aleine? Det kunne samstundes vore interessant med eit større utval, kanskje ein hadde på den måten funne større variasjonar mellom individa.

Eit viktig funn som viste seg i denne undersøkinga er kor viktig det er med inkludering for å få best mogleg integrere innvandrara. Ein studie som også tok med informantar frå lokalsamfunnet kunne ha vore med på å vise interessene frå denne sida. Har lokalsamfunnet inkludert dei så godt det kan, er det ikkje interessert i å inkludere andre eller er ikkje majoriteten klar over kor viktig inkludering er for minoriteten? korleis kan samfunnet betre dette? Ei anna utvikling er å utdjupe skilnaden mellom bygd og by. Er det slik mange av informantane trur, at dei som vert busett i større byar har eit nettverk som består mest av andre innan same innvandringsgruppe?

I denne undersøkinga var det i tillegg mange faktorar som falt bort sidan det var ei grense på kva som fekk plass. Ei annan vinkling kunne ha fokusert på fritidsaktiviteter som ein hjelper i integrasjonsprosessen. Eller ein kunne ha utdjupt korleis informantane opplever fordommar og rasisme i eit lokalsamfunn, dette er spanande faktorar som ikkje fekk plass i denne oppgåva, men som hadde vore lærerikt og nyttig å lært meir om. Det finst mange moglegheiter.

6. Litteraturliste

- Arbeid & inkludering. (2016). To spennende samarbeidsmodeller for arbeidsinkludering av flyktninger. Henta frå http://arbeidoginkludering.no/nyheter/to-spennende-samarbeidsmodeller-for-arbeidsinkludering-av-flyktninger?Action=1&M=NewsV2&PID=3574#_ftn1
- Berry, J. W. (1997). Immigration, acculturation and adaptation. *Applied psychology: An international review*, 46, 5-68.
- Bourdieu, P. (1986). The Forms of Capital. I: J. G. Richardson (Red.), *Handbook for Theory and Research for the Sociology of Education* (s. 241-258). New York: Greenwood Publishing Group. Henta frå <https://www.marxists.org/reference/subject/philosophy/works/fr/bourdieu-forms-capital.htm>.
- Brochmann, G. (2014). Integrering. Henta 11.11 2016 frå <https://snl.no/integrering>
- Brochmann, G., Borchgrevink, T., & Rogstad, J. (2002). *Sand i maskineriet - Makt og demokrati i det flerkulturelle Norge*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Bø, I., & Schiefloe, P. M. (2007). *Sosiale landskap og sosial kapital - innføring i nettverkstenkning*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dahl, Ø. (2013). *Møter mellom mennesker: innføring i interkulturell kommunikasjon* (2 utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Dalen, M. (2004). *Intervju som forskningsmetode - en kvalitativ tilnærming*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Djuve, A. B., & Kavli, H. C. (2015). *Ti års erfaringer: En kunnskapsstatus om introduksjonsprogram og norskopplæring for innvandrere* (Vol. 26). Fafo.
- Døving, C. A. (2009). *Integrering: teori og empiri*. Norge: Pax forlag.
- Einarsen, K. J. (2013). Språket - første skritt mot integrering. Henta frå <http://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/spraaket-forste-skritt-mot-integrering>
- Eriksen, T. H. (2010). *Samfunn*. Oslo: universitetsforlaget.
- Eriksen, T. H., & Sajjad, T. A. (2015). *Kulturforskjeller i Praksis: Perspektiver på det flerkulturelle Norge* (6 utg.). Oslo: Gyldendal.
- Friberg, J. H., & Midtbøen, A. H. (2017). Innvandererens etterkommere: Teoretiske og komparative perspektiver. *Norsk sosiologisk tidsskrift*, 1, 5-14.
- Granovetter, M. S. (1973). The Strength of Weak Ties. *American Journal of Sociology*, 78(6).

- Gullestad, M. (2002). *Det norske sett med nye øyne - Kritisk analyse av norsk innvandringsdebatt*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Halvorsen, L. J. (2003). Fenomenet og begrepet tillit (s. 23). Notat.
- Hoem, A. (2010). *Sosialisering - Kunnskap - Identitet*. Vallset: Oplandske Bokforlag.
- Høgmo, A. (1998). *Fremmed i det norske hus - Innvandreres møte med bygdesamfunn, småby og storby*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Jakobsen, U. (2007). *Snakker ikke samme språk: Når innvandrere blir pendlere*. Oslo: Koloritt Forlag.
- Johannessen, A., Tufte, P. A., & Christoffersen, L. (2016). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (5 utg.). Oslo: Abstrakt forlag.
- Jumbert, M. G. (2015). Flyktningkrisen i Middelhavet. Henta 18.01.17 frå https://snl.no/Flyktningkrisen_i_Middelhavet
- Klausen, A. M. (1970). *Kultur - variasjon og sammenheng*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.
- Kvale, S., & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3 utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Larsen, A. K. (2007). *En enklere metode - veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Larsen, E. (2012). Hvor lenge må man sitte på bussen før noen sier "hei"? Henta frå <https://www.nrk.no/rogaland/vi-snakker-enna-ikke-med-fremmede-1.8298748>
- Lauglo, J. (2010). Unge fra innvandrerfamilier og sosial kapital for utdanning *Notat* (Vol. 6). NOVA - Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Libell, H. P. (2015). Ny i norsk: postverbal nekting, 18 vokaler og subjektivtvang. (7). Henta frå <http://www.aftenposteninnstekt.no/norge/ny-i-norsk-postverbal-nekting-18-vokaler-og-subjektvtvang>
- Loga, J. (2012). Trossamfunn, innvandring, integrasjon - en kunnskapsoversikt. Oslo/Bergen.
- Lovdata. (2017). Lov om introduksjonsordning og norskoppæring for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven). Henta 16.01.17 frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-80>
- Melgård, M. (2016). Refser Sylvi Listhaug. Henta frå <http://www.dagsavisen.no/innenriks/refser-sylvi-listhaug-1.733599>
- Mikkelsen, M. (2016). UDI refser Listhaug for asylbarnbehandling. Henta frå <http://www.vg.no/nyheter/innenriks/udi/udi-refser-listhaug-for-asylbarn-behandling/a/23864723/>

- Mogen, T. (2016). Nå har "Odins soldater" etablert seg i Norge - Vi er snart representert i hver krik og krok av landet. *Dagbladet*. Henta frå <http://www.dagbladet.no/nyheter/na-harodins-soldater-etablert-seg-i-norge---vi-er-snart-representert-i-hver-krik-og-krok-av-landet/60549312>
- Norges forskningsråd. (2005). Sosial kapital. Oslo.
- NOU. (2011). Bedre integrering - mål, strategier, tiltak. *Norges offentlige utredninger*(14).
- NOU. (2017). Integrasjon og tillit - Langsiktige konsekvenser av høy innvandring (Vol. 2): Norges offentlige utredninger.
- Paulsen, V., Thorshaug, K., & Berg, B. (2014). Møter mellom innvandrere og barnevernet - kunnskapsstatus: NTNU Samfunnsforskning AS.
- Pettersen, S. V. (2009). Innvandrere i norske kommuner - Demografi, levekår og deltakelse i arbeidsstyrken. Statistisk sentralbyrå.
- Pihl, J. (2011). Nasjonale minoriteter og det flerkulturelle Norge - utsyn. I: A. B. Lund & B. B. Moen (Red.), *Nasjonale minoriteter i det flerkulturelle Norge*. trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Putnam, R. (2007). E Pluribus Unum: Diversity and Community in the Twenty-first Century - The 2006 Johan Skytte Prize Lecture. *Scandinavian Political Studies*, 30, 137 - 174.
- Reinar, M. E. (2015). *Hvordan beskrive/erfarer flyktninger sosial integrering i nærmiljøet?* Masteroppgave, Høgskolen i Østfold. Henta frå https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/id/457778/15-01225-9%20Masteravhandling%20-%20Hvordan%20beskriver-erfarer%20flyktninger%20sosial%20integrering%20i%20n%C3%A6%20276283_1_1.pdf
- Schiefloe, M. (1992). Sosiale nettverk. I: L. Fyrland (Red.), *Perspektiver på sosialt nettverk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skaalvik, E., M., & Skaalvik, S. (1996). *Selvoppfatning, motivasjon og læringsmiljø*. Otta: Tano.
- Statistisk sentralbyrå. (2016). Holdninger til innvandrere og innvandring, 2016. Henta frå <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/innvhold>
- Statistisk sentralbyrå. (2017). Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, 1. januar 2017. Henta 12.05.17 frå <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/innvbef/aar>
- Stortinget. (2010). Integrering. Henta 30.11.16 frå <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2009-2010/inns-200910-327/7/#a1.3>

- Stortingsmelding 6. (2012-2013). *En helhetlig integreringspolitikk - mangfold og fellesskap*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/ae2661f20cfe4899b303a5951334a9c1/no/pdfs/stm201220130006000dddpdfs.pdf>.
- Stortingsmelding 30. (2015-2016). *Fra mottak til arbeidsliv - en effektiv integreringspolitikk*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/6676aece374348ee805e9fc5f60b6158/no/pdfs/stm201520160030000dddpdfs.pdf>.
- Stortingsmelding 39. (2006-2007). *Frivillighet for alle*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/68b20a00c377479c98d8bac4c4e38cf6/no/pdfs/stm200620070039000dddpdfs.pdf>.
- Stortingsmelding 49. (2003-2004). *Mangfold gjennom inkludering og deltagelse*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/4cd5860b96454b55b3d79eb8a472e768/no/pdfs/stm200320040049000dddpdfs.pdf>.
- Strand, R. (2014). *Norskopplæring og integrering Åpne dører? Opplever noen minoritetsspråklige kvinner at norsk- og samfunnskunnskapsopplæringen har bidratt til deres integrering i det norske samfunnet?* Masteroppgave, Høgskolen i Hedmark. Henta frå <https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/281072/Strand.pdf?sequence=1>
- Thorshaug, K., Valenta, M., & Berg, B. (2009). *Bosetting av enslige voksne flyktninger - Utfordringer og muligheter for rask bosetting*: NTNU Samfunnsforskning AS.
- Tjelmeland, H., & Brochmann, G. (2003). *Norsk innvandringshistorie. Bind 3: I globaliseringens tid 1940-2000*. Norge: Pax Forlag.
- Tronstad, K. R. (2015a). *Innvandring og integrering i Haram* (s. 38). NIBR - Norsk institutt for by- og regionsforskning.
- Tronstad, K. R. (2015b). *Introduksjonsprogrammet for flyktninger i norske kommuner - Hva betyr organiseringen for overgangen til arbeid og utdanning?* (s. 57). NIBR - Norsk institutt for by- og regionsforskning
- Utlendingsdirektoratet. *Ord og begreper*. Henta frå <https://www.udi.no/ord-og-begreper/>
- Valenta, M. (2008). *Finding friends after resettlement - A study of social integration of immigrants and refugees, their personal networks and self-work in everyday life*. Doktoravhandling, NTNU Trondheim, Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse. Henta frå https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/268049/123228_FULLTEXT01.pdf?sequence=1&isAllowed=y
- Wikan, U. (1995). *Mot en ny norsk underklasse: Innvandrere, kultur og integrasjon*. Oslo/Gjøvik: Gyldendal Norsk Forlag.
- Wollebæk, D., & Segard, S. B. (2011). *Sosial kapital i Norge*: cappelen Damm Akademisk.

Wæhle, E. (2014). Assimilering. Henta 15.11 2016 frå <https://snl.no/assimilering>

Ødegård, G., Loga, J., Steen-Johansen, K., & Ravneberg, B. (2014). *Fellesskap og forskjellighet*. Oslo: Abstrakt forlag.

Vedlegg 1: intervjuguide

- **Kan du fortelje litt om balgrunnen din før du kom til Noreg**
 - Familie
 - Skulegang, utdanning, framtidsplanar
 - Religion
 - Oppveksten - fritid, venar, organisasjonar
- **Kva hugsar du av det første møte med Noreg?**
 - Forventningar før du kom hit
 - Noko spesielt du såg fram til/grudde deg til?
 - Fyrsteintrykket av det norske samfunnet. Som forventa/annleis?
 - språk, skikkar, tradisjonar
 - Største utfordringane med å bu i Noreg
- **Kva tenker du om å lære det norske språket?**
 - Kor lenge var du i Noreg før du begynte på språkkurs? Kor ofte gjekk du der?
 - Kva synest du om opplæringa? Lett/vanskeleg? Kva var det viktigaste du lærte?
 - Kan du ønske du lærte meir om noko under opplæringa utanom språk?
 - Viktig med språk?
- **Kva synest du om det sosiale livet i Noreg?**
 - Kva gjer du på i fritida i dag? (aktivitetar/skule/jobbb)
 - Venar? Frå eiga gruppe?
 - Gjennom arbeid, skule eller aktivitetar?
 - Forhold til andre innvandrarakar no, både frå same kulturen og andre
 - Kontakt med familien/personar i heimlandet
 - Norske vennar. Vanskelegare?
 - Kva er den største skilnaden på livet ditt før du kom til Noreg og i dag?

- **Korleis har det vore å tilpasse seg det norske samfunnet?**

- Kva tilbod/hjelp fekk du til å best bli integrert? Språkkurs, aktivitetar osv.
- Sakn, ønske om at noko var annleis
- Kva hadde størst betydning for deg? Viktigast?
- Eige initiativ. Kva gjer/kan du gjere sjølv for å tilpasse deg best det norske samfunnet?
- Media og nettbruk (eige språk eller norsk?)
- Kva meiner du at er den beste måten å bli inkludert i det norske samfunnet?
- Korleis meiner du at du best vart/blir du integrert

- **Kva tankar har du om framtida?**

- Kva er dine ønskjer for tida framover? (arbeid, familie, Norge?)
- Norsk kultur, blanding?
- Anger, tatt andre val?
- Personlege mål: språkleg, religiøst,

Vedlegg 2: informasjonsskriv

Eg studerer master i kulturmøte ved Høgskulen i Volda og skal no skrive den avsluttande masteroppgåva. Tema for denne oppgåva er integrering av unge ikkje-vestlege flyktningar i eit norsk lokalsamfunn. Eg er interessert i å finne ut kva flyktningar som kjem til Noreg tenker og meiner om det å bli integrert og tilpasse seg den norske kulturen og det norske samfunnet.

Hovudmetoden for prosjektet er kvalitativ metode, og eg vil bruke intervju for datainnsamlinga. Eg ønskjer derfor å intervjuje unge, mannlege flyktningar frå ein ikkje-vestleg kultur som er busett i [tettstad på Sunnmøre]. Fokuset for intervjuet vil vere dykkar tankar og meiningar rundt tema integrering og inkludering og erfaringane dykkar om å kome til Noreg og tilpasse seg eit nytt samfunn. Spørsmåla som blir stilt dreier seg om bakgrunnen dykkar før dykk kom til Noreg, språkopplæring, fritidsaktivitetar, utdanning, kultur og tankar om framtida.

Deltakinga er frivillig og informasjonen blir behandla konfidensielt. Det vil seie at informasjon og personopplysingar som eg får gjennom dette prosjektet vil ikkje vere tilgjengeleg for andre. Du vil vere anonym i oppgåva. Datamaterialet vil bli anonymisert når prosjektet er ferdig i mai 2017.

Samtykke til deltaking i studien “integrering av unge ikkje-vestlege innvandrarak i eit norsk lokalsamfunn”

Eg har mottatt informasjon om studien og er villig til å delta på intervju

(dato og underskrift)

Vedlegg 3: Godkjenning frå NSD



Anders Aschim
Avdeling for samfunnsfag og historie Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 VOLDA

Vår dato: 05.12.2016

Vår ref: 50943 / 3 / MHM

Deres dato:

Deres ref:

TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 03.11.2016. Meldingen gjelder prosjektet:

<i>50943</i>	<i>Integrering av unge ikkje-vestlege innvandrere i eit norsk lokalsamfunn</i>
<i>Behandlingsansvarlig</i>	<i>Høgskulen i Volda, ved institusjonens øverste leder</i>
<i>Daglig ansvarlig</i>	<i>Anders Aschim</i>
<i>Student</i>	<i>Stine Kiperberg</i>

Personvernombudet har vurdert prosjektet, og finner at behandlingen av personopplysninger vil være regulert av § 7-27 i personopplysningsforskriften. Personvernombudet tilrår at prosjektet gjennomføres.

Personvernombudets tilråding forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://pvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 31.05.2017, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Kjersti Haugstvedt

Marianne Høgetveit Myhren

Kontaktperson: Marianne Høgetveit Myhren tlf: 55 58 25 29

Vedlegg: Prosjektvurdering

Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.